

Forvaltningsrevisjon | Lindås kommune
Barneverntenesta



Samandrag

På oppdrag frå kontrollutvalet i Lindås kommune har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon av barneverntenesta i Lindås kommune. Revisjonskriteria som er lagt til grunn for revisjonen sine vurderingar går fram av kapittel tre, medan faktagrunnlaget blir presentert i kapittel fire. For ein meir utfyllande versjon av revisjonen sine vurderingar blir det vist til kapittel fem i rapporten. Høyringsuttale frå rådmannen i Lindås kommune går fram av vedlegg 1, og revisjonen har svart på høyringsuttalen i vedlegg 2. Undersøkinga er gjennomført i perioden juli 2013 til november 2013.

Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen

I denne forvaltningsrevisjonen har revisjonen undersøkt og vurdert korleis barneverntenesta hentar inn erfaringar frå brukarane, og korleis tenesta er organisert for å samhandle med andre etatar, forvaltningsnivå og kommunar. Vi har også undersøkt om barneverntenesta etterlever sentrale rettsreglar for sakshandsaming av meldingar, undersøkingar, hjelpetiltak og oppfølging og tilsyn med fosterheimar. Revisjonen har gjennomgått dokumentasjon frå kommunen, og gjennomført intervju med til saman 14 personar. Dette inkluderer representantar frå barneverntenesta, rådmannen, Bufetat og andre samarbeidande instansar.

Gjennomgang av revisjonen sine vurderingar

Problemstilling 1: *I kva grad nyttar barneverntenesta tilbakemeldingar frå brukarar i sitt systematiske utviklings- og forbetningsarbeid?*

Revisjonen si vurdering:

Undersøkinga viser at barneverntenesta i Lindås kommune i liten grad hentar inn tilbakemeldingar frå brukarar på ein systematisk måte. Etter revisjonen si vurdering bør barneverntenesta i større grad systematisere og registrere tilbakemeldingar frå brukarar, og nytte denne informasjonen til forbetring av barneverntenesta, i samsvar med forskrift om internkontroll i barneverntenesta § 4e.

Problemstilling 2: *Har barneverntenesta i Lindås kommune tilfredsstillande samhandling med andre offentlege etatar og tenesteytarar?*

Revisjonen si vurdering:

Revisjonen meiner det er positivt at kommunen har oppretta møteplassar og samarbeidsforum som arbeider for å samordne tenestene til barn og unge, der barneverntenesta deltar. Revisjonen meiner det er viktig at samarbeidsfora hentar inn innspel frå skular, barnehagar mv. som yter tenester til barn og unge.

Revisjonen meiner det er positivt at barneverntenesta tilbyr meldekurs for samarbeidande instansar. Revisjonen meiner også at barneverntenesta bør vurdere å ta initiativ til meldekurs for samarbeidande instansar som ikkje har hatt kurs på ei stund, alternativt formidle informasjon om barnevernet i andre fora, som til dømes rektormøte eller fagdagar.

Undersøkinga viser at barneverntenesta ikkje alltid gir tilbakemelding til meldar om at meldinga er mottatt. Meldarar får heller ikkje alltid tilbakemelding om at det er sett i verk ei undersøking, eller at undersøking er ferdigstilt. Det går også fram at samarbeidande instansar opplever at dei ikkje

får tilstrekkeleg informasjon om innhaldet i dei tiltak barneverntenesta har sett i verk. Revisjonen meiner barneverntenesta må ha ein konsekvent praksis på sende tilbakemeldingar til meldar, jf. bvl. § 6-7 1.-3. ledd. Revisjonen meiner også at barneverntenesta bør følgje eigne rutinar for å vurdere om meldarar bør få tilbakemelding om innhaldet i tiltaka som skal setjast i verk, jf. barnevernlova § 6-7a 4. ledd.

Undersøkinga viser at det har vore ein del utfordringar i samarbeidet mellom Lindås kommune og Bufetat. Revisjonen meiner det er viktig at kommunen og Bufetat har ein konstruktiv dialog om kva tiltak som er til barnet sitt beste.

Problemstilling 3: I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for meldingar, undersøkingar og hjelpetiltak?

Revisjonen si vurdering:

Undersøkinga viser at barneverntenesta i Lindås har etablert eit godt system som sikrar at meldingar blir gjennomgått innan den lovpålagte fristen på ei veke.

Undersøkinga viser at barneverntenesta i enkelte saker har utfordringar knytt til å overhalde fristen på tre månader for å gjennomføre undersøkingar. Revisjonen vil understreke at barneverntenesta i Lindås må sikre at alle undersøkingar blir slutført innan dei lovpålagte fristane.

Barneverntenesta følgjer ikkje alltid sin eigen rutine om å skrive undersøkingsrapport etter slutførte undersøkingar. Når undersøkingsrapport ikkje blir utarbeidd, mister barneverntenesta den kvalitetssikringsfunksjonen som ligg i at fagleiar les rapportane. Revisjonen meiner også at ei skriftleggjing av konklusjonen frå undersøkinga som blir kommunisert til partane i saka, vil medverke til å sikre at partane har motteke informasjon om sine rettar.

Etter revisjonen si vurdering har barneverntenesta i Lindås kommune eitt breitt og godt tilbod om hjelpetiltak til barn og familiar som har behov for dette jf. barnevernlova § 4-4, 2. ledd.

Undersøkinga viser at barneverntenesta ikkje alltid hentar inn skriftleg samtykke til iversetting av hjelpetiltak. Skriftleg samtykke er ikkje eit lovkrav, men det er anbefalt i departementet si rutinehandbok Revisjonen vil difor anbefale at barneverntenesta alltid innhentar skriftleg samtykke til hjelpetiltak.

Tal som barneverntenesta har rapportert til KOSTRA viser at mange av barna som mottar hjelpe- og omsorgstiltak frå barneverntenesta i Lindås, manglar tiltaksplan eller omsorgsplan. Barneverntenesta opplyser at tala i KOSTRA knytt til tiltaks- og omsorgsplanar ikkje er korrekte. Revisjonen meiner barneverntenesta må sikre korrekt rapportering i KOSTRA.

Revisjonen sin stikkprøvegjenomgang viser at barneverntenesta ikkje har ein konsekvent praksis når det gjeld gjennomføring av og dokumentasjon knytt til evaluering av tiltaksplanar. Revisjonen meiner evaluering av hjelpetiltak bør dokumenterast skriftleg, og vil presisere at barnevernlova føreset at det er tiltaksplanen samla sett som skal evaluerast, og evaluering av enkelttiltak er difor ikkje tilstrekkeleg. (jf. bvl. § 4-5)

Problemstilling 4: I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for oppfølging av og tilsyn med fosterheimar?

Revisjonen si vurdering:

Undersøkinga viser at godkjenning av fosterheim ikkje var dokumentert i ei av dei sakene revisjonen gjekk gjennom. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje er i samsvar med departementet si rutinehandbok for kommunane sitt arbeid med fosterheimar. I ei av sakene revisjonen undersøkte, låg det ikkje føre gyldig fosterheimsavtale. Vidare viser svar i spørjeundersøkinga at barneverntenesta ikkje gjennomgår alle fosterheimsavtalane årleg.

Manglande fosterheimsavtale, og manglande årleg gjennomgang av slike avtalar, er ikkje i samsvar med forskrift om fosterheim § 6.

Sjølv om dei fleste fosterforeldra er godt nøgde med den rettleiinga dei får frå barneverntenesta, viser undersøkinga at enkelte fosterforeldre meiner at rettleiinga dei får ikkje er tilstrekkeleg. Undersøkinga viser også at enkelte fosterforeldre meiner dei ikkje har fått tilbod om rettleiing. Revisjonen meiner barneverntenesta bør opprette eit system for å evaluere rettleiingstilbodet til fosterforeldre, og at tenesta sikrar at det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om rettleiingstilboda.

Undersøkinga viser at barneverntenesta ikkje alltid gjennomfører dei pålagte fosterheimsbesøka, og at besøka ikkje alltid blir gjennomført i fosterheimen. Undersøkinga viser at barneverntenesta har redusert talet på årlege fosterheimsbesøk utan at det har blitt fatta enkeltvedtak om dette. Revisjonen meiner barneverntenesta må sjå til at krava i forskrift om fosterheim § 7, blir oppfylte. Vedtaksfesting av avgjerd om reduksjon i talet på besøk er også viktig for å sikre at fosterforeldra er informert om kva rettar dei har, og har høve til å klage.

Revisjonen meiner det er uheldig at seks av femten fosterforeldre ikkje veit om deira fosterbarn har omsorgsplan. Revisjonen meiner barneverntenesta må sikre at fosterforeldra kjenner til at fosterbarnet har ein omsorgsplan, og kva som er innhaldet i denne. Barneverntenesta må også sikre at det alltid blir henta inn synspunkt frå fosterforeldre i arbeid med utarbeiding/ending av omsorgsplan.

Undersøkinga viser at eitt barn som barneverntenesta har tilsynsansvar for, ikkje har fått tilsyn det siste året, og ikkje har tilsynsførar. Revisjonen vil presisere at det ikkje er heimel i lovverket for å gjere unntak frå tilsynsplikta.

Barneverntenesta sin rapportering til fylkesmannen viser at barn som tenesta har tilsynsansvar for, ikkje hadde fått eitt tilstrekkeleg tal tilsynsbesøk i over 26 % av sakene. Revisjonen meiner barneverntenesta må sikre tilstrekkeleg tal tilsynsbesøk i samsvar med fosterheimsforskrifta § 9, og at tenesta må ha fortløpande oversyn over gjennomførte tilsyn og innleverte tilsynsrapportar.

Revisjonen meiner barneverntenesta har eit godt system for å følgje opp tilsynsførarane.

Revisjonen meiner at undersøkinga til fosterforeldre samla sett gir eit relativt positivt bilete av korleis fosterforeldra opplever at dei blir følgt opp av barneverntenesta i Lindås kommune. Sjølv om det er få fosterforeldre som er misnøgde med oppfølginga, meiner revisjonen det er viktig at barneverntenesta sikrar at alle fosterforeldre får eit godt og tilrettelagt tilbod frå barneverntenesta.

Revisjonen tilrår at Lindås kommune:

- 1) Utviklar eit system for å hente inn erfaringar frå barn og foreldre i samsvar med forskrift om internkontroll for barneverntenesta, § 4e.
- 2) Gir jamleg informasjon til skular, barnehagar og andre relevante samarbeidspartar om til dømes barneverntenesta si rolle, samarbeid med barneverntenesta og om å melde til barnevernet.
- 3) Sikrar at barneverntenesta etterlever eigne rutinar om å gje tilbakemelding til offentlege og private meldarar etter motteke melding, og til offentlege meldarar etter gjennomført undersøking, i samsvar med bvl § 6-7a.
- 4) Sikrar at barneverntenesta etterlever eigne rutinar knytt til å formidle naudsynt informasjon om iverksette tiltak til meldarar, jf. bvl § 6-7 a, 4. ledd.
- 5) Vurderer om barneverntenesta sin rutine for å vurderer om andre samarbeidspartar enn meldar bør få informasjon om iverksette tiltak, er tilstrekkeleg.
- 6) Sikrar at barneverntenesta sine undersøkingar blir gjennomført innan lovpålagt tidsfrist, jf. barnevernlova 6-9, 1. ledd.
- 7) Følgjer eigne rutinar om å skriftleggjere barneverntenesta sin konklusjon frå slutførte undersøkingar, og formidlar denne informasjonen til partane i saka.
- 8) Sikrar at alle barn som mottar hjelpetiltak, har tiltaksplan, jf. bvl § 4-5.
- 9) Sikrar at rapportering til fylkesmannen og KOSTRA om tiltaksplanar og omsorgsplanar er korrekt.
- 10) Vurderer å utarbeide ei rutine for å hente inn skriftleg samtykke frå partane i saka i samband med tildeling av hjelpetiltak, jf. tilråding i departementet sin rutinehandbok.
- 11) Sikrar at det alltid blir gjennomført evaluering av tiltaksplanar i samsvar med barnevernlova § 4-5.
- 12) Vurderer å innføre ein felles dokumentasjonspraksis for utforming og evaluering av tiltaksplanar.
- 13) Sikrar at godkjenning av fosterheimar blir dokumentert.
- 14) Sikrar at det blir inngått fosterhjemsavtale med alle fosterheimar, og at fosterhjemsavtalen blir gjennomgått årlig, i samsvar med forskrift om fosterhjem § 6.
- 15) Vurderer å innføre eit system for evaluering av rettleiingstilbodet til fosterforeldre.
- 16) Gjennomfører besøk i fosterheimane i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.
- 17) Sikrar at det blir fatta enkeltvedtak i samband med eventuell reduksjon i talet på fosterheimsbesøk, i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.
- 18) Sikrar at fosterforeldre har informasjon om at barnet har omsorgsplan og om innhaldet i denne, og at det blir henta inn synspunkt frå fosterforeldre i samband med utarbeiding/ending av omsorgsplan.
- 19) Sikrar at fosterbarn barneverntenesta har tilsynsansvar for, får tilsyn i samsvar med forskrift om fosterheim § 8.
- 20) Sikrar at alle fosterforeldre får naudsynt informasjon om opplæringstilbod.

Innhald

| | |
|--|-----------|
| Samandrag | 2 |
| 1. Innleiing | 8 |
| 1.1 Føremål og problemstillingar | 8 |
| 2. Metode | 9 |
| 2.1 Dokumentanalyse og statistikk | 9 |
| 2.2 Intervju | 9 |
| 2.3 Stikkprøver | 9 |
| 2.4 Brukarundersøking til fosterforeldre | 9 |
| 2.5 Verifiseringsprosessar | 10 |
| 3. Revisjonskriterium | 11 |
| 3.1 Internkontroll og krav til innhenting av brukarerfaringar | 11 |
| 3.2 Samarbeid | 11 |
| 3.3 Teieplikt for tilsette i barnevernet | 12 |
| 3.4 Meldingar, undersøkingar og hjelpetiltak | 12 |
| 3.5 Tilbakemelding til meldar | 13 |
| 3.6 Hjelpetiltak | 14 |
| 3.7 Frivillig plassering | 14 |
| 3.8 Godkjenning og oppfølging av fosterheimar | 15 |
| 3.8.1 Val av fosterheim | 15 |
| 3.8.2 Godkjenning av fosterheim | 15 |
| 3.8.3 Fosterheimsavtale | 15 |
| 3.8.4 Omsorgsplan | 15 |
| 3.8.5 Oppfølging av fosterheimen | 16 |
| 3.8.6 Tilsyn i fosterheimar | 16 |
| 3.9 Krav til enkeltvedtak etter forvaltningslova | 16 |
| 4. Data | 17 |
| 4.1 Organisering av barneverntenesta | 17 |
| 4.2 Kapasitet og kompetanse | 18 |
| 4.3 Samarbeid internt i kommunen | 19 |
| 4.3.1 Organisering som utgangspunkt for samarbeid | 19 |
| 4.3.2 Møteplassar og samarbeidsforum | 20 |
| 4.3.3 Samarbeid på systemnivå mellom barneverntenesta og andre einingar | 20 |
| 4.3.4 Samarbeid på systemnivå mellom barneverntenesta og skular, barnehagar og PPT | 21 |
| 4.3.5 Samarbeid i enkeltsaker med barnehagar, skular og PPT | 22 |
| 4.3.6 Meldarstatistikk og tilbakemelding til meldar | 23 |
| 4.3.7 Informasjonsutveksling og teieplikt | 24 |
| 4.4 Samarbeid med Bufetat | 25 |
| 4.4.1 Rammene for samarbeidet | 25 |
| 4.4.2 Korleis samarbeidet fungerer | 26 |
| 4.4.3 Samarbeid kring hjelpetiltak | 27 |
| 4.4.4 Samarbeid kring rekruttering av fosterheimar og institusjonsplassering | 27 |
| 4.5 Samarbeid med andre kommunar | 27 |
| 4.6 Meldingar | 28 |
| 4.6.1 Rutinar for mottak av meldingar | 28 |
| 4.6.2 Etterleving av frist for gjennomgang av meldingar | 29 |

| | | |
|-----------|--|-----------|
| 4.7 | Undersøkingar | 29 |
| 4.7.1 | Gjennomføring av undersøkingar | 29 |
| 4.7.2 | Etterleving av frist for undersøkingar | 31 |
| 4.8 | Hjelpetiltak | 32 |
| 4.8.1 | Kommunen sine tilbod av hjelpetiltak | 32 |
| 4.8.2 | Tiltaksplanar og evaluering..... | 32 |
| 4.8.3 | Vedtak om hjelpetiltak..... | 34 |
| 4.9 | Barneverntenesta si oppfølging av fosterheimar | 35 |
| 4.9.1 | Plassering i fosterheim som frivillig hjelpetiltak | 35 |
| 4.9.2 | Rekruttering og godkjenning av fosterheimar | 36 |
| 4.9.3 | Fosterheimsavtaler | 36 |
| 4.9.4 | Opplæring | 37 |
| 4.9.5 | Rettleiing | 37 |
| 4.9.6 | Besøk i fosterheimen | 38 |
| 4.9.7 | Forsterking og annan oppfølging frå barneverntenesta | 39 |
| 4.9.8 | Omsorgsplan..... | 40 |
| 4.10 | Tilsyn i fosterheimar..... | 41 |
| 4.11 | Brukarmedverknad | 43 |
| 5. | Vurderingar | 44 |
| 5.1 | I kva grad nyttar barneverntenesta tilbakemeldingar frå brukarar i sitt systematiske utviklings- og forbetningsarbeid? | 44 |
| 5.2 | Har barneverntenesta i Lindås kommune tilfredsstillande samhandling med andre offentlege etatar og tenesteytarar? | 44 |
| 5.2.1 | Organisering som utgangspunkt for samhandling..... | 44 |
| 5.2.2 | Samarbeid internt i kommunen..... | 45 |
| 5.2.3 | Samarbeid med Bufetat | 45 |
| 5.2.4 | Samarbeid med andre kommunar | 46 |
| 5.3 | I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for meldingar, undersøkingar og hjelpetiltak? | 46 |
| 5.3.1 | Etterleving av tidsfrist for meldingar | 46 |
| 5.3.2 | Etterleving tidsfrist for undersøkingar | 46 |
| 5.3.3 | Hjelpetiltak | 47 |
| 5.3.4 | Tiltaksplanar og evaluering av tiltak | 47 |
| 5.4 | I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for oppfølging av og tilsyn med fosterheimar? | 48 |
| 5.4.1 | Plassering i fosterheim som frivillig hjelpetiltak | 48 |
| 5.4.2 | Rekruttering og godkjenning av fosterheimar | 48 |
| 5.4.3 | Fosterheimsavtaler | 49 |
| 5.4.4 | Barneverntenesta si oppfølging av fosterheimane | 49 |
| 5.4.5 | Tilsyn i fosterheimar..... | 50 |
| 5.4.6 | Synspunkt frå fosterforeldre som brukargruppe..... | 51 |
| 6. | Tilrådingar | 52 |
| | Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmann..... | 54 |
| | Vedlegg 2: Revisjonen sitt svar på rådmannen sin høyringsuttale..... | 59 |
| | Vedlegg 3: Oversikt over sentrale dokument og litteratur | 65 |

1. Innleiing

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i Lindås kommune. Prosjektet vart bestilt av kontrollutvalet i Lindås kommune 12.mars 2013 i saknummer 15/13, og er gjennomført i tidsrommet juli til november 2013.

1.1 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore todelt. Vi har undersøkt korleis tenesta hentar inn erfaringar frå brukarane, og korleis tenesta er organisert for å samhandle med andre etatar, forvaltningsnivå og kommunar. Vi har også undersøkt om barnevernet etterlever sentrale rettsreglar for sakshandsaming av meldingar, undersøkingar, hjelpetiltak og oppfølging og tilsyn med fosterheimar. Med bakgrunn i føremålet har vi sett på følgjande problemstillingar:

1. I kva grad nyttar barneverntenesta tilbakemeldingar frå brukarar i sitt systematiske utviklings- og forbetningsarbeid?

2. Har barneverntenesta i Lindås kommune tilfredsstillande samhandling med andre offentlege etatar og tenesteytarar?

- a. I kva grad legg organiseringa av barneverntenesta til rette for god samhandling med andre einingar i kommunen?
- b. Fungerer samarbeidet mellom barneverntenesta og andre einingar i kommunen tilfredsstillande?
- c. Fungerer samarbeidet mellom barneverntenesta og Bufetat tilfredsstillande?
- d. På kva område samhandlar barneverntenesta i Lindås kommune med andre kommunar, og fungerer denne samhandlinga tilfredsstillande?

3. I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for meldingar, undersøkingar og hjelpetiltak?

- a. Etterlever barneverntenesta fristen på ei veke for gjennomgang av meldingar?
- b. Etterlever barneverntenesta fristen på 3-månader for gjennomføring av undersøkingar?
- c. Har tenesta eit tilstrekkeleg tilbod når det gjeld hjelpetiltak for barn som har særleg behov for dette?
- d. I kva grad blir det utarbeidd lovpålagte tiltaksplanar for barn som mottar hjelpetiltak?
- e. Blir hjelpetiltak evaluert slik det er føresett i lov og planar?

4. I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for oppfølging av og tilsyn med fosterheimar?

- a. Sikrar barneverntenesta skriftlege avtalar med alle fosterheimar for barn som barneverntenesta har omsorgsansvaret for?
- b. Er alle fosterheimane som blir nytta av Lindås kommune, godkjente?
- c. Følgjer barneverntenesta opp fosterheimane gjennom råd, rettleiing og besøk, i samsvar med § 7 i forskrift om fosterheimar?
- d. Har alle barn som barneverntenesta i Lindås kommune har tilsyns- og omsorgsansvar for tilsynsførar?
- e. Sikrar barneverntenesta at tilsynsførarane gjennomfører besøk i fosterheimen i samsvar med § 9 i forskrift om fosterheimar?
- f. I kva grad opplever fosterforeldre som brukargruppe at barneverntenesta i Lindås utfører oppfølging av og tilsyn med fosterheimar på ein god måte?

2. Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

2.1 Dokumentanalyse og statistikk

Revisjonen har henta inn og gjennomgått fleire typar dokument frå barneverntenesta, mellom anna delegasjonsreglement, rutinehandbok, rutineskildringar, malar, resultat frå evalueringar, og kommunen si eigen omtale av tenestetilboda til barneverntenesta. Dokument er nytta som bakgrunnsdata og faktagrunnlag i rapporten.

Revisjonen har nytta statistikk frå KOSTRA for å belyse problemstillingane og gjere samanlikningar. Vi har også henta inn anna typar statistikk frå kommunen, inkludert rapportering til fylkesmannen på barnevernsområdet.

2.2 Intervju

Revisjonen har til saman gjennomført 13 intervju med 14 personar. Vi intervjuar fem personar frå barneverntenesta, rådmannen, og to representantar frå Bufetat. I tillegg har revisjonen hatt telefonintervju med samhandlande etatar i kommunen, og utvalet besto av to rektorar (ein barneskule og ein ungdomsskule), to barnehagestyrarar, einingsleiar for læringscenteret og PPT-leiar.

2.3 Stikkprøver

For å undersøke barneverntenesta si etterleving av regelverket har revisjonen gjennomgått til saman 16 saksmapper frå barneverntenesta sitt arkiv, både den elektroniske versjonen og tilhøyrande papirmappe. Vi har gått gjennom ni stikkprøver som gjeld barn med hjelpetiltak, der fokus har vore etterleving av fristar og planar. Vidare har vi gått gjennom sju stikkprøvar som gjeld barn i fosterheimar, der fokus har vore etterleving av krav til godkjenning av fosterheim, fosterheimsavtale, besøk frå barneverntenesta, oppnemning av tilsynsførar og tilsynsbesøk.

Saksmappene er blitt valt tilfeldig ut frå lister over saker, men revisjonen har sikra ein viss variasjon mellom sakstypar. Innsamla informasjon frå saksmappene er anonymisert.

2.4 Brukarundersøking til fosterforeldre

For å undersøke korleis fosterforeldre for barn som barneverntenesta i Lindås kommune har omsorgsansvar for opplever oppfølginga frå barneverntenesta, har revisjonen gjennomført ei brukarundersøking retta mot desse fosterforeldra. Spørjeundersøkinga var sendt ut elektronisk til 21 personar, av desse var det 15 som svarte, noko som gir ein svarprosent på 71,4.

2.5 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuar for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten er sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil er retta i den endelege versjonen. Høyringsutkast til rapport er deretter sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin uttale vil bli vedlagt den endelege rapporten.

3. Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderast opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå lovar, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer.

3.1 Internkontroll og krav til innhenting av brukarerfaringar

Det går fram av barnevernlova § 2-1, andre ledd, at kommunen skal etablere tilfredsstillande internkontroll for å sikre at kommunen utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsett i lov eller i medhald av lov. Det går vidare fram at kommunen må kunne gjere reie for korleis den oppfyller kravet til internkontroll.

I forskrift om internkontroll i barneverntenesta¹ § 3 er internkontroll definert som «*systematiske tiltak som skal sikre at barneverntjenestens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av lov om barneverntjenester*».

Av § 4 i forskrifta går det fram at innhaldet i internkontrollen skal tilpassast barneverntenesta si storleik, eigenart, aktiviteter og risikoforhold, og ha det omfang som er naudsynt for å etterleve krav fastsett i eller i medhald av lov om barneverntenester. Samstundes er det presisert enkelte område som skal inngå internkontrollen. Av punkt 4a går det fram at internkontrollen blant annet skal: «*Beskrive hvordan barneverntjenesten er organisert, samt barneverntjenestens hovedoppgaver og mål, herunder mål for forbedringsarbeidet. Det skal klart fremgå hvordan ansvar, oppgaver og myndighet er fordelt.*»

I forskrift om internkontroll i barneverntenesta går det i § 4e) fram at kommunen som ein del av sitt internkontrollsystem for barneverntenesta skal «*gjøre bruk av erfaringer fra barn og foreldre til forbedring av barneverntjenesten*». I rettleiar frå departementet² blir det vist til at kommunen også bør hente inn erfaringar frå andre samarbeidspartnarar som til dømes PPT, helsestasjon, skule og barnehage.³ Vidare går det fram at brukarundersøkingar må oppsummerast og oppbevarast som dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført.

I rettleiar blir det vist til at innhenting av brukarerfaringar kan gjerast via brukarundersøkingar eller ved å registrere og systematisere informasjon frå barn, foreldre, samarbeidspartnarar (ris eller ros tenesta har fått munnleg, i brev, i formelle klager, i rapporter m.v.).

3.2 Samarbeid

I følgje barnevernlova § 3-2, har barneverntenesta plikt til å samarbeide med andre sektorar og forvaltningsnivå, og å medverke til at barn sine interesser blir ivareteke også av andre organ enn barneverntenesta sjølve.

Barnevernlova § 6-4 andre ledd gir barneverntenesta lovheimel for å *påleggje* offentlege myndigheiter å utlevere opplysingar som elles er underlagt forvaltningsmessig teieplikt i saker om alvorleg omsorgssvikt, og saker om barn med alvorlege åtferdsvanskar.

¹ Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barneverntjenester. FOR-2005-12-14-1584

² 2006-07-01. Q-1105. Internkontroll i barneverntjenesten i kommunene – en veileder.

³ Dette kan gjøres gjennom spørreskjema, møter, rapportering, intervjuer, erfaringskonferanser osv.

Paragrafen påbyr også offentlege myndigheiter å gi elles teiepliktige opplysningar til barneverntenesta av *eige tiltak* i slike saker. Dette blir omtalt som meldeplikten.

Kapittel 2 i barnevernlova presiserer kva ansvar og oppgåver som er lagt til ulike forvaltningsnivå på barnevernområdet. Av § 2-3 går det fram at «*statlig regional barnevernmyndighet*» (Bufetat) har ansvar for mellom anna:

- «a) etter anmodning fra kommunen bistå barneverntjenesten i kommunene med plassering av barn utenfor hjemmet,
- b) ha ansvar for rekruttering og formidling av fosterhjem,
- c) ha ansvar for at fosterhjemmene får nødvendig opplæring og generell veiledning.»

Kommunen er ansvarleg for å utføre dei oppgåver etter loven som ikkje er lagt til eit statleg organ, jf. barnevernlova § 2-1.

3.3 Teieplikt for tilsette i barnevernet

Dei barneverntilsette er underlagt generell teieplikt, jf. forvaltningslova § 13 og barnevernlova § 6-7 første ledd. Det går fram av rundskriv Q-24/2005⁴ at barnevernet sin teieplikt etter barnevernlova § 6-7 tredje ledd er strengare enn den generelle teieplikta etter forvaltningslova.⁵

Det går også fram av Rundskriv Q-24/2005 at teieplikta kan opphevast med samtykke, men at barneverntenesta i mange døme likevel vil ha heimel til å formidle teiepliktige opplysningar om private personer uten deira samtykke.⁶

Det går samstundes fram av Rundskriv Q-24/2005 at partane sitt samtykke kan ha en eigenverdi også utover dei tilfelle der samtykke er naudsynt. Barneverntenesta bør så langt som mogleg søke å oppnå samarbeid og dialog med partane om kva som er nødvendige ledd i saksbehandlinga, under dette behovet for å trekke inn, og vidareformidle opplysningar til, andre instansar og tenester. Sjølv om omsynet til foreldra (eller andre med foreldreansvar) kan tilseie at opplysningane ikkje bør vidareformidlast, skal det leggast avgjerande vekt på kva som er naudsynt av omsyn til barnet.⁷

3.4 Meldingar, undersøkingar og hjelpetiltak

Når barneverntenesta mottar ei melding, skal den *”snarast, og seinast innan ei veke”* gjennomgå meldinga, og vurdere om meldinga skal følgjast opp med undersøkingar etter § 4-3. Frist for gjennomføring av undersøkingar må sjåast i samheng med frist for gjennomgang av meldingar; dersom meldinga ikkje blir henlagt, reknast utgangspunktet for fristen for gjennomføring av undersøkingar etter § 4-3 frå det tidspunktet meldinga er gjennomgått.

Når det gjeld sakshandsamingsfrist for undersøkingar, heiter det i barnevernlova § 6-9, 1. ledd at: *”En undersøkelse etter § 4-3 skal gjennomføres snarest og senest innen tre måneder. I særlige tilfeller kan fristen være seks måneder.”* Særlige tilfeller kan eksempelvis liggje føre viss barneverntenesta må gjere bruk av eksterne sakkunnige i omfattande og tidkrevjande undersøkingar. Det går fram av barnevernlova § 6-9, 2. ledd at ei undersøking anses som gjennomført når barneverntenesta har treffe vedtak om tiltak eller saka er besluttet henlagt.

⁴ Rundskriv Q-24/2005: *Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten.*

⁵ Rundskriv Q-24/2005, s. 7.

⁶ Rundskriv Q-24/2005, s. 16.

⁷ Rundskriv Q-24/2005, s. 16.

Barnevernlova § 6-4, første ledd, viser til at barnevernet skal, så langt som mogleg, hente inn opplysingar i samarbeid med den saken gjeld eller slik at vedkomande har kjennskap til innhentinga.

I § 4-4, 2. ledd, står det mellom anna følgjande om barneverntenesta si plikt til å setje i verk hjelpetiltak: *”Barneverntjenesten skal, når barnet på grunn av forholdene i hjemmet eller av andre grunner har særlig behov for det, sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien...”* Hjelpetiltak kan vere av ulik art, til dømes støttekontakt, barnehageplass, avlastningstiltak i heimen, økonomisk stønad mv.

Ved gjennomføring av hjelpetiltak, skal tiltaka følgjast opp som fastsett i § 4-5 i lov om barneverntenester: *”Når hjelpetiltak vedtas, skal barneverntjenesten utarbeide en tidsavgrenset tiltaksplan. Barneverntjenesten skal holde seg orientert om hvordan det går med barnet og foreldrene, og vurdere om hjelpen er tjenlig, eventuelt om det er nødvendig med nye tiltak.”* Ein tiltaksplan skal tydeleggjere kva tiltak som er sett i verk, målet med tiltaka og plan for oppfølging av tiltaka. Planen er ein viktig reiskap i oppfølgingsarbeidet knytt til hjelpetiltak. Sidan planen er tidsavgrensa, bør den og opplyse om når tiltaka skal evaluerast. Hjelpetiltaka skal evaluerast med utgangspunkt i kva som var målsettinga med tiltaka².

I departementet sin rettleiar til barneverntenestene i kommunane står det følgjande om skriftleg samtykke i samband med hjelpetiltak:

«Det skal innhentes **skriftlig** samtykke fra alle som er part i saken.»⁸

3.5 Tilbakemelding til melder

Det går fram av barnevernlova § 6-7a at melder skal få tilbakemelding frå barneverntenesta om at melding er mottatt. Offentlege meldarar har også rett på informasjon om det er opna undersøkingssak etter § 4-3.

«§ 6-7a. *Tilbakemelding til melder*

Barneverntjenesten skal gi den som har sendt melding til barneverntjenesten, jf. § 4-2, tilbakemelding. Tilbakemeldingen skal sendes innen tre uker etter at meldingen ble mottatt. Tilbakemelding kan unnlates i tilfeller der meldingen er åpenbart grunnløs, eller der andre særlige hensyn taler mot å gi tilbakemelding.

Tilbakemeldingen skal bekrefte at meldingen er mottatt. Dersom meldingen kommer fra melder som omfattes av § 6-4 annet og tredje ledd, skal tilbakemeldingen også opplyse om hvorvidt det er åpnet undersøkelsessak etter § 4-3.»

Det går vidare fram at offentlege meldarar har rett på ny tilbakemelding når undersøkinga er gjennomført. Barneverntenesta skal gje tilbakemelding om tiltaka dersom ein offentlig melder har behov for dette av omsyn til vidare oppfølging av barnet. Dette går fram av barnevernlova § 6-7a, tredje og fjerde ledd:

«Dersom det er åpnet undersøkelsessak, skal barneverntjenesten gi melder som omfattes av § 6-4 annet og tredje ledd, ny tilbakemelding om at undersøkelsen er gjennomført. Den nye tilbakemeldingen skal sendes innen tre uker etter at undersøkelsen er gjennomført og skal inneholde opplysninger om hvorvidt saken er henlagt, eller om barneverntjenesten følger opp saken vidare.

⁸ Barne- og likestillingsdepartementet: *Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene*, 2006.

Når barneverntjenesten skal iverksette eller har iverksatt tiltak som det er nødvendig at melder som omfattes av § 6-4 annet og tredje ledd får kjennskap til av hensyn til sin videre oppfølging av barnet, kan barneverntjenesten gi meldereren tilbakemelding om tiltakene.»

3.6 Hjelpetiltak

I § 4-4, 2. ledd, står det mellom anna følgjande om barneverntenesta si plikt til å setje i verk hjelpetiltak: *”Barneverntjenesten skal, når barnet på grunn av forholdene i hjemmet eller av andre grunner har særlig behov for det, sørge for å sette i verk hjelpetiltak for barnet og familien...”* Hjelpetiltak kan vere av ulik art, til dømes støttekontakt, barnehageplass, avlastningstiltak i heimen, økonomisk stønad mv.

Ved gjennomføring av hjelpetiltak, skal tiltaka følgjast opp som fastsett i § 4-5 i lov om barneverntenester: *”Når hjelpetiltak vedtas, skal barneverntjenesten utarbeide en tidsavgrenset tiltaksplan. Barneverntjenesten skal følge nøye med på hvordan det går med barnet og foreldrene og vurdere om hjelpen er tjenlig, eventuelt om det er nødvendig med nye tiltak, eller om det er grunnlag for omsorgsovertakelse. Tiltaksplanen skal evalueres regelmessig.”* Av departementet sin rettleiar for tiltaks- og omsorgsplanar går det fram at ein tiltaksplan skal tydeleggjere kva tiltak som er sett i verk, målet med tiltaka og plan for oppfølging av tiltaka. Planen er ein viktig reiskap i oppfølgingsarbeidet knytt til hjelpetiltak. Sidan planen er tidsavgrensa, bør den og opplysa om når tiltaka skal evaluerast. Hjelpetiltaka skal evaluerast med utgangspunkt i kva som var målsettinga med tiltaka.⁹

I departementet sin rutinehandbok for barneverntenesta i kommunane går det fram at i samband med iverksetting av hjelpetiltak, skal innhentast skriftleg samtykke frå alle som er part i saka.¹⁰

3.7 Frivillig plassering

Følgjande går fram om frivillig plassering av barn i samarbeid med foreldre i barnevernloven § 4-4, femte ledd:

«Når vilkårene i annet ledd er til stede, og dersom behovene ikke kan løses ved andre hjelpetiltak, kan barneverntjenesten også formidle plass i fosterhjem, institusjon eller omsorgssenter for mindreårige. Hvis det må forutsettes at foreldrene i lengre tid ikke vil kunne gi barnet forsvarlig omsorg, bør det likevel vurderes om det med en gang skal vedtas at barneverntjenesten skal overta omsorgen for barnet etter § 4-12 første ledd, framfor frivillig plassering etter denne paragraf. «

Det går fram av barnevernloven § 4-8, første ledd, at dersom eit barn er plassert utanfor heimen av foreldra eller med deira samtykke etter § 4-4, kan fylkesnemnda vedta at barnet for ei tid av opptil tre månader ikkje skal flyttast. Det går vidare fram at eit slikt vedtak berre kan treffast dersom det ikkje er rimeleg grunn for flyttinga, eller dersom flyttinga kan vere til skade for barnet.

I barnevernloven (§ 4-8, tredje ledd) blir det vist til at sjølv om vilkåra for omsorgsovertaking (etter § 4-12) ikkje er til stades, kan det treffast vedtak om omsorgsovertaking dersom barnet har vore plassert i meir enn to år, og barnet har fått slik tilknytning til menneskje og miljø der at flyttinga kan føre til alvorlege problem for barnet.

⁹ Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barneverntjenesten – en veileder, s. 27.

¹⁰ Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, s. 52.

3.8 Godkjenning og oppfølging av fosterheimar

I samband med fosterheimsplasseringar kan barn frå Lindås kommune bli plassert i andre kommunar, og barn frå andre kommunar kan plasserast i Lindås kommune. I samband med fosterheimsplasseringar i andre kommunar enn barnet sin heimkommune nyttar regelverket omgrepa «fosterheimskommunen» om den kommunen der fosterheimen ligg, og «omsorgskommunen» om den kommunen der barneverntenesta som har omsorgsansvar for barnet.

3.8.1 Val av fosterheim

I forskrift om fosterheim § 4 står det at barneverntenesta ved val av fosterheim skal legge avgjerande vekt på omsynet til barnets beste. Det er presisert at barneverntenesta alltid skal vurdere om nokon i barnet sin familie eller nære nettverk kan veljast som fosterheim.

3.8.2 Godkjenning av fosterheim

Av § 5 i forskrift om fosterhjem går det fram at plassering i fosterheim ikkje skal finne stad før fosterheimen er godkjent, med mindre godkjenning før plassering ikkje lar seg gjennomføre. Det er i utgangspunktet barneverntenesta i fosterheimskommunen som har ansvaret for å godkjenne fosterheimen. Barneverntenestene i fosterheimskommunen og omsorgskommunen kan inngå skriftleg avtale om at barneverntenesta i omsorgskommunen skal godkjenne fosterheimen.

Det går fram av departementet sin rutinehandbok for kommunane sitt arbeid med fosterheimar¹¹ at den gjennomgangen barneverntenesta har hatt med familien i samband med godkjenninga skal journalførast, og at «*det må komme fram at familien er vurdert og godkjent av barneverntjenesten*». Det blir også referert til at «godkjenningsvedtaket» skal arkiverast i barnet si mappe.¹²

3.8.3 Fosterheimsavtale

Det går fram av § 6 i forskrifta at barneverntenesta i omsorgskommunen og fosterforeldra skal inngå ein skriftleg avtale om barneverntenesta og fosterforeldra sine plikter. Det er presisert at departementet sin avtalemal¹³ skal nyttast ved fosterhjemsplassing etter vedtak om omsorgsovertaking.

Det går vidare fram av § 6 at barneverntenesta og fosterforeldra skal gjennomgå fosterhjemsavtalen minimum ein gong i året og foreta eventuelle endringar.

3.8.4 Omsorgsplan

Av barnevernlova § 4-15 går følgjande fram om utarbeiding av omsorgsplan:

«Allerede ved omsorgsovertakelsen skal barneverntjenesten vedta en plan for barnets omsorgssituasjon. Senest to år etter fylkesnemndas vedtak skal barneverntjenesten vedta en plan for barnets framtidige omsorgssituasjon som ikke skal endres uten at forutsetningene for den er falt bort.»

Det går fram av departementet sin fosterheimsavtale¹⁴ at:

¹¹ Barne- og likestillingsdepartementet: *Rutinehandbok for kommunenes arbeid med fosterhjem*, 2006

¹² *Rutinehandbok for kommunenes arbeid med fosterhjem*, 2006, s. 19, bokstavpunkt «i».

¹³ Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet: *Fosterhjemsavtalen*, 2010.

¹⁴ Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet: *Fosterhjemsavtalen*, 2010.

«Barneverntjenesten skal innhente fosterforeldrenes synspunkter når omsorgsplanen skal revideres eller ny plan utarbeides.»

«En kopi av den til enhver tid gjeldende plan skal ligge ved denne avtalen.»

3.8.5 Oppfølging av fosterheimen

Det går fram av barnevernlova § 4-16 at barneverntjenesten skal nøye følge utviklingen til de barn som det er truffet vedtak om omsorgsovertakelse for, og likeledes utviklingen til deres foreldre.

Vidare blir det presisert i § 7 i forskrift om fosterheim at barneverntenesta skal drive oppfølging og kontroll av barnet sin situasjon i fosterheimen til barn den har omsorgsansvar for. Det går mellom anna fram at barneverntenesta skal gje fosterforeldra naudsynt råd og rettleiing i samband med plasseringa, så lenge plasseringa varer. Barneverntenesta skal besøke fosterheimen så ofte som naudsynt, men minimum 4 gonger i året. Dersom barneverntenesta vurderer forholda i fosterheimen som gode, kan barneverntenesta vedta å redusere talet til besøk minimum 2 gonger i året for barn som har vore plassert i fosterheimen i meir enn 2 år.

3.8.6 Tilsyn i fosterheimar

Det går fram av § 8 i forskrift om fosterheim at barneverntenesta i fosterheimkommunen har ansvaret for at det blir ført tilsyn med fosterheimane i kommunen. Barneverntenestene i fosterheimskommunen og omsorgskommunen kan inngå skriftleg avtale om at omsorgskommunen skal ha ansvaret for at det blir ført tilsyn.

Barneverntenesta skal utnemne ein tilsynsførar til det enkelte barn, ved godkjenning av fosterheimen. Det skal leggast vekt på å finne fram til ein person som barnet har, eller kan få tillit til og som har særlege føresetnader for å kunne utføre tilsynsoppgåva i forhold til det aktuelle barnet.

Tilsynsførar skal føre tilsyn med barnet så ofte som naudsynt, men minimum 4 gonger i året. Dersom barneverntenesta vurderer forholda i fosterheimen som gode, og barnet samtykker, kan barneverntenesta vedta at tilsynet skal reduserast til minimum 2 gonger i året for barn som er fylt 15 år og som har vore plassert i fosterheimen i meir enn 2 år.

Tilsynsførar skal ved utføring av tilsynet ha ein uavhengig funksjon i forhold til barneverntenesta og fosterforeldra, men skal samarbeide med barneverntenesta til beste for barnet. Tilsynsførar skal utarbeide ein skriftleg rapport etter kvart tilsyn. Rapporten skal sendast til barneverntenesta i den kommunen som har ansvaret for at det blir ført tilsyn, med kopi til barneverntenesta i omsorgskommunen, dersom det ikkje er den som har ansvaret.

3.9 Krav til enkeltvedtak etter forvaltningslova

Av § 6-1 i barnevernlova går det fram at forvaltningslova¹⁵ gjeld innafor barnevernområdet, og at avgjerder som gjeld tenester etter barnevernlova skal reknast som enkeltvedtak.

Av kapittel V i forvaltningslova går det mellom anna fram at enkeltvedtak skal grunngis (§ 24). I grunngjevinga skal det visast til dei reglar vedtaket bygger på, og dei faktiske forhold som underbygger vedtaket (§ 25). I underretninga om vedtaket skal det også gis opplysningar om klagetilgong, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage (§ 27).

¹⁵ Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven). LOV-1967-02-10.

4. Data


4.1 Organisering av barneverntenesta

Lindås kommune er organisert etter ein tonivå-modell. Kommunen sine tenester retta mot barn og unge er fordelt på følgjande resultateiningar:

- Lindås ungdomsskolekrins
- Knarvik ungdomsskolekrins
- Ostereidet ungdomsskolekrins
- Kommunale barnehagar
- Lindås læringssenter (mellom anna PPT og kommunepsykolog)
- Eining for helsetenester (mellom anna helsestasjon)
- Barneverntenesta

Organiseringa av barneverntenesta går fram av figuren under:

Figur 1: Organisering av barneverntenesta i Lindås kommune



Barneverntenesta i Lindås har fire faggrupper. Dei to gruppene *Mottak og hjelpetiltak (MOTI-gruppa)* og *Omsorg*, driv saksbehandling etter barnevernlova. *Familieveiledergruppa* arbeider med familierettleiing, og blir nytta som tiltakseining for barnevernet. Gruppa *Einslege mindreårige flyktingar* arbeider med busetting av einslege mindreårige, og har ei anna lokalisering enn barneverntenesta. Kommunen sitt arbeid med einslege mindreårige flyktingar er ikkje eit fokusområde i denne rapporten.

I tillegg til dei fire faggruppene har barneverntenesta to merkantilt tilsette. Tenesta har også ei psykologstilling som er direkte underlagt barnevernleiar. Frå januar 2013 har denne psykologen også vore fagleiar for Familieveiledergruppa.

Dei to sakshandsamargruppene *MOTI* og *Omsorg* blei oppretta i 2007, og tenesta hadde fram til då arbeidd etter ein generalistmodell. MOTI-gruppa har ansvar for mottak av meldingar, undersøkingar, hjelpetiltak, og å fremje sak om omsorgsovertaking i tilfelle der det er naudsynt.

Omsorgsgruppa har ansvar for oppfølging av saker der barneverntenesta har tatt over omsorga for eit barn (§ 4-12) og saker der barn er plassert frivillig etter § 4-4, 5. ledd.

Dei som er intervjuja gir i all hovudsak uttrykk for at den noverande organiseringa av barneverntenesta og inndelinga i to faggrupper, fungerer føremålstenleg. Ei ulempe er at kvar gruppe blir liten, og dermed meir sårbar ved fråvær av personell. Dette gjeld særleg den minste gruppa, *Omsorg*, som dei siste par åra har opplevd noko fråvær og vakansar. Dette førte til at omsorgsgruppa i ein del høve ikkje hadde kapasitet til å overta saker etter omsorgsovertaking, slik at MOTI-gruppa måtte halde fram som sakshandsamar i ein del saker. Det blir opplyst at omsorgsgruppa no har fått betre kapasitet, og at ein håpar arbeidsdelinga vil fungere etter føremålet i tida framover.

Det blir halde møte i barneverntenesta annan kvar måndag, i tillegg til møter i kvar av faggruppene på tysdagar. Det blir i intervju vist til at barneverntenesta prøver å avgrense tal på faste fellesmøte til det dei har absolutt behov for.

4.2 Kapasitet og kompetanse

I intervju viser fleire til at barnevernet er eit prioritert område i Lindås kommune. Samstundes blir det presisert at barneverntenesta ikkje sjølv kontrollerer tilstrøminga av nye saker, og at dei tilsette i periodar har svært mykje å gjere.

KOSTRA-tal for 2012, som er presentert i tabell 1 under, viser at barneverntenesta i Lindås kommune hadde høgare netto driftsutgifter per innbyggjarar i alderen 0-17 år enn samanlikningsgruppene, kommunegruppe 8¹⁶ og landet utanom Oslo. Lindås kommune hadde også høgare driftsutgifter per barn i barnevernet enn det som er snittet i landets kommunar utanom Oslo. Talet frå 2012 for kommunegruppa var ikkje registrert.

Tabell 1: Driftsutgifter til barneverntenesta i Lindås kommune 2012

| | Landet uten Oslo | Lindås | Kommunegruppe 8 |
|--|------------------|--------|-----------------|
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern | 6800 | 7055 | 6440 |
| Netto driftsutgifter per barn i barnevernet, konsern | 97832 | 112978 | - |

Kjelde: KOSTRA.

På leiarnivå blir det stadfesta at Lindås kommune ligg høgare i KOSTRA enn samanliknbare kommunar når det gjeld utgifter til barnevern. Ei av årsakene til dette er etter det revisjonen har fått opplyst, måten utgifter og inntekter for barnevernsinstitusjonen med einslege mindreårige asylsøkarar er ført i kommunen sitt rekneskap. Utgiftene for denne institusjonen har blitt ført på barnevern, medan inntektene ikkje har blitt ført på barnevernet. Barneverntenesta opplyser at dei i tillegg til dette har feilføringar for 2011 og 2012 som gjer at dei får større refusjonar frå Bufetat enn det som går fram av KOSTRA. Dersom ein korrigerer kostnadsbildet for dette, blir det opplyst at det er lågare skilnadar i kostnadsnivå for barnevern mellom Lindås kommune og samanliknbare kommunar. Det blir også peika på at ein høg prosentdel av barna som er i fosterheim, er i statlege fosterheimar, noko som inneber ein høgare eigenandel for kommunen.


¹⁶ Lindås tilhører Kommunegruppe 8, som av SSB blir definert som «mellomstore kommuner med lave bundne kostnader per innbygger og middels frie disponible inntekter»

Det går fram av intervju at barnevernet ikkje vil klare å halde budsjettet for 2013. I samband med dette haldt barnevernsleiaren ei orientering i kommunestyret 17. oktober 2013¹⁷. Auka kostnader og budsjettoverskriding i 2013 blir forklart med ei auke i aktivitet og tal på saker.

I intervju blir det vist til at barneverntenesta i Lindås har ei stabil bemanning og lite utskifting av tilsette. Det blir peika på at rundt halvparten av sakshandsamarane har vore tilsett i tenesta lenger enn ti år.

Som det går fram av tal frå KOSTRA (figur 2), har barneverntenesta i Lindås kommune fleire stillingar med fagutdanning per 1000 barn i alderen 0-17 år enn samanliknbare kommunar (kommunegruppe 8) og landet utanom Oslo. Fleire av dei som er intervjuja både av leiarar i barneverntenesta og av samarbeidspartar, opplever at Lindås kommune har ei god barnevernteneste med mange dyktige tilsette. Det blir vist til at fagkompetansen er høg, til dømes har tenesta tilsett to psykologar i fast stilling. Det at tenesta har tre fast tilsette psykologar gjer til dømes at tenesta kan utgreie saker sjølv i staden for å bruke eksterne sakkunnige. Bufetat viser i intervju til at tilsette i barneverntenesta i Lindås har lang erfaring.

Figur 2: Stillingar med fagutdanning i barnevernet per 1 000 barn 0-17 år. 2012.



Kjelde: KOSTRA.

I samband med verifisering av rapporten kommenterer barneverntenesta at dei har tilsett både psykologar og førskulelærarar, men at dette ikkje blir tald som fagutdanning i rapporteringa til KOSTRA. KOSTRA tel heller ikkje med dei tre som arbeider i Familieveiledergruppa, og barneverntenesta presiserer at kommunen difor i realiteten har fleire fagutdanna enn det som går fram av KOSTRA.

4.3 Samarbeid internt i kommunen

4.3.1 Organisering som utgangspunkt for samarbeid

Det går fram av intervju både med tilsette i barneverntenesta og andre kommunale instansar at den overordna organiseringa av kommunen fungerer føremålstenleg for barneverntenesta. Det er ingen av dei som er intervjuja som viser til at kommunen si organisering som to-nivåmodell skaper utfordringar for samarbeidet mellom barneverntenesta og dei andre kommunale tenestene.

Det går også fram av intervju at det er politisk vedtatt at Lindås barnevernteneste etter kvart skal flytte inn i Helsehuset i Knarvik, som er ei planlagt samlokalisering av barneverntenesta i Lindås,

¹⁷ Møteprotokoll frå møte i kommunestyret i Lindås kommune, 17.10.2013, under «Orienteringar».

ulike helsetenester frå ni kommunar i Nordhordland, samt statlege helsetenester. Rådmannen viser til at når barneverntenesta flytter inn i det planlagde Helsehuset, vil dette medføre ein fordel for barneverntenesta sitt samarbeid med dei statlege tenestene for barn og unge, som BUP.

4.3.2 Møteplassar og samarbeidsforum

Det blir i intervju vist til at Lindås kommune har fleire møteplassar for leiarane av tenester som arbeider med barn og unge. Kommunen har eit *samordningsråd* som møtast fire gonger i året for å sikre gode system og samordna tenester til barn og unge. Leiar for Samordningsrådet er kommunepsykologen for barn og unge, og i tillegg deltar rådmannen, helsesøster, avdelingsleiar og einingsleiar PPT, barnevernet, leiar for eining for funksjonshemma m.m. Fleire av deltakarane viser i intervju til at Samordningsrådet fungerer godt og i samsvar med føremålet, til dømes er det ein god arena for å belyse og orientere om relevante problemstillingar på systemnivå.

Kommunen har i tillegg årlege fagdagar, som ikkje berre er retta mot leiarar, men alle tilsette som arbeider med barn og unge i kommunen. Fagdagane blir trekt fram som positive for informasjonsflyten mellom tenestene. Det blir også arrangert samlingar for psykologar som er tilsett i Lindås kommune, der psykologane ved barneverntenesta deltek.

Ti personar frå Lindås kommune (av desse to frå barneverntenesta) er med i kommunen si prosjektgruppe i samband med effektiviseringsnettverket til KS. Fokus for dette arbeidet er samhandling mellom tenestene som arbeider med utsette barn og unge. Prosjektgruppa møtast om lag ein gong i månaden, og arbeider med å utarbeide og synleggjere gode system og verktøy for samarbeid, og å identifisere forbetningsområder knytt til samarbeid. I intervju blir det gitt uttrykk for at prosjektgruppa på intervjutidspunktet (august 2013) var i utgreiingsfasen, og at gruppa vil skrive ein rapport 2013/ 2014. Det blir vist til at tema som har vore diskutert i prosjektgruppa mellom anna er om det skal vere faste tidspunkt og rutinar for barneverntenesta sine meldarkurs retta mot samarbeidande instansar, og om det skal opprettast faste rutinar og verktøy knytt til kva personalet i barnehagar skal sjå etter i samband med meldingar til barnevernet. Barnevernleiar gir uttrykk for at kommunen si deltaking i KS sitt effektiviseringsnettverk er nyttig, mellom anna fordi tenesta gjennom dette nettverket har fått presentert relevante verktøy og metodikk.

Kommunen har også ei *Samordningsgruppe* som blir nytta dersom det dukkar opp saker med mistanke om seksuelle eller valdelege overgrep.¹⁸ Fagleiar for MOTI-gruppa leiar denne gruppa, og i tillegg til helsesøster og barnevernleiar deltek andre etter behov. Det blir i intervju gitt uttrykk for at samordningsgruppa fungerer godt, med ei fleksibel og enkel organisering og med erfarne deltakarar.

4.3.3 Samarbeid på systemnivå mellom barneverntenesta og andre einingar

Dei to einingsleiarane som er intervjuar meiner at samarbeidet på einingsleiarnivå i Lindås kommune fungerer godt. Det går også fram av intervju at dei overordna samarbeidsforum i kommunen fungerer godt til å avklare overordna forventningar og ansvar mellom einingane som arbeider med tenester til barn og unge.

Det går fram av fleire intervju at oppgåvefordelinga mellom barnevernet og andre einingar i kommunen, blir opplevd som klår. Rådmannen meiner mellom anna at barnevernet har ei korrekt avgrensing mot ytingar frå andre kommunale tenester, som til dømes NAV. Ein av dei intervjuar representantane frå barneverntenesta opplever at grensene mellom dei ulike tenestene sine ansvarsområde ikkje alltid er heilt klår i samband med kva som ligg innanfor familierettleiarane sine oppgåver, og at desse i nokre tilfelle har utført oppgåver som ligg utanfor kjerneoppgåvene deira.

¹⁸ Lindås kommune. Rutine for fagleg samhandling for barn og unge i Lindås kommune. «Samordningsgruppa for barn og unge». 21.juni 2010.

4.3.4 Samarbeid på systemnivå mellom barneverntenesta og skular, barnehagar og PPT

Barneverntenesta i Lindås kommune har ikkje faste sakshandsamarar eller faste kontaktpersonar for skular eller barnehagar. Ein av rektorane viser til at barnevernet sin organisering blir oppfatta som uoversiktleg frå skulen si side, mellom anna fordi dei må ha kontakt med mange ulike sakshandsamarar med ulike praksisar. Denne rektoren meiner difor at barneverntenesta burde hatt ein fast kontaktperson for skulen. Rektoren er også opptatt av at ein får etablert tydelege retningslinjer for at barnevernet alltid skal ta kontakt med skuleleiinga dersom dei ønskjer kontakt med skulen, då han har erfart at barneverntenesta nokre gongar har tatt direkte kontakt med kontaktlærarar.

Rektorar og styrarar i barnehagar deltar ikkje i einingsleiarmøte i kommunen, då dei ikkje er einingsleiingar. Dei kommunale barnehagane er representert med ein felles einingsleiar, og skulane med tre einingsleiarar, ein for kvar ungdomsskulekrins¹⁹. Barnevernet i Lindås kommune har ikkje faste samarbeidsmøter med barnehagar, skular og PPT på systemnivå. I staden for faste møtepunkt blir møtebehovet vurdert frå sak til sak. Utanom samarbeid i dei einskilde sakene, oppmodar barneverntenesta dei relevante instansane til å ta kontakt ved behov. Ingen av dei som er intervjuet, verken ved barneverntenesta eller samarbeidande instansar, gir uttrykk for at det er eit behov for å ha faste møtepunkt på systemnivå mellom barnevernet og skular, barnehagar og PPT. Ein av barnehagestyrarane gir likevel uttrykk for at barnehagen gjerne skulle hatt fleire faste rutinar for samarbeidet med barnevernet. Frå PPT blir det gitt uttrykk for at det bør etablerast tettare system for dialog og samarbeid på einingsnivå, men at det ikkje nødvendigvis treng å vere jamlege møte, ettersom kontakten mellom barnevernet og PPT fungerer greitt på saksnivå. Det blir presisert at barneverntenesta ikkje ønskjer å nytte sine ressursar på å «møtast for å møtast». Barneverntenesta har tidlegare deltatt fast i møter i skuleregionane. Det blir vist til at desse møta nokre gonger var nyttige, men at representantane frå barneverntenesta andre gongar opplevde at deira deltaking i desse ikkje var nyttig.

Barneverntenesta arrangerer meldekurs for skular, barnehagar og andre samarbeidande instansar. På meldarkurs informerer barnevernet om kva teikn dei tilsette skal sjå etter viss dei er uroa for omsorgssituasjonen til eit barn, melderutinar, moglegheita til å drøfte saker anonymt med barnevernet, og grensene for kva informasjon barnevernet kan gi til samarbeidspartar i enkeltsakar. Ein av styrarane legg vekt på at meldarkurset var nyttig.

Frå barnevernet si side blir det opplyst at alle skular og barnehagar i Lindås har fått tilbod om meldekurs, men at det ved nokre skular ikkje har blitt arrangert slike kurs dei siste åra. Ein rektor og ein representant frå PPT viser til at deira einingar ikkje har fått tilbod om deltaking på meldekurs, men at både dei tilsette og skuleleiinga har behov for å delta på eit slikt kurs. Ein av skulane har fått tilbod om å delta på kurs, men takka nei til dette.

Begge barnehagestyrarane og ein av rektorane opplev at dei har tilstrekkeleg generell informasjon om barnevernet sitt arbeid, om kva dei skal sjå etter for å avdekke omsorgssvikt, og om korleis dei skal gå fram for å sende bekymringsmeldingar til barnevernet. Den andre rektoren meiner skulen ikkje ofte nok får generell informasjon om barnevernet. Vedkommande opplyser om at informasjonen frå barneverntenesta spriker, alt etter kven i barnevernet som gir informasjonen, og at informasjon som gis på større, felles møte i kommunen kan vere ulik den informasjon som blir formidla på mindre møter. Det blir vist til at det til dømes er gitt ulik informasjon om når dei tilsette i skulen skal vere bekymra for eit barn.

Det blir opplyst at barneverntenesta har halde COS²⁰-kurs for dei tilsette i barnehagane. Desse kursa er no gjennomført i alle dei kommunale barnehagane, og skal også gjennomførast i dei private barnehagane. Gjennom COS-kursa har barnehagetilsette fått opplæring om tilknytning, slik at dei skal kunne følgje barna betre opp i barnehagen, og på ein betre måte skal kunne

¹⁹ Lindås ungdomsskulekrins, Knarvik ungdomsskulekrins og Ostereidet ungdomsskulekrins.

²⁰ COS (Circle of Security) er ein metode som blir nytta for å fremje god tilknytning mellom foreldre og barn, og dermed førebyggje utvikling av vanskar for barna.

observere relasjonen mellom barn og foreldre. Det blir kommentert at barneverntenesta har fått veldig gode tilbakemeldingar frå dei barnehagetilsette på COS-kurset.

4.3.5 Samarbeid i enkeltsaker med barnehagar, skular og PPT

Dei som er intervjuja frå barneverntenesta, PPT og barnehagane gir uttrykk for at samarbeidet knytt til enkeltsaker i hovudsak fungerer godt. PPT og barnehagane viser til at barnevernet har kort responstid, dyktige tilsette, er lette å ta kontakt med ved behov, og at samarbeidet er ope og godt. Rektorane viser på si side til at dei opplev at det er utfordringar i samarbeidet med barneverntenesta. Begge dei intervjuja rektorane peiker på at kvaliteten på samarbeidet med barnevernet varierer frå sak til sak, og at variasjonen mellom anna skuldast kva sakshandsamar skulen er i kontakt med. Ein av rektorane skildrar samarbeidet med barnevernet som forholdsvis formelt, og viser til at skulen ikkje har nær og hyppig kontakt.

Barnevernet tar i hovudsak kontakt med samarbeidspartnarane i samband med gjennomgang av meldingar og ved innhenting av opplysningar i undersøkingar. Det går fram av intervjuja at det meste av samarbeidet utover dette skjer på saksnivå ved behov, og etter initiativ frå samarbeidspartnarane. Ein rektor viser til at samarbeidsmøter er sjeldne, og blir halde til dømes viss ein skule ber barnevernet om rådgjeving og hjelp ei enkeltsak. Frå barnevernet blir det gitt uttrykk for at ein oppmodar samarbeidande instansar til å ta kontakt viss dei lurar på om barnevernet kan hjelpe dei med noko, og at ein til dømes kan gjere bruk av anonym drøfting. Ein av representantane frå barnevernet meiner at samarbeidspartnarane er flinke til å ringe til barnevernet når dei treng råd og hjelp i enkeltsaker. Samarbeidspartane etterlyser likevel at barnevernet har rutine for å ta kontakt for høyre korleis det går med barna som har tiltak frå barnevernet.

Kommunen gjennomfører ansvarsgruppemøter for dei barna eller foreldra som har behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege, og dette er ein arena der barnevern og samarbeidspartarar møtast. Dei fleste av dei som er intervjuja meiner ansvarsgruppene fungerer føremålstenleg. Fleire av samarbeidspartane peiker på at informasjonen som barnevernet gir andre instansar i ansvarsgruppemøta er ryddig, og tilpassa informasjonsbehovet hos dei andre aktørane/ møtedeltakarane. Ein av rektorane gir likevel uttrykk for at barnevernet burde delteke i fleire ansvarsgruppemøter, og viser til at også foreldre etterspør at barnevernet deltek meir i slike møte.

Ei vesentleg utfordring i samarbeidet med barneverntenesta er i følgje rektorane at barneverntenesta i mange tilfelle ikkje set inn tiltak i saker der både skulen, og ofte også foreldra, vurderer tiltak frå barnevernet som naudsynte. Ein av rektorane viser til at også foreldre reagerer på at barneverntenesta ikkje set i verk naudsynte tiltak, og at dette er ei problemstilling som andre rektorar i kommunen vil kjenne seg igjen i. Rektoren forklarar at barneverntenesta gjennomfører undersøkingar, men at sakene deretter ofte blir henlagt veldig raskt, noko skulen undrar seg over. Det blir presisert at dette også gjeld saker der skulen har sendt meldingar fleire gonger. Det blir vist til at dette også kan gjelde saker skulen oppfattar som tyngre saker, der skulen meiner det til dømes er behov for støttekontakt eller rettleiing av foreldre for å handtere situasjonen.

Leiinga i barnevernet kommenterer at det kan vere ulike årsaker til at rektorane opplever at barneverntenesta ikkje set i verk naudsynte tiltak. I nokre saker ønskjer ikkje foreldre eller barn at det skal settast i verk tiltak, eller at tiltak blir sett i verk utan at skulane får informasjon om dette. I andre saker kan det hende skulen ønskjer tiltak som barneverntenesta ikkje meiner går inn under barneverntenesta sitt ansvarsområde, som til dømes leksehjelp. Rektorane presiserer at dei er klar over at ikkje alle foreldre ønskjer å ta imot hjelp, og at tiltak i einskilde saker kan ha blitt satt i gong utan at skulen er informert om dette.


4.3.6 Meldarstatistikk og tilbakemelding til meldar

Rådmannen har inntrykk av at dei tilsette i einingane generelt er trygge på å varsle barnevernet ved bekymring for omsorgssituasjonen til eit barn. Barnehagestyrarane og PPT viser i intervju til at dei er trygge på å melde til barnevernet.

Kommunen sin meldarstatistikk viser at det frå 2011 til 2012 var ei auke i talet på bekymringsmeldingar til barnevernet. Kommunen sin statistikk viser at det i 2011 kom inn totalt 141 meldingar til barnevernet, medan det i 2012 kom inn 194 meldingar. Fram til 28. august 2013 hadde det kome 111 meldingar. I intervju blir det peika på at det er vanskeleg å vite kva som er årsaka til auken i talet på meldingar.

Barneverntenesta sin meldarstatistikk, viser kva instansar som sender meldingar til barneverntenesta i Lindås (figur 3 nedanfor). Det går her fram at den største delen av bekymringsmeldingane til barneverntenesta i Lindås, kjem frå foreldra sjølv. Gjennom arbeidet i KS' sitt effektiviseringsnettverk har barneverntenesta blitt merksam på at Lindås har ein høgare prosentdel meldingar frå foreldre samanlikna med andre kommunar i nettverket, noko som blir oppfatta som positivt. Ein av sakshandsamarane i barneverntenesta gir uttrykk for at det er vanskeleg for barnevernet å vurdere om meldingar kjem inn tidleg nok, men at nokre meldingar frå skule og barnehage nok burde ha kome inn tidlegare.

Figur 3: Meldingar til barneverntenesta i Lindås - prosentvis fordeling mellom meldeinstansar.



Kjelde: Barneverntenesta sin meldarstatistikk

Det går fram av barneverntenesta sine skriftlege rutinar at det skal sendast skriftleg tilbakemelding til meldar innan tre veker etter at melding er motteke. Det er også utarbeidd ein eigen mal for slik tilbakemelding. Av rutinen går det fram at alle meldarar skal få skriftleg tilbakemelding, og at offentlege meldarar også skal orienterast om det er sett i gang

undersøking.²¹ Malen har ei eige tillegg som skal inkluderast i tilbakemelding til offentlege meldarar.²²

Tilsette i barneverntenesta gir i intervju uttrykk for at dei aller fleste som sender inn bekymringsmelding til barnevernet, får tilbakemelding om at meldinga er mottatt. Ein av rektorane viser til at skulen alltid får tilbakemelding om at melding er mottatt. Den andre rektoren opplev at skulen ikkje alltid får slik tilbakemelding, og at det er varierende praksis mellom dei ulike sakshandsamarane i barneverntenesta på dette punktet. Rektoren opplever likevel at det har funne stad ei forbetring dei siste to-tre åra i ved at skulen oftare enn før får tilbakemelding om at melding er mottatt. Det blir frå barnevernet si side kommentert at skular i nokre døme har gitt beskjed om at dei ikkje har fått tilbakemelding om mottatt melding, sjølv om eit slikt brev er registrert sendt ut frå barneverntenesta.

To av dei intervju samarbeidspartane viser til at dei har opplevd at det i barneverntenesta sitt tilbakemeldingsbrev til meldar, ikkje har vore opplyst om barneverntenesta har sett i verk undersøking.

Representantar frå barneverntenesta opplyser i intervju at barneverntenesta har rutine for at det skal sendast ut brev til offentlege meldarar etter ferdigstilt undersøking. Det blir også opplyst at tenesta har skriftleg rutine og mal for slik tilbakemelding. Revisjonen har ikkje fått tilsendt skriftleg rutine eller mal for tilbakemelding til meldar etter ferdigstilt undersøking. Det går fram av intervju med tilsette i barneverntenesta at det i praksis kan vere ei utfordring for barneverntenesta å få sendt tilbakemelding til meldar etter ferdigstilt undersøking, men at tenesta stadig blir flinkare til dette. Ein av rektorane opplyser i intervju at skulen sjeldan får brev frå barnevernet om at ei undersøking er avslutta.

Ein av rektorane gir uttrykk for at skulen opplever at det kjem lite ut av å sende meldingar til barnevernet. Som det er omtalt i rapportens punkt 4.3.5, meiner skulane at det ofte ikkje blir sett i verk naudsynte tiltak som følgje av meldingar til barneverntenesta. Samstundes blir det peikt på at det å sende ei melding til barnevernet kan ha ulike negative konsekvensar. For det første er det ei belastning for familien at det blir sendt ei melding til barnevernet. For det andre kan det vere ei ekstrabelastning for skulen i saker der foreldre er ueinige med skulen i at det skal sendast melding, særleg i saker der skulen må sende meldingar på same barn fleire gonger i året. Desse utfordringane har blitt tatt opp med barnevernet. Barneverntenesta har gitt tilbakemelding om at dei følgjer sine rutinar, og at skulen må melde på nytt viss dei fortsatt er bekymra for eit barn.

4.3.7 Informasjonsutveksling og teieplikt

Dei intervju samarbeidspartane gir uttrykk for at dei opplever informasjon frå barnevernet om at ei undersøking er ferdigstilt som nyttig, men at dei også ønskjer også å vite kva tiltak barnevernet skal setje i verk. Ein rektor opplyser at dei tilsette i barneverntenesta har varierende praksis når det gjeld kor mykje informasjon dei gir til skulen om dei tiltak tenesta har sett i verk. Nokre gonger opplever skulen at dei ikkje får tilstrekkeleg informasjon om dei tiltak som er sett i verk. Fleire av dei tilsette i barneverntenesta peiker på at informasjon om iverksette tiltak ikkje alltid kan gis, grunna barnevernet sin teieplikt. Vidare blir det vist til at barnevernet er opptatt av å informere meldande instansen om tiltak som er sett i verk, og at barnevernet difor som oftast ber om samtykke frå foreldre til å informere samarbeidande instansar om tiltak som er sett i verk. Det blir opplyst at barneverntenesta formidlar slik informasjon i møte eller over telefon.

Fleire av dei som er intervju viser til at deira kontakt med barneverntenesta er prega av utfordringar knytt til ulike teieplikt og kva informasjon som kan utvekslast mellom barneverntenesta og andre kommunale tenester. Dei tilsette i barneverntenesta har diskutert internt kva som fell innanfor dei tilsette sin teieplikt, og tenesta har også nytta eit advokatfirma til

²¹ Barneverntenesta si rutinehandbok: «Rutine for registrering av bekymringsmeldinger/søknader», punkt 3.9.

²² Lindås barnevernteneste: Mal for tilbakemelding til meldar.

å halde foredrag om dette temaet. Ein representant for barneverntenesta gir uttrykk for at mange skular og barnehagar ønskjer meir informasjon i ein del saker, men at praksisen i barnevernet skal vere at skular/barnehagar berre skal få informasjonen som er viktig for at dei andre tenestene skal kunne ivareta barnet på best mogleg måte. Det blir vidare vist til at det kan vere vanskeleg for barnevernet å gje informasjon til skulen viss foreldra ikkje gir samtykke til dette, men at barnevernet i enkelte saker gjer unntak frå denne regelen dersom dette er til det beste for barnet. Ein av dei som er intervjuet frå barneverntenesta understrekar at dersom informasjon til samarbeidspartar blir gitt mot foreldra si vilje, blir det nytta større grad av skriftlegheit.

Representantar for skular, barnehagar og PPT uttrykker forståing for at mykje informasjon i barnevernssaker fell innanfor teieplikta. Ein av dei intervjuet gir uttrykk for at barnehagen får naudsynt informasjon frå barneverntenesta, og at tenesta sin praksis når det gjeld teieplikta er ryddig og konsekvent. Fleirtalet av dei intervjuet samarbeidspartane meiner likevel at barneverntenesta si praktisering av teieplikta fører til at dei ikkje alltid får tilstrekkeleg informasjon til å kunne leggje forholda til rette for barnet på ein god nok måte. Det blir vist til at dette skapar praktiske utfordringar og usikkerheit. Rektoren viser til at skulen årleg opplev at barnevernet har satt i gang tiltak rundt elevane på skulen utan at skulen har fått informasjon om dette.

Begge rektorane og PPT har erfart at det er stor variasjon når det gjeld korleis sakshandsamarane i barnevernet handterer teieplikta. Det blir i intervju med ein tilsett i barneverntenesta peika på at den enkelte tilsette står personleg ansvarleg ovafor dei vurderingar som blir gjort kring teieplikta, og at det difor det er naturleg at ulike sakshandsamarar kan gjere desse vurderingane på ulike måter. Fleire representantane frå barneverntenesta kommenterer også at varierende praksis mellom sakshandsamarane knytt til vurdering av grensa for teieplikta, kan henge saman med kor lang arbeidserfaring den enkelte har. Barneverntenesta har rutine for at sakshandsamarar som er usikre på om dei kan gje ut informasjon, kan rådføre seg med fagleiar i si avdeling. Ein av dei som er intervjuet gir uttrykk for at lik praktisering av teieplikta føreset at dei tilsette har tilstrekkeleg fagleg kompetanse, tryggleik og god juridisk kunnskap på området.

4.4 Samarbeid med Bufetat

4.4.1 Rammene for samarbeidet

Det går fram av intervju at Lindås kommune og 18 andre kommunar i Hordaland inngjekk ei samarbeidsavtale med Bufetat for to år sidan. Som ein del av denne samarbeidsavtalen blir det halde to årlege møter på toppleiarnivå, der leiarar for Bufetat i regionen deltek saman med ordførarar, rådmenn og barnevernleiarar i dei 19 kommunane. Det blir også arrangert fagleiarmøte fire gongar i året mellom barnevernleiarane frå kommunane som deltek i samarbeidsavtalen.

Rådmannen i Lindås kommune viser til at samarbeidsavtalen mellom Lindås kommune og Bufetat har positiv effekt, ved at den formaliserer gjennomføring av samarbeids- og dialogmøter mellom kommunane og Bufetat. I følgje rådmannen medverkar også samarbeidsavtalen til gjensidig tryggleik og betre forståing mellom partane, og gode faglege drøftingar i plenum.

På fagleiarmøta har Bufetat gitt informasjon om sitt tilbod til kommunane, samarbeidet mellom Bufetat og kommunane har vore diskutert, og kommunane har nytta møta som eit kontaktpunkt seg imellom. Frå Bufetat blir det vist til at barnevernleiarar generelt har gitt positive tilbakemeldingar til desse fagleiarmøta. Bufetat opplever samstundes at kommunane generelt kunne blitt flinkare til å kome med innspel til tema for desse møta.

Det blir i intervju med kommunen opplyst at Bufetat har gått gjennom ein periode med omstillingar, utskiftingar av tilsette og endringar i leiarstrukturen. Frå Bufetat blir det vist til at omorganiseringane i etaten har medført at samarbeidet med kommunane generelt er meir knytt til enkeltsaker enn tidlegare, og at Bufetat no er mindre på tilbodssida enn før når det gjeld å reise

ut i kommunane og halde samarbeidsmøte. Representantar frå Bufetat presiserer samstundes at Bufetat framleis kan bistå kommunane på telefon med fagleg rettleiing i enkeltsaker. Frå å ha ei geografisk organisering med kontaktpersonar for den enkelte kommune, har Bufetat gått over til å ha ei funksjonsorganisering. Dette inneber at kontakten mellom Bufetat og den enkelte kommune i større grad enn før går gjennom fleire ulike personar og kontaktpunkt. Frå Bufetat blir det kommentert at omorganiseringane i etaten kan ha medført at det vanskeleg for kommunane å vite kven i Bufetat dei skal ta kontakt med. Det blir også vist til at Bufetat sine omorganiseringar har skjedd fort, og at prosessane nok har vore uføreseielege for kommunane. Bufetat viser i intervju til at etaten har nytta mykje tid på å sikre god rolleforståing i samarbeidet med kommunane, og at også Bufetat bør bli tydelegare på kva som er deira rolle og ansvar. Ein av dei som er intervjuet i Lindås kommune viser til at samhandlinga med Bufetat blir opplevd som tungvint, og at dette mellom anna heng saman med omorganiseringane i Bufetat.

Det blir opplyst i intervju at Lindås kommune gjer bruk av Bufetat sitt kurs- og rettleiingstilbod, mellom anna kurs for tilsynsførarar og grupperettleiing for fosterforeldre.

4.4.2 Korleis samarbeidet fungerer

Det blir frå begge partar peikt på at barneverntenesta i Lindås sitt samarbeid med Bufetat i hovudsak er knytt til enkeltsaker. Kontakten mellom Lindås kommune og Bufetat gjeld i hovudsak formelle søknadar om fosterheim og institusjonsplass, samt forsterking av fosterheim. Frå Lindås kommune blir det opplyst at barneverntenesta i Lindås nesten ikkje har nytta seg av Bufetat sine tilbod om faglege råd og rettleiing i enkeltsaker fordi barneverntenesta har høg kompetanse internt.

Frå Bufetat si side blir det gitt uttrykk for at samarbeidet med barneverntenesta i Lindås jamt over fungerer godt. Samstundes blir det frå både barneverntenesta i Lindås kommune og Bufetat vist til at det har vore utfordringar i samarbeidet mellom dei to partane. Frå barneverntenesta blir det peikt på at nokre av dei nye og uerfarne sakshandsamarane i barneverntenesta har opplevd det som utfordrande å få gjennomslag for sine søknadar og førespurnadar til Bufetat. Dei har også opplevd at nokre av dei tilsette i Bufetat agerer som om Bufetat har ei overordna rolle i høve kommunen, sjølv om kommunen og Bufetat i prinsippet skal vere sidestilte einingar. Det blir forklart at barneverntenesta i Lindås møter denne utfordringa med å la nyttilsette sakshandsamarar få støtte frå meir erfarne sakshandsamarar i kontakten med Bufetat. Frå Bufetat blir det stadfesta at dei kjenner til at nyttilsette sakshandsamarar frå barneverntenesta i Lindås ved nokre høve har opplevd det som vanskeleg at Bufetat har stilt mange spørsmål ved det faglege arbeidet som er utført av barneverntenesta i Lindås. Bufetat stadfester at sakshandsamarar frå barnevernet i Lindås har blitt møtt med spørsmål frå Bufetat i møte, men Bufetat dette handlar om å imøtekomme dei krav Bufetat må stille til søknadar frå kommunane. Bufetat viser vidare til at det er positivt at nyttilsette i barneverntenesta får hjelp frå ein meir erfaren tilsett ved behov.

Det blir vidare vist til at det varierer korleis tilsette i Bufetat opplev kommunikasjonen med Lindås kommune. Bufetat har opplevd at tilsette i barneverntenesta i Lindås har hatt ei haldning overfor Bufetat som ikkje har fremja god samhandling. Bufetat viser til at barneverntenesta har har krevjande og detaljerte bestillingar, og at Lindås kommune gir uttrykk for misnøye i tilfelle der Bufetat ikkje kan gje Lindås det dei har bestilt. Bufetat har rammer dei skal jobbe innanfor og viser i intervju til at det er viktig at kommunen også forstår dette. Det har også vore nokre diskusjonar og tvistar mellom Bufetat og Lindås i samband med fordeling av kostnader for barn som har rettar etter fleire lovverk.

Når det gjeld forbettringspotensial i samarbeidet mellom Bufetat og Lindås kommune, viser Bufetat til at det er viktig at partane omtalar kvarandre på ein respektfull måte, spesielt i møte der også foreldre er til stades.

4.4.3 Samarbeid kring hjelpetiltak

Bufetat har i løpet av dei siste åra avvikla fleire tiltak, til dømes COS, individuell rettleiing til fosterforeldre, kriseteam og akuttinstitusjonar for barn under 12 år. Kapasiteten i vertsfamilietiltaket er også redusert. Det blir frå Lindås kommune si side vist til at det er utfordrande at Bufetat har lagt ned velfungerande ordningar og institusjonar utan at dei har gode alternativ. Bufetat gir uttrykk for at barneverntenesta i Lindås har gitt tilbakemelding om at dei opplev avviklinga og nedbygginga av tilbod, som til dømes vertsfamilietiltaket, som uheldig. Bufetat viser i intervju til at Lindås kommune har møtt utfordringane med nedbygginga av Bufetat sine tiltak på en god måte, mellom anna ved å satse på å bygge opp kompetanse og tiltak lokalt.

4.4.4 Samarbeid kring rekruttering av fosterheimar og institusjonsplassering

I intervju med tilsette i barneverntenesta i Lindås blir det gjennomgåande vist til at Bufetat strever med å effektivere tenesta sine bestillingar på fosterheimar, både når det gjeld kvalitet og type fosterheim i høve barnet sine behov. Representantar for barneverntenesta i Lindås viser også til at dei i fleire saker har opplevd at Bufetat har brukt for lang tid på å finne eigna fosterheim, og det blir vist til at det i eitt døme tok tre år å få tildelt fosterheim til eit barn med store åtferdsproblem. Kommunen har gitt tilbakemelding til Bufetat om at dei synast det er problematisk at det har tatt lang tid å finne eigna fosterheimar til enkelte barn. I intervju blir det peikt på at Bufetat sin mangel på fosterheimar får fleire negative konsekvensar for Lindås kommune. Ein av konsekvensane er at dei tilsette i barneverntenesta i Lindås nyttar mykje tid på å purre på Bufetat, og at dette er ei kjelde til frustrasjon. Det blir også peikt på at mangel på fosterheimar hos Bufetat i nokre døme har ført til at barn bur for lenge i midlertidige tiltak, som beredskapsheim eller akuttinstitusjonar. Barneverntenesta peiker også på at kommunen må nytte ressursar på å finne fosterheim sjølv som eit resultat at av Bufetat ikkje har nok tilgjengelege fosterheimar. Frå barneverntenesta blir det vidare peikt på at Bufetat vanlegvis presenterer ein fosterheim om gongen for kommunen. Dette blir ikkje opplevd som føremålstenleg frå kommunen sitt perspektiv, som helst ønskjer å få presentert fleire alternative fosterheimar samtidig, slik at dei lettare kan finne ein god match mellom barn og fosterheim.

Bufetat meiner samarbeidet med barneverntenesta i Lindås har fungert bra når det gjeld fosterheimar, sjølv om det blir stadfesta at Lindås ved nokre døme hatt søkt om fosterheim utan at Bufetat har klart å finne ein fosterheim i samsvar med kommunen sine spesifikasjonar. Det blir peikt på at barneverntenesta i Lindås i fleire av desse tilfella har gjort eit nytt søk i familien eller nettverket til barnet, og funne ein eigna fosterheim på denne måten. Bufetat viser til at kommunane generelt har plikt til å undersøke om det finst personar i barna si slekt eller nettverk som kan eigne seg som fosterheim for barnet, og at dette er eit ansvar kommunane ikkje kan fråskrive seg. Dersom det ikkje finst slike ressursar i nettverket, skal Bufetat gje tilbod om fosterfamilie. Bufetat meiner Lindås kan jobbe endå meir systematisk med å rekruttere fosterheim i nettverket til barnet før Bufetat blir kontakta.

Ein av dei som er intervjuja frå kommunen viser også til at ei anna utfordring i samarbeidet med Bufetat har vore at kommunen og Bufetat har plassert barn på institusjon der institusjonstilbodet ikkje har treffe med barna sine behov. Frå Bufetat si side blir det gitt uttrykk for at ein alltid forsøker å lytte til kommunen sine innspel i samband med plassering i institusjon eller fosterheim. Det er ikkje alltid Bufetat klarer å finne det tiltaket som er mest ideelt for barnet, men Bufetat meiner at alle dei tiltak som blir føreslått for kommunane er fagleg forsvarlege.

4.5 Samarbeid med andre kommunar

Det går fram av intervju at barneverntenesta i Lindås kommune per i dag har lite formelt samarbeid med barneverntenestene i andre kommunar, sjølv om kommunane i Nordhordland tidlegare har hatt slikt samarbeid. Kommunen samarbeider ikkje med andre kommunar om hjelpetiltak, men barneverntenesta opplyser at den unntaksvis har handsama saker for nabokommunar ved ugildskap hos dei andre tenestene. Revisjonen har også blitt opplyst om at

barneverntenesta i Lindås gjennomfører lovpålagt samarbeid med andre kommunar i samband med godkjenning av og tilsyn med fosterheimar.

Det blir i intervju peikt på at ordførarane i Meland og Radøy i løpet av dei siste åra har tatt initiativ til å opprette interkommunalt samarbeid på barnevernområdet. Det er førebels ikkje blitt noko av dette, i hovudsak fordi det ikkje er vilje i dei små kommunane til å inngå eit slikt formelt samarbeid. Dette blir grunnlagt med både økonomiske og politiske forhold.

Både representantar for leiinga i barneverntenesta og den øvste leiinga i kommunen viser til at eit interkommunalt barnevern med felles tiltak og kompetanseutvikling kunne vore ei føremålstenleg løysing for å gje best mogleg tenester til innbyggjarane i regionen. Det blir også argumentert med at eit internkommunalt samarbeid kunne gjort det enklare for Lindås og dei andre kommunane å få tilgang på tilsette med høg kompetanse. Frå eit hald blir det også argumentert med at eit slikt samarbeid ville ha gitt barneverntenestene ei felles og sterkare stemme, til dømes i møte med Bufetat. Det blir frå den øvste leiinga i kommunen vist til at det vil vere aktuelt å vurdere eit interkommunalt barnevern ved samlokaliseringa av dei kommunale og statlege helsetenestene i det komande Helsehuset.

Tilsette i barneverntenesta i Lindås deltek på felles kurs med andre kommunar. Lindås kommune deltek nokre gonger i året på erfaringsutvekslingsmøter med barnevernleiarar i fire andre kommunar. Barnevernleiarane i dei fire kommunane har til dømes sendt felles uttale til planar for omorganisering i Bufetat. Ein av psykologane frå barneverntenesta viser til at ho deltek i et nettverk for kommunalt tilsette psykologar i regi av Norsk psykologforening. Som det går fram av punkt 4.3.2 i rapporten, er Lindås kommune også med i eit effektiviseringsnettverk saman med fleire andre kommunar, der tema er å betre samhandlinga mellom tenester som arbeider med barn og unge.

Ein av sakshandsamarane viser i intervju til at det kan vere nyttig å snakke med tilsette i barneverntenestene i andre kommunar og lære meir om kva ordningar desse har innan barnevernsfeltet. Slik erfaringsutveksling er nyttig fordi klientar flytter, og det er difor føremålstenleg at barneverntenestene i dei ulike kommunane held seg omtrent på same nivå i forhold til kva tiltak som blir tilbudd. Sakshandsamaren viser samstundes til at det er mindre tid til slik erfaringsutveksling no, samanlikna med tidlegare.

4.6 Meldingar

4.6.1 Rutinar for mottak av meldingar

Bekymringsmeldingar til barneverntenesta kjem inn i form av post, telefon eller ved frammøte på kontoret. Det går fram av barneverntenesta si rutinehandbok at det fortrinnsvis er sakshandsamarar eller leiar i MOTI-gruppa som skal ta imot meldingar til barneverntenesta, men at også dei merkantilt tilsette kan ta imot meldingar.²³ Det blir stadfesta i intervju at det er personar i MOTI-gruppa som tar imot meldingar viss dei er tilgjengelege, men at også andre tilsette gjer denne oppgåva.

Barneverntenesta har ein mal for kva som skal skrivast ned når ein får inn munnlege meldingar over telefon eller ved frammøte på kontoret.²⁴ Det går fram av intervju at denne malen ikkje alltid blir nytta i samband med mottak av meldingar. Det blir samstundes presisert at det ikkje er noko formkrav til ei melding til barnevernet, og at barneverntenesta er pålagt å vere fleksible og ta alle meldingar like alvorleg, uavhengig av korleis tenesta blir kjent med saka.

Etter at meldinga er motteke, blir meldinga registrert i barnevernet sitt fagsystem av merkantilt tilsette. Meldinga går så til fagleiar for MOTI-gruppa, som fortløpande og innan ei veke vurderer om saka skal gå vidare til undersøking. I nokre saker blir barnevernsleiar involvert i vurderinga av

²³ Lindås kommune. Rutinehandbok Barneverntenesta.

²⁴ Lindås kommune. Mal for Melding i barnevernssak.


om saka skal gå vidare til undersøking. I intervju blir det av fleire vist til at barneverntenesta har gode system for å sikre at den lovpålagte fristen for gjennomgang av meldingar blir overhalde.

Ved stikkprøvegjennomgangen av ni hjelpetiltakssaker, fann revisjonen at det i alle sakene var registrert i fagsystemet dato får når meldinga var mottatt, samt dato for når meldinga var ferdig gjennomgått.

I intervju viser fleire til at barneverntenesta har ein låg terskel for å setje i gong undersøkingar etter at ei melding har kome inn til barneverntenesta. I dei tala barneverntenesta har rapportert til fylkesmannen går det fram at Lindås kommune henla 14 % av dei meldingane som var gjennomgått 1. halvår 2012, og 20 % av dei meldingane som var gjennomgått 2. halvår. Til samanlikning hadde kommunane i Hordaland i snitt 19 % henleggingar i 2012.

Som det går fram av figur 4, viser KOSTRA-tala for perioden 2009-2012 at Lindås kommune har hatt ei vesentleg auke i prosentdelen barn som har undersøking frå barnevernet. Kommunen hadde ein lågare prosentdel barn med undersøking enn samanlikningsgruppene i perioden 2009-2011, medan den i 2012 hadde ein noko høgare prosentdel barn med undersøking. Tal for kommunegruppa er ikkje rapportert inn frå 2012.

Figur 4: Barn med undersøking ift. tal på innbyggjar 0-17 år.



Kjelde: KOSTRA

4.6.2 Etterleving av frist for gjennomgang av meldingar

Det går fram av barneverntenesta si rapportering til fylkesmannen at Lindås kommune i 2012 mottok til saman 182 meldingar. Fristen på ei veke for gjennomgang av meldingar var brote i 2 saker, noko som utgjer 1,1 % av sakene. I fylket totalt var 2,23 % fristoversittingar i 2012.²⁵ I stikkprøvegjennomgangen av ni hjelpetiltakssaker fann revisjonen at alle meldingane var gjennomgått innan ei veke.

4.7 Undersøkingar

4.7.1 Gjennomføring av undersøkingar

Meldingssaker som går vidare til undersøking blir tildelt ein av sakshandsamarane i MOTI-gruppa. Sakshandsamar har ansvar for å hente inn naudsynt informasjon til undersøkinga. Ein av

²⁵ Tal frå rapporteringa for Hordaland er henta frå ei anna kjelde

leiarane som er intervjuar viser til at barneverntenesta ikkje har ei fast rutine for korleis dei hentar inn opplysingar i undersøkingssaker. Dette skuldast at sakene og tematikken er så ulike i dei ulike undersøkingane at dei enkelte sakshandsamarane må finne ut kva som er rasjonelt og relevant i kvar sak. Det blir vist til at fokuset er at barn får rett hjelp til rett tid, og at omfanget av undersøkinga skal stå i forhold til saka si alvorgrad. Det blir også peikt på at barneverntenesta bygger sin praksis for gjennomføring av undersøkingar på departementet sine rettleiarar og malar, samt anerkjente faglege føringar på området.

Det går fram av intervju at barneverntenesta alltid kallar foreldre inn til eit møte når ei undersøking startar opp, med unntak av i saker der det er mistanke om overgrep. Informasjon blir også henta inn frå instansar som kjenner barnet sin situasjon, slik som barnehage, skule og helsesøster. I tillegg hentar barneverntenesta inn informasjon ved hjelp av observasjonar i heimen, og gjennom samtalar med foreldre og barn. Barneverntenesta sin psykolog er med på observasjonar i dei mest krevjande sakene.

Det var blitt starta opp undersøking i sju av dei ni hjelpetiltakssakene revisjonen gjekk gjennom i stikkprøvegjennomgangen. I seks av desse sakene er det dokumentert i fagsystemet at barneverntenesta har henta inn opplysingar frå foreldre og frå andre relevante instansar. I den sjuande saka var det ikkje henta inn opplysingar verken frå foreldre eller andre instansar, sjølv om det då stikkprøvegjennomgangen blei gjennomført var over to månader sidan meldinga kom inn. Barneverntenesta opplyser at dei ikkje vurderte det som naudsynt å snakke med foreldra, fordi tema for meldinga var velkjent, og fordi barneverntenesta var i ferd med å vurdere om den skulle setje i verk omsorgsovertaking for barnet.

Det blir i intervju presisert at det i endra barnevernlov, som enno ikkje har tredd i kraft, blir lagt opp til at barn skal involverast i større grad og i fleire fasar enn i dag. Barneverntenesta har, som ein følgje av dette, gjennomført og planlagt fleire konkrete samlingar der samtalar med barn er tema. Det blir peika på at det kan vere utfordrande for dei tilsette å gjennomføre samtalar med barn. Revisjonen har fått opplyst at tilsette ved barneverntenesta har kompetanse på samtalar med barn, men at kompetansen må utviklast og haldast ved like.

Av dei ni hjelpetiltakssakene som revisjonen gjennomgjekk, var det aktuelt å kontrollere om det var gjennomført samtalar med barn i to av sakene²⁶. I ei av desse sakene var det ikkje gjennomført samtale med barnet. Barneverntenesta kommenterer at denne undersøkinga gjaldt søknad om økonomisk støtte til mor, og at det i denne saka difor ikkje blei vurdert som føremålstenleg å snakke med barnet.


Ein av leiarane i barneverntenesta viser til at barneverntenesta har ein fast praksis for at det alltid skal skrivast undersøkingsrapport etter at ei undersøking er ferdigstilt. Konklusjonen på undersøkinga skal gå fram av undersøkingsrapporten. Det blir opplyst at fagleiar kvalitetssikrar alle undersøkingsrapporter. Undersøkinga blir registrert som ferdigstilt i fagsystemet ved at det blir merka av for at tiltak er sett i verk, eller at undersøkinga er henlagt. Barnevernet si undersøking var avslutta i fem av dei ni hjelpetiltakssakene revisjonen gjekk gjennom. I alle dei fem sakene var dato for avslutting av undersøkinga dokumentert i fagsystemet. I to av desse sakene fann revisjonen ikkje dokumentasjon på at det var utarbeidd undersøkingsrapport. Barneverntenesta kommenterer at dei ikkje vurderte det som naudsynt med undersøkingsrapport i desse sakene. Dette blir grunnlagt med at undersøkinga i den første saka hadde eit avgrensa omfang, medan hjelpetiltaket i den andre saka var ei forlenging av eit tidlegare hjelpetiltak.

Det går fram av KOSTRA at det er vesentleg færre undersøkingar som fører til tiltak i Lindås kommune, samanlikna med kommunegruppa og landet utan Oslo (sjå figur 5 på neste side). Det går også fram av figuren at denne tendensen har blitt sterkare i løpet av dei siste fem åra. Det blir i intervju vist til at det er fleire årsaker til at barneverntenesta i Lindås henlegger ei sak etter undersøking. Årsaka er ofte at foreldra ikkje ønskjer å ta imot hjelp, sjølv om barneverntenesta

²⁶ Dette gjaldt saker der barnet var over sju år, der melding var gått vidare til undersøking, og der prosessen med innhenting av opplysingar var byrja.

meiner at det er behov for tiltak. Foreldra kan også vere ueinige i barnevernet sin konklusjon på undersøkinga. Ein anna årsak til henlegging etter undersøking kan vere at barneverntenesta ikkje finn at det er grunn til å setje i verk tiltak. Barnet kan også vere flytta til ein annan kommune, noko som medfører at barneverntenesta sender saken vidare til rett kommune.

Figur 5: Prosentdel undersøkingar som fører til tiltak



Kjelde: KOSTRA

4.7.2 Etterleving av frist for undersøkingar

Tal barneverntenesta har rapportert til fylkesmannen knytt til gjennomføring av undersøkingar er vist i tabell 2 under. Det går her fram at Lindås gjennomførte 148 nye undersøkingar i 2012, og at fristen på gjennomføring av undersøking blei overskride i 10,1 % av sakene. Til samanlikning var gjennomsnittleg prosentdel fristbrot i fylket 16,95 % i same periode.

Tabell 2: Lindås kommune. Undersøkingar 2012.

| | Nye undersøkingar | Avvik frå frist | % saker avvik frå frist |
|---------------|-------------------|-----------------|-------------------------|
| Lindås | 148 | 15 | 10,1 % |
| Fylket totalt | 3776 | 640 | 16,95 % |

Kjelde: Rapportering til Fylkesmannen frå Lindås, tal summert frå vår og haust 2012. Tal for Hordaland henta inn frå anna kjelde

Barneverntenesta si undersøking var gjennomført innan den lovpålagte fristen i alle dei fem sakene revisjonen gjekk igjennom der undersøkinga var ferdigstilt. I fire av sakene var undersøkinga gjennomført innan tre månader. I ei av sakene hadde barneverntenesta beslutta å utvide fristen til seks månader, og undersøkinga var gjennomført innan denne fristen.

Revisjonen har motteke kopi av brev frå barneverntenesta i Lindås til Fylkesmannen, der det går fram at barneverntenesta hadde brukt meir enn seks månader på ei undersøking i 2012, og to undersøkingar i 2011.

4.8 Hjelpetiltak

4.8.1 Kommunen sine tilbud av hjelpetiltak

Det blir i intervju med barneverntenesta gitt uttrykk for at det i Lindås kommune har vore ein medviten politikk å satse ressursar på barnevernet sine hjelpetiltak, og at dette har vore positivt for barneverntenesta. Det går fram av intervju og dokumentasjon at barneverntenesta i Lindås mellom anna tilbyr følgjande hjelpetiltak:

- Familieveiledergruppa. Tre faste stillingar som familierettleiarar, som både arbeider heime hos familieane og på kontoret. Rettleiing i heimen har mellom anna fokus på tilknytingsrelasjonar i tidleg alder. Tiltakspersonellet er lokalisert på barnevernkontoret.
- Fire personar ved barneverntenesta har COS²⁷-utdanning, der tema er kommunikasjon med barn i eit tilknytingsperspektiv. Barneverntenesta arrangerer COS-kurs for foreldre vår og haust.
- Individuell rettleiing eller rådgjeving
- Avlastning i eller utanfor familien ved hjelp av avlastningsheimar
- Støttepersonar som barneverntenesta sjølv har rekruttert
- Økonomisk støtte, til dømes til barnehage
- Samarbeid via ansvarsgrupper, familiemøter, støtte i kontakt med andre etater etc.

Fleire av dei som er intervjuja peiker på at barneverntenesta har høg kompetanse internt, og tilgong til mykje metodikk, noko som gjer at dei i liten grad kjøper inn tenester frå eksterne ved gjennomføring av hjelpetiltak. I tillegg til å tilby hjelpetiltak sjølv, kan kommunen tilby hjelpetiltak via Bufetat og andre instansar, slik som tiltak som PMTO, Familieråd, MST, familierettleiing i institusjon, DUÅ, Familievernkontoret. Det blir presisert i intervju at tiltak ikkje alltid blir sett i verk med ein gang etter at ei undersøking er ferdig. Årsaka til dette er at det til dømes kan ta tid å få tak i personar som kan gjennomføre hjelpetiltaka.

Det blir også vist til at barneverntenesta i Lindås særleg satsar på hjelpetiltak som går ut på å rettleie, støtte og lære opp foreldre som treng dette, og at slike tiltak blir nytta og etterspurd stadig meir. Det blir i intervju kommentert at nye faglege føringar for barnevernfeltet (t.d. Raundalen-utvalet) legg større vekt enn før på tilknytning og det relasjonelle, og at barneverntenesta i Lindås allereie har hatt fokus på desse aspekta i ei årrekke.

Det blir også fortalt i intervju at barneverntenesta har eit nytteperspektiv ved utforming og iverksetting tiltak, og ein er oppteken av at det skal definerast med klare mål for tiltaket. Ein av dei som er intervjuja meiner likevel at sakshandsamarar i barneverntenesta har eit forbetningspotensial når det gjeld å konkretisere kva type endringsarbeid som er ønskja når dei bestiller rettleiingstiltak frå Familieveiledergruppa.

Leiing og tilsette i barneverntenesta gir i intervju uttrykk for at ein opplever at tenesta kan tilby eit breitt spekter av gode og relevante hjelpetiltak, og at tenesta i liten grad opplever å ha vesentlege økonomiske eller andre avgrensingar i høve til å kunne gje eit godt tilbud på dette området. Det blir gitt uttrykk for at dersom kommunen skulle ha utvida sitt tilbud om hjelpetiltak, kunne ein i større grad ha satsa på støttepersonar for foreldre, med mål å stimulere barna og/eller å avlaste foreldra. Barneverntenesta har ein «bank» med denne typen støttepersonell, men tenesta gjerne skulle hatt fleire personar tilgjengeleg.

4.8.2 Tiltaksplanar og evaluering

Det går fram av intervju med barnevernleiar at alle barn som får hjelpetiltak frå barneverntenesta i Lindås kommune har tiltaksplan, eventuelt med unntak av éin eller to sakar. Tala barneverntenesta har rapportert til fylkesmannen (tabell 3 på neste side), viser likevel at nesten

²⁷ COS (Circle of Security) er en metode for å fremme god tilknytning mellom foreldre og barn, og dermed forebygge utvikling av vansker for barna.

40 % av barna som fekk hjelpetiltak av Lindås kommune i 2012, mangla tiltaksplan. Prosentdelen barn med hjelpetiltak som mangla tiltaksplan i fylket totalt, var på 14,7 % i 2012.

Tabell 3: Prosentdel barn som har tiltaksplanar i Lindås kommune og i Hordaland totalt

| | Tal på barn i hjelpetiltak totalt | Tal på barn som ikkje har tiltaksplan | Prosentdel som ikkje har tiltaksplan |
|--------------------------|-----------------------------------|---------------------------------------|--------------------------------------|
| Lindås, 1. halvår 2012 | 56 | 16 | 28,6 % |
| Lindås, 2. halvår 2012 | 53 | 27 | 50,9 % |
| Hordaland, 1.halvår 2012 | 2766 | 381 | 13,8 % |
| Hordaland, 2.halvår 2012 | 2721 | 424 | 15,6 % |

Kjelde: Rapportering til Fylkesmannen oversendt frå Lindås, tal for Hordaland henta frå ei anna kjelde.

Det blir i intervju vist til at dei innrapporterte tala for Lindås (referert i tabellen over), ikkje er riktige. Barnevernsleiar har gitt tilbakemelding til fylkesmannen om at rapporteringa på tiltaksplanar er feil. Lindås kommune si rapportering til KOSTRA når det gjeld tiltaksplanar blir også oppgitt å vere feil.

Revisjonen har fått opplyst at dei tilsette i barneverntenesta har gjennomgått alle sakene frå 2. halvår 2012, der det i rapporteringa til fylkesmannen er registrert at tiltaksplan manglar. Det går fram at tiltaksplan mangla på rapporteringstidspunktet i seks av sakane, men at tiltaksplan er blitt utarbeidd i etterkant i nokre av desse sakene. For dei resterande 21 barna, meiner barneverntenesta at statistikken feilaktig viser at barn manglar tiltaksplan, og det blir vist til ulike forklaringar på dette. Ei slik forklaring, er at sakshandsamar har gløymt å gjere dei naudsynte «avkryssingane» i sakshandsamingssystemet. Det blir også vist til at enkelte barn har fått sett i verk tiltak før undersøkinga er ferdig, og at tiltaksplan vil bli utarbeidd når undersøkinga er ferdigstilt og heile tiltakspakka er utarbeidd. Vidare blir det vist til at fagsystemet rapporterer feil, mellom anna ved at systemet tar med barn som ikkje skal ha tiltaksplan etter barnevernlova § 4-5, under dette barn som er under omsorg (som har omsorgsplan), og einslege mindreårige flyktingar (som har ein annan type tiltaksplan). Det blir peikt på at barneverntenesta stadig er i dialog med leverandøren for å sikre meir korrekt rapportering frå fagsystemet, og at tenesta har store utfordringar med feilrapportering frå systemet.

Det går fram av intervju at fagsystemet til barneverntenesta gir dei einskilde sakshandsamane jamlege påminningar om i kva saker ein manglar tiltaksplan. Fagleiar i MOTI-gruppa har også ei rolle i å sikre at det blir utarbeidd tiltaksplanar.

Av dei ni hjelpetiltakssakene revisjonen gjennomgjekk, fann revisjonen ei sak der det ikkje låg føre gyldig tiltaksplan, sjølv om hjelpetiltaket var i drift. Arbeidet med tiltaksplan var starta opp i fagsystemet, men ikkje ferdigstilt.

Det går fram av dokumentasjonen som revisjonen har fått oversendt at Lindås kommune nyttar departementet sin rutinehandbok i arbeidet med tiltaksplanane.²⁸ Revisjonen har også fått oversendt kommunen sin mal for tiltaksplan. Det går fram av intervju at sjølv om barneverntenesta har utarbeida ein mal for tiltaksplaner, utformer dei tilsette likevel tiltaksplanen litt ulikt. Det blir kommentert at måten fagsystemet er sett opp, gjer det utfordrande å finne ein

²⁸ Barne- og likestillingsdepartementet: *Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barneverntjenesten – en veileder*, mars 2006.

god, felles rutine for utforming av tiltaksplan, og dei tilsette har valt ulike løysningar. Det går også fram av revisjonen sin gjennomgang av stikkprøver at barneverntenesta utformer tiltaksplanar på ulike måtar.

Det går fram av intervju at barneverntenesta alltid sikrar samtykke frå foreldre ved iverksetting av hjelpetiltak, og det blir presisert at barnevernet ikkje har mynde etter lova å fatte vedtak om hjelpetiltak utan at foreldra er samde i at tiltak skal setjast i verk. Det blir opplyst at barneverntenesta ikkje alltid nyttar skriftleg samtykke tildeling av hjelpetiltak, verken i form av samtykkeskjema eller ved at tiltaksplanen blir undertekna av foreldre.

I stikkprøvegjennomgangen undersøkte revisjonen om det var dokumentert skriftleg samtykke²⁹ frå foreldre og/eller frå ungdommar over 15 år ved iverksetting av hjelpetiltak. Revisjonen fann ei sak der foreldra ikkje hadde gitt skriftleg samtykke i form av søknad om hjelpetiltak, signatur på tiltaksplan og/eller signatur på samtykkeskjema. Denne saka gjaldt eit hjelpetiltak med kombinert føremål å gje positive fritidsopplevingar for barnet, og å avlaste foreldra.

Det går fram av intervju at kommunen har faste rutinar for evaluering av tiltaksplaner. I tiltaksplanane skal det alltid fastsettast tidspunkt og ansvar for evalueringane, men det er ikkje nokon felles praksis ved tenesta når det gjeld tidspunkt/intervall for slike evalueringar. I nokre saker blir det sett i gong tiltak som skal gå over fleire år, og ein fattar då eit vedtak utan sluttdato. Eitt døme på dette er finansiering av barnehageplass. Slike tiltak blir evaluert i samsvar med oppsett evalueringsplan. Fagsystemet har ikkje automatisk varsling av evalueringstidspunkt, og den enkelte sakshandsamar må sørge for tidsriktig evaluering. Det blir i intervju opplyst at det i tillegg til evalueringane av tiltaksplanane, kontinuerleg skjer ei evaluering av tiltaka rundt eit barn, mellom anna gjennom arbeidet i ansvarsgruppe for barn som har dette.

I tillegg til evaluering av tiltaksplan etter barnevernlova, har Familieveiledergruppa eigne rutinar for evaluering. I følge Familieveiledergruppa sin rutine skal det alltid utarbeidast ein sluttrapport når rettleiingstiltak frå Familieveiledergruppa blir avslutta. Sluttrapporten skal alltid leggjast fram for foreldra, slik at dei kan gje innspel til innhaldet i rapporten. Det går vidare fram av den skriftlege rutinen for Familieveiledergruppa at rettleiinga skal evaluerast undervegs av rettleiar³⁰. Det går fram av intervju at familierettleiarane er blitt mykje flinkare til å gjennomføre den planlagde evalueringa av tiltaka det siste halvåret.

Stikkprøvegjennomgangen viser at tidsperioden som tiltaksplanen gjeld for, gjennomgåande blir registrert i fagsystemet. Evalueringsdato blir vanlegvis også sett opp, men revisjonen fann eit døme på at dette ikkje var gjort.

I fleire av dei sakene revisjonen gjekk gjennom fann revisjonen i lita grad dokumentasjon på at tiltaksplanar var evaluert. I ei av sakene der revisjonen fann dokumentasjon på evaluering, var ikkje alle tiltaka i tiltaksplanen evaluert, men det var gjennomført evalueringar av enkelttiltak. Det går også fram av stikkprøvegjennomgangen at barneverntenesta dokumenterer evaluering av hjelpetiltak på ulike måtar, til dømes i form av journalnotat. I ei sak der tiltaksperioden har gått ut, viser dokumentasjon i saksmappa at vedtak om hjelpetiltak gjekk ut i slutten av 2012, utan at tiltaket er evaluert eller vidareført. Foreldra, som ønska vidareføring av tiltaket, hadde ikkje fått grunnleggjande kvifor tiltaket blei avslutta. Barneverntenesta kommenterer at tiltaket blei vidareført, men i ei anna form. Det blir stadfesta at kontakten med foreldra i ein periode var for liten fordi barneverntenesta mangla folk.

4.8.3 Vedtak om hjelpetiltak

Det går fram av intervju at barnevernleiar, når ho er til stades, skriv under alle enkeltvedtak som blir fatta av barneverntenesta. Det går fram av barneverntenesta si skriftlege rutine for oppgåve

³⁰ Lindås kommune, Barneverntenesta: *Rutine for Veiledningsgruppen – Nærmiljøtiltaket*. (Nærmiljøtiltaket har no skifta namn til Familieveiledergruppa.)

og ansvarsfordeling³¹ at viss barnevernleiar ikkje er til stades, er ansvaret for signering av tiltak og tilvising delegert til fagleiar for MOTI-gruppa, fagleiar Omsorgsgruppa eller fagleiar Einslige mindreårige flyktningar.

I alle dei ni hjelpetiltakssakene som revisjonen har gjennomgått, er vedtak om tiltak dokumentert. Alle vedtaka er grunnleggjande, og det er vist til faktiske forhold. I åtte av sakene viser vedtaket til relevant lovparagraf, medan det i ei av sakene blir vist til barnevernlova, utan å vise til ein konkret paragraf³². I ei av sakene er det ikkje informert om klagetilgong i vedtaket.

4.9 Barneverntenesta si oppfølging av fosterheimar

Det går fram av dokumentasjon revisjonen har mottatt at Lindås kommune har omsorgsansvar for 28 barn som bur i fosterheimar.³³ I tillegg har barneverntenesta fem barn/unge plassert i institusjonar, samt at dei følgjer opp fleire ungdommar som har flytta frå fosterheim til eigen bustad.

Det går fram av dokumentasjon barneverntenesta har oversendt revisjonen at fosterheimsarbeidet er basert på rettleiaren «Retningslinjer for fosterhjem» av 15. juli 2004,³⁴ boka Barnevern 2012-2014, og ulike forskrifter og rettleiarar frå departementet.

4.9.1 Plassering i fosterheim som frivillig hjelpetiltak

Barneverntenesta i Lindås hadde per 15. april 2013 10 barn/unge plassert i fosterheimar med heimel i barnevernlova § 4-4, 5. ledd. Dette utgjør litt over 25 % av kommunen sine fosterheimsplasseringar. Fosterheimsplasseringar etter § 4-4, 5. ledd er ein form for frivillig hjelpetiltak, der foreldra har gitt samtykke til plassering utanfor heimen, og der barneverntenesta ikkje har overtatt over omsorga for barnet. I intervju forklarar barneverntenesta den relativt høge prosentdelen fosterheimsplasseringar som frivillig hjelpetiltak med at tenesta har eit godt samarbeid med dei aktuelle familiene. Plasseringar som frivillig hjelpetiltak skjer ofte innan familien sitt eige nettverk, og ofte i situasjonar der både foreldre og barn ser at dei treng hjelp.

Barneverntenesta har ikkje fastsette intervall der dei evaluerer om barneverntenesta skal setje i verk omsorgsovertaking etter § 4-12 for barn som er plassert i fosterheim etter § 4-4, 5. ledd. Fleire av dei intervjua representantane for barneverntenesta peiker på at det fortløpande blir evaluert om tiltaket er til beste for barnet. Slike evalueringar blir til dømes gjort ved evaluering av tiltaksplanar, og på fagmøta i Omsorgsgruppa. Ein av dei som er intervjua viser til at nokre barn har vore plassert etter § 4-4, 5. ledd i mange år, i eitt døme har eit barn vore plassert etter denne paragrafen i fire år. Ei vanleg årsak til at barneverntenesta vel å vente med å fremje sak om permanent omsorgsovertaking, er at dei vil sjå om det skjer ei betring i omsorgsevna til dei biologiske foreldra. Ein av dei som er intervjua meiner barnevernet må gjere nærare prinsipielle vurderingar og diskutere fordelar og ulemper med å ha plasseringar etter § 4-4, 5. ledd over lenger tid. Intervjuobjektet peiker på at det i samband med slike plasseringar er ei utfordring at foreldra har omsorga for barnet, og dei difor kan trekkje samtykket til plasseringa. Ein annan representant for barneverntenesta viser til at det har hendt at biologiske foreldre for barn som er frivillig plassert ønskjer å få barna tilbake, men at barnevernet då har høve til å fatte flytteforbod og fremje sak om omsorgsovertaking for fylkesnemnda.

I spørjeundersøkinga svarer ein av fosterfamiliene at deira fosterbarn har vore plassert hos dei etter § 4-4, 5. ledd i mellom to og tre år. Fosterforeldra til dette barnet svarer vidare at dei opplever at det fungerer til barnet sitt beste at plasseringa er frivillig.

³¹ Lindås kommune. Barneverntenesta. Oppgave og ansvarsfordeling.

³² Vedtaket revisjonen viser til er frå 2012. Barneverntenesta opplyser at det i eit nyare vedtak i same sak er påført heimel.

³³ Desse plasseringane er anten heimla i Lov om barneverntenester §§ 4-12 (24 barn), 4-6,2.ledd (3 barn) eller 4-8, 3.ledd (1 barn).

³⁴ «Retningslinjer for fosterhjem» av 15.juli 2004 <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/barnevern/retningslinjer-for-fosterhjem.html?id=415699>

4.9.2 Rekruttering og godkjenning av fosterheimar

Det går fram av intervju at alle fosterheimar som Lindås kommune nyttar, er godkjente. I intervju blir det presisert at Bufetat gir fosterheimar ei generell godkjenning, og at barneverntenesta i kommunen må godkjenne heimen for det enkelte barn i etterkant.

Revisjonen har fått opplyst at når barneverntenesta i Lindås godkjenner ein fosterheim, kan det i nokre tilfelle gå nokre dagar frå godkjenninga er ferdig, og til den formelt blir underskriven av barneverntenesta.

I stikkprøvegjennomgangen av fosterheimssaker blei godkjenning av fosterheim kontrollert for fosterheimsplasseringar i Lindås kommune som var gjennomført i 2010 eller seinare. Dette gjaldt fem saker. I fire av dei fem sakene var det dokumentert at fosterheimen var godkjent. I den femte saka opplyser barneverntenesta at fosterheimen blei godkjent før plassering, men dette ikkje er dokumentert skriftleg. I to av sakane blei fosterheimen formelt godkjent høvesvis to og fire veker etter innflytting.

4.9.3 Fosterheimsavtalar

Det går fram av intervju og dokument oversendt revisjonen at kommunen har to malar for fosterheimsavtalar. I samband med fosterheimsplasseringar etter § 4-12 (omsorgsovertaking), brukar barneverntenesta «Fosterheimsavtalen» utarbeidd av departementet.³⁵ For fosterheimsplassering som hjelpetiltak etter § 4-4, 5. ledd, brukar barneverntenesta ein eigenutvikla avtalemal. Det går fram av intervju med fagleiar for Omsorgsgruppa at fosterheimsavtalar alltid blir skriven under både av kommunen og fosterheimen, og at fosterheimsavtalane mellom kommunen og fosterforeldra i dei fleste døma er på plass før barnet flytter inn, både når det gjeld omsorgsovertaking og plasseringar etter § 4-4,5. ledd.

I spørjeundersøkinga svarer alle fosterforeldre der Lindås kommune er oppdragsgjevar at dei har inngått fosterheimsavtale med barneverntenesta i Lindås kommune. Avtale er inngått anten etter departementet sin mal, eller Lindås kommune sin avtalemal for fosterheimsplassering etter § 4-4, 5. ledd.

I stikkprøvegjennomgangen av sju fosterheimssaker fann revisjonen dokumentasjon på inngåtte fosterheimsavtalar i fire sakar, og barneverntenesta har i etterkant rapportert til revisjonen at gyldige fosterheimsavtalar ligg føre i ytterlegare to saker. I ei sak ligg det ikkje føre gyldig fosterheimsavtale. Dette skuldast at det blei inngått fosterheimsavtale ved opphavleg plassering som frivillig plassering, men at det ikkje blei inngått ny avtale i samband med vedtak om omsorgsovertaking to år seinare. Barneverntenesta opplyser at dette skulle ha vore gjort, men at ny sakshandsamar hadde gått ut frå at alt var i orden då vedkommande overtok saka.

I spørjeundersøkinga svarar seks av tretten fosterforeldre at det i fosterheimsavtalen til *i stor grad* går tydeleg fram av kva rettar og pliktar dei har som fosterforeldre, medan seks av tretten svarer at dette *til ein viss grad* går tydeleg fram. Tre av tretten fosterforeldre svarer at fosterheimsavtalen blir gjennomgått årleg, medan fire fosterforeldre viser til at den ikkje blir gjennomgått årleg. Dei siste seks fosterforeldra svarar *veit ikkje* på dette spørsmålet. Ein av respondentane kommenterer at fosterheimavtalen dei har inngått med kommunen ikkje har blitt gjennomgått etter den blei inngått i 2003.

³⁵ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/barnevern/fosterhjem.html?id=630511>

4.9.4 Opplæring

I spørjeundersøkinga svarar 67 % av fosterforeldra (10) at dei har delteke på opplæring/kurs for fosterforeldre. Dei fleste av desse (sju av ti), har delteke på PRIDE-kurs³⁶. Dei som ikkje har delteke på kurs/opplæring, grunngjev dette mellom anna med at det ikkje var behov for kurs sidan det var snakk ei frivillig plassering i den utvida familien, at det hasta med plassering, eller at dei hadde lang erfaring med å arbeide med ungdom. To av fosterforeldra fortel at dei ikkje har fått tilbod om PRIDE-kurs, og ei av desse foreldra fortel at dei har delteke på fleire kurs på eiga rekning.

Blant dei som har svart at dei har delteke på opplæring, er det to tredeler (9) som opplever at dei *i stor grad* har fått tilstrekkeleg opplæring for å kunne utføre oppgåva som fosterforeldre på ein god måte, medan ein tredel (3), svarar at dei berre *til ein viss grad* har fått tilstrekkeleg opplæring.

4.9.5 Rettleiing

Representantar for barneverntenesta opplyser i intervju at alle fosterfamiliar barneverntenesta i Lindås har ansvar for, får tilbod om råd og rettleiing. Dette gjeld både barn som barneverntenesta har omsorgsansvar for, og barn som er plassert i fosterheim som frivillig plassering. Ein del av fosterheimane får rettleiinga frå tilsette i barneverntenesta. Barneverntenesta leiger i tillegg inn eksterne rettleiarar, sidan tenesta ikkje har kapasitet til å ivareta rettleiinga for alle fosterheimane sjølv.

Bufetat viser i intervju til at Lindås kommune har god oppfølging av fosterheimane. I tillegg til besøk, råd og rettleiing av barneverntenesta, får fosterforeldre tilbod om kurs og rettleiing i grupper organisert av Bufetat.

I spørjeundersøkinga fekk fosterforeldre som hadde oppgitt at dei hadde Lindås kommune som oppdragsgjevar spørsmål om rettleiingstilbodet frå barneverntenesta. 71,4 % (10) av fosterforeldra svarte at dei får rettleiing som fosterforeldre, medan 21,4 % (3) svarer at dei ikkje får rettleiing. Ein fosterforelder (7,1 %) svarte at familien får rettleiing frå BUP. Dei tre fosterforeldra som hadde svart at dei ikkje får rettleiing som fosterforeldra, fekk oppfølgingsspørsmål om dei hadde fått tilbod om rettleiing frå barneverntenesta. Til dette svarte ein fosterforelder *ja*, medan to svarte *nei*. Det går fram av intervju og kommentarfelt i spørjeundersøking at årsakene til at ein skilde fosterheimar takkar nei til tilbodet om rettleiing, er at fosterforeldra ikkje opplev at rettleiaren gir nyttige råd, eller at dei ikkje opplev at dei har behov for rettleiing.

I intervju opplyser barneverntenesta at det vanlegvis blir gitt om lag to timar rettleiing til fosterforeldra ein gong i månaden eller annankvar månad, men tenesta har ikkje sett spesielle økonomiske grensar for kor mykje rettleiing ein fosterfamiliarane kan få. Det går fram av spørjeundersøkinga at 40 % (4) av dei som mottar rettleiing får dette månadleg eller oftare, 10 % (1) får dette månadleg til annankvar månad, 30 % (3) får rettleiing annankvar månad til halvårleg, og 20 % (2) får rettleiing sjeldnare enn ein gang i halvåret.

Dei som er intervjuet frå barneverntenesta viser til at fosterheimane i hovudsak opplev at dei får god rettleiing. I spørjeundersøkinga svarar halvparten (5) av dei som får rettleiing frå barneverntenesta at dei *i stor grad* opplever at dei får tilstrekkeleg rettleiing for å kunne utføre oppgåva som fosterforeldre på ein god måte, medan den andre halvparten (5) svarer at dei *til ein viss grad* opplever at rettleiinga er tilstrekkeleg.

Ei analyse revisjonen har gjort, viser at det er ein klar samanheng mellom hyppigheit på rettleiinga og i kva grad fosterforeldra opplever at rettleiinga er tilstrekkeleg. Fire av dei fem som *til ein viss grad* opplever at dei får tilstrekkeleg rettleiing, får rettleiing sjeldnare enn ein gong

³⁶ http://www.bufdir.no/Fosterhjem/Hvordan_bli_fosterhjem/Delta_pa_kurs/

annakvar månad. Samstundes svarar fire av dei fem som får rettleiing månadleg eller oftare, at dei *i stor grad* opplever rettleiinga som tilstrekkeleg.

Frå barneverntenesta blir det i intervju vist til at barneverntenesta kan gi ekstra rettleiing til fosterforeldre i vanskelege periodar, til dømes i samband med åtferdsending hos barnet eller hendingar i familien. Fosterforeldre som har hatt det tøft har gitt barneverntenesta tilbakemelding om at dei har hatt svært god nytte av sin rettleiar. I spørjeundersøkinga fortel ein fosterforelder for ein ungdom med store vanskar at samarbeidet med barneverntenesta har vore ope og tillitsfullt, og at barnevernet hjalp familien med å finne gode løysingar.

4.9.6 Besøk i fosterheimen

Barneverntenesta gjennomfører besøk i fosterheimen, og har i tillegg telefonkontakt med fosterforeldra. Det er ikkje utarbeidd nokon mal for kva tema ein skal ta opp på besøka, men dei tilsette i barneverntenesta som har lang erfaring, og ser ikkje behov for ei slik formalisering. Revisjonen sin stikkprøvegjennomgang viser at besøka i fosterheim blir dokumentert som journalnotat i ACOS.

I rapporteringa til fylkesmannen for hausten 2012 går det fram at 14 av dei 25 barna som hadde vore plassert i fosterheim i meir enn eitt år, ikkje hadde fått oppfylt dei lovpålagte besøka frå barneverntenesta i Lindås kommune. Når det gjeld barn som hadde vore plassert i fosterheim i mindre enn eitt år, låg det på rapporteringstidspunktet an til at fem av seks barn ikkje ville få oppfylt dei lovpålagte krava til besøk. Det blir også i intervju opplyst at barneverntenesta i nokre tilfelle ikkje gjennomfører dei fosterheimsbesøka dei er pålagt etter loven. Det blir opplyst at dette kan skuldast avlysingar, geografisk avstand, eller vanskar med å finne tid som passer grunna tett program hos fosterfamilien. Ein av dei som er intervjuet viser til at barneverntenesta i nokre av desse sakene likevel har hatt andre typar møter med barnet og fosterforeldra, som ikkje formelt sett blir rekna som eit fosterheimsbesøk. Det blir også vist til at barneverntenesta i mange døme har hyppig kontakt med fosterfamiliane på telefon og sms, noko som blir stadfesta gjennom sjekk av journaloppføringar i stikkprøvegjennomgangen.

Barneverntenesta opplyser i intervju at den i fleire saker har redusert talet på fosterheimsbesøk frå fire til to gonger i året. Det blir opplyst i intervju at dette er gjort i overenskomst med fosterforeldra. Det går vidare fram av intervju at dei tilsette tidlegare ikkje var klar over at ein slik reduksjon i talet på fosterheimsbesøk måtte vedtaksfestast. Tenesta er no i gang med å formalisere dette, og det er utarbeidd ein eigen vedtaksmal for reduksjon i talet på fosterheimsbesøk, som revisjonen har fått kopi av.³⁷ I denne malen går det fram at vedtak om reduksjon i talet på fosterheimsbesøk er grunngitt med at barneverntenesta vurderer situasjonen i fosterheimen som stabil og god. Det går også fram av malen at reduksjonen i talet på besøk skal ha vore drøfta med fosterforeldra, og at desse skal ha vore samde i avgjerda om reduksjon i talet på besøk. I malen er det vidare presisert at dersom situasjonen i fosterheimen endrar seg, vil barneverntenesta straks auke opp talet på besøk.

Revisjonen gjekk gjennom talet på fosterheimsbesøk for 2012 og 2013. Kvart av desse åra fann revisjonen ei sak (to ulike saker) der barneverntenesta ikkje hadde gjennomført tilstrekkeleg tal besøk i sjølve fosterheimen, men der revisjonen får opplyst at barneverntenesta i staden har gjennomført møte med barn og foreldre utanfor fosterheimen. I den eine saka har barneverntenesta vore på eit besøk i fosterheimen, og gjennomført minst tre slike møter utanfor heimen. I den andre saka flytta ein ungdom inn i fosterheim tidleg på året, og blei buande i litt over eit halvt år. Det blei ikkje gjennomført eit besøk i sjølve fosterheimen, men det er gjennomført fleire samtalar mellom barneverntenesta, ungdommen og fosterforeldra på barneverntenesta sitt kontor. I tillegg fann revisjonen det mangla dokumentasjon på eit fosterheimsbesøk for eit av barna i 2013. Revisjonen har fått opplyst frå barneverntenesta at

³⁷ Barneverntenesta i Lindås kommune: «Mal for vedtak om redusering av fosterheimsbesøk».

dette besøket var journalført i journalen til eit søsken, og ikkje kopierte inn i det aktuelle barnet sin journal.

I to av sakene var det både for 2012 og 2013 gjennomført to (framfor fire) besøk i fosterheimen. Revisjonen får opplyst at dette er i samsvar med barneverntenesta si avgjerd om reduksjon i talet på fosterheimsbesøk frå fire til to årlege besøk. Det er ikkje fatta enkeltvedtak om reduksjon i talet på fosterheimsbesøk for desse to barna. Begge sakene gjaldt barn som hadde budd i same fosterheimen lenger enn dei to åra som er kravet for at barneverntenesta kan fatte vedtak om reduksjon i talet på fosterheimsbesøk.

Besøka frå barneverntenesta blir dokumentert som journalnotat i barneverntenesta sitt fagsystem, under ein eigen fane som medverkar til at besøka blir talt opp automatisk i samband med rapportering til fylkesmannen.

I spørjeundersøkinga svarar 80 % (12) av fosterforeldra *ja* på spørsmål om barneverntenesta har besøkt fosterheimen så ofte som det har vore naudsynt, 6,7 % (1) svarar *til ei viss grad*, medan 13,3 % (2) svarar *nei*. Fleire av respondentane i spørjeundersøkinga kommenterer at dei er nøgde med oppfølginga dei får knytt til besøk i fosterheimen. Ein fosterheim kommenterer at dei ikkje får god nok oppfølging, at sakshandsamar opplever det som unødvendig å kome på besøk, og at dei berre har fått besøk frå barneverntenesta ein gong i året.

4.9.7 Forsterking og annan oppfølging frå barneverntenesta

Bufetat viser i intervju til at Lindås har mange statlege fosterheimar, og at Lindås kommune har vore gode på å grunngje kvifor dei treng tiltak som statleg fosterheim eller forsterking i kommunale fosterheimar.


I spørjeundersøkinga svarar 85,7 % av fosterforeldra svarer at dei har fått forsterking- eller avlastningstiltak. Fosterforeldra viser mellom anna vist til at ein får avlastning i helgar og feriar, og enkelte er også frikjøpt frå arbeid. Fleirtalet av fosterforeldra (67 % eller 8) meiner at dei forsterknings- og avlastningstiltaka dei får *i stor grad* er relevante for å møte utfordringar hos barna, og at tiltaka er gjennomført på ein god måte.³⁸ Vidare svarer halvparten av fosterforeldra at dei forsterknings- og avlastningstiltaka dei får *i stor grad* er relevante for å møte dei utfordringane dei har som fosterforeldre.³⁹ Ingen av respondentane svarar at forsterknings- og avlastningstiltaka ikkje i det heile er relevante for barn og fosterforeldre, eller ikkje i det heile blir gjennomført på ein god måte. Det er heller ingen som svarar at dei opplever behov for forsterknings- eller avlastningstiltak som dei ikkje får.

Kor nøgde fosterforeldra er med andre sider av barneverntenesta si oppfølging, er vist i figur 6 på neste side. Figuren viser at det store fleirtalet av fosterforeldra er *svært nøgd* eller *ganske nøgd* med alle dei sidene ved oppfølginga av fosterheimane som er etterspurt. Fosterforeldra er mest nøgd *barneverntenesta si oppfølging i samband med plasseringa av barnet i fosterheimen*. Her er til saman 92,8 % (13) svært eller ganske nøgd, medan 7,1 % (1), ikkje er nøgd i det heile. Svara er mest varierende på spørsmål om *samarbeid med barneverntenesta*, der 71,4 % (10) er svært nøgd, 14,3 % (2) er ganske nøgd, medan 14,3 % (2) ikkje er nøgd i det heile. Samla sett er fosterforeldra minst nøgd med *tilrettelegging frå barneverntenesta i samband med fosterbarn sitt samvær med biologiske foreldre*. Her er 50 % (7) svært nøgd, 35,7 % (5) ganske nøgd, medan 14,3 % (2) ikkje er nøgd i det heile. Til dette blir det frå ein fosterforelder kommentert at det var fosterheimen som tok initiativ til samvær med biologisk familie, og frå ein annan fosterforelder blir det kommentert at det var fosterfamilien som stilte krav om tilsyn ved samvær.

³⁸ Vidare svarar 33% (4) at tiltaka *til ein viss grad* er relevante for å møte utfordringar hos barna. 25 % (3) svarar at tiltaka *til ein viss grad* blir gjennomført på ein god måte, medan 1 fosterforelder svarar *veit ikkje*.

³⁹ Vidare svarer 25 % (3) svarar at tiltaka *til ein viss grad* er relevante for å møte utfordringar hos foreldra, medan 1 fosterforelder svarar *veit ikkje*.

Figur 6: Kor nøgd er de med følgjande sider ved barneverntenesta i Lindås kommune si oppfølging av dykk som fosterforeldre?



Kjelde: Spørjeundersøking til fosterforeldre. N=14

I kommentarfelt i spørjeundersøkinga skriv mange fosterforeldre at dei er nøgde med oppfølginga dei har fått frå Lindås kommune. Ein fosterforelder viser til dømes til at dei gjerne fortsetter som fosterforeldre etter at det noverande oppdraget er ferdig. Ein annan fosterforelder skriver at dei tidlegare har hatt fosterbarn, og at barneverntenesta i Lindås kommune gav dette barnet god oppfølging etter at det fylte 18 år. Enkelte av dei som har svart på undersøkinga er ikkje nøgd med enkelte sider ved samarbeidet, som at det kan ta lang tid å få svar på spørsmål til barneverntenesta, eller at tenesta ikkje har følgd opp samvær med biologiske foreldre på ein god nok måte. Ein fosterforeldra er viser til at dei gjennomgåande har hatt ein lite positiv erfaring med samarbeidet med barneverntenesta. Det blir mellom vist til at kommunikasjonen med barnevernet har vore dårleg, at barnevernet ikkje har stilt på møter, at flytting av fosterbarnet har skjedd på ein måte som fosterforeldra meiner ikkje har vore til det beste for barnet.

Det blir i intervju vist til tre saker dei siste åra der Lindås kommune har sagt opp avtalar med fosterforeldre. Det blir opplyst at desse flyttingane blei gjort med tanke på barna sitt beste. Fleire viser i intervju til at kommunen sine plasseringar i fosterheim generelt sett er stabile, og at kommunen i lita grad har utfordringar med utilsikta flyttingar.

4.9.8 Omsorgsplan

Rapporteringa frå Fylkesmannen viser at 19 av 25 barn som var under omsorg frå barneverntenesta i Lindås hausten 2012, hadde omsorgsplan, og at det dermed var seks barn som mangla omsorgsplan. Det blir i intervju kommentert at tala som er rapportert til fylkesmannen når det gjeld omsorgsplanar, er feil. Tilsette i barneverntenesta viser til at alle barn som er under omsorg frå barneverntenesta i Lindås kommune, har omsorgsplan. I spørjeundersøkinga svarte ni av femten respondentar at barnet/barna dei er fosterforeldre for har omsorgsplan, medan dei resterande seks respondentane svarte *veit ikkje* på dette spørsmålet.

Fem av dei sju fosterheimssakene revisjonen gjekk gjennom, gjaldt barn som barneverntenesta i Lindås hadde overtatt omsorga for. Revisjonen fann at alle desse fem barna hadde gyldig omsorgsplan.

I spørjeundersøkinga svarer sju av åtte respondentar *ja* på spørsmålet om barneverntenesta i Lindås kommune har henta inn synspunkt frå dei som fosterforeldre i samband med utarbeiding/ending av omsorgsplan for deira fosterbarn. Ein av respondentane svarer *nei* på dette spørsmålet.

4.10 Tilsyn i fosterheimar

Barneverntenesta har ansvar for tilsyn med til saman 28 barn som bur i fosterheim i Lindås kommune. Av desse har barneverntenesta sjølv omsorgsansvar for 8, medan 20 er plassert i fosterheimar i Lindås av barneverntenestene i andre kommunar. Det går fram av intervju at eitt av desse barna har vedtak om redusert tal på tilsynsbesøk.

Det går fram av intervju at det er utfordrande å rekruttere tilstrekkeleg tal tilsynsførarar til barn der barneverntenesta i Lindås har tilsynsansvar. Barneverntenesta arbeider med rekruttering av tilsynsførarar ved å setje annonsere i avisa, gjere bruk av tips og personleg kjennskap, i tillegg til at tenesta informerer om moglegheita for å bli tilsynsførar under presentasjonar for yrkesgrupper som arbeider med barn og unge. For å sikre uavhengigheit ved rekruttering av tilsynsførarar, legg barneverntenesta vekt på at tilsynsførar ikkje skal vere ein venn av fosterforeldra. Det blir også vist til går også fram av intervju at barneverntenesta har som mål å rekruttere personar med erfaring/interesse for arbeid med barn/unge. I nokre tilfelle kjenner tilsynsførar barnet frå før, til dømes som tidlegare lærar. Personar som skal bli tilsynsførar må alltid levere politiattest til barneverntenesta.

I spørjeundersøkinga svarer tre av fire fosterforeldre som bur i Lindås, at barnet dei er fosterforeldre for, har tilsynsførar. Den fjerde fosterforelderen kommenterer at barnet vedkommande er fosterforelder for, tidlegare hadde tilsynsførar, men at denne har slutta, og at barnet difor for tida ikkje har tilsynsførar. Det blir også i intervju kommentert at to barn som barneverntenesta i Lindås har tilsynsansvar for, manglar tilsynsførar per i dag⁴⁰. Det blir vist til at barneverntenesta har funne aktuelle kandidatar som kan vere tilsynsførarar for desse to barna, og ein reknar med at dette vil vere på plass innan kort tid. Barneverntenesta viser også til at det i samband med skifte av tilsynsførarar i nokre døme kan hende at fosterbarn ikkje får tilsynsbesøk i ein overgangsperiode fram til ny tilsynsførar er på plass.

Av dei fosterheimssakene revisjonen gjekk gjennom i stikkprøvegjenomgangen, var det berre to saker der Lindås kommune hadde tilsynsansvar. Barna i begge desse sakene hadde tilsynsførar. I desse to sakene blei talet på tilsynsbesøk kontrollert for dei to siste åra. På bakgrunn av dokumentasjon, supplert med opplysningar frå barneverntenesta, går det fram at begge desse barna har fått eit tilstrekkeleg tal tilsynsbesøk både i 2012 og 2013.

Det går fram av intervju at eitt barn ikkje hadde fått tilsyn det siste året, fordi det har vore vanskeleg å rekruttere ein tilsynsførar som kunne reise dit barnet bur, og fordi barnet ikkje sjølv ønskja tilsyn. Det blir i intervju kommentert at det for tilsynsførarane generelt er utfordrande at ikkje alle barna ønskjer å få besøk frå tilsynsføraren.

Tal rapportert til fylkesmannen for 2. halvår 2012 viser at 26 % av barna som hadde vore plassert i fosterheim i meir enn eitt år, ikkje hadde fått oppfylt kravet om tilsynsbesøk. Det var registrert eitt barn dette halvåret som hadde vore i fosterheim i mindre enn eitt år, og dette barnet hadde ifølgje dei rapporterte tala ikkje fått tilsynsbesøk i samsvar med krava i regelverket. Dette går fram av tabell 4 på neste side.

⁴⁰ Det er ikkje kjent om eitt av desse barna er det same som i spørjeundersøkinga.

Tabell 4: Tilsyn i fosterheimar

| | Tal barn plassert i fosterheim > 1 år | Prosentdel barn plassert > 1 år der krav om tilsynsbesøk ikkje er oppfylt | Tal barn plassert i fosterhjem < 1 år | Prosentdel barn plassert < 1 år der krav om tilsynsbesøk ikkje er oppfylt |
|---------------|---------------------------------------|---|---------------------------------------|---|
| Lindås | 23 | 26 % | 1 | 100 % |
| Fylket totalt | 604 | 30,3 % | 140 | 29 % |

Kjelde: Barneverntenesta si rapportering til fylkesmannen, 2. halvår 2012. Revisjonen har sjølv rekna ut prosent med utgangspunkt i dei rapporterte tala. Tala for fylket totalt er henta frå eit rapporteringsskjema til fylkesmannen frå ein annan kommune i Hordaland.

Dei tilsette i Omsorgsgruppa har fordelt ansvaret for oppfølging av tilsynsførarane mellom seg. Rapportar frå gjennomførte tilsynsbesøk blir stempla inn av merkantilt personell, og registrert som innkomne brev i barnet si mappe. I tillegg blir tilsynsbesøka registrert i fagsystemet, slik at dei automatisk blir talt opp når barneverntenesta tar ut rapportar til fylkesmannen. Det blir opplyst at det er variasjonar mellom dei ulike tilsynsførarane når det gjeld kor godt dei følgjer opp ansvaret med tilsyn av fosterheim og rapportering frå tilsynet. Det kan vere ei utfordring at nokre tilsynsførarar har gjennomført besøk, men ikkje skrive rapport frå besøka. Det kan også førekomme at tilsynsførarane ikkje alle leverer rapportane til barneverntenesta i tide, og dette fører til at sakshandsamarane i barneverntenesta har nytta mykje tid på å purre etter rapportar, og at det blir feil i statistikken som blir rapportert til fylkesmannen og KOSTRA. Det blir vist til at barneverntenesta har ført strengare kontroll og stilt strengare krav til innlevering av tilsynsrapportar dei siste åra, og kommune har sagt opp to tilsynsførarar som ikkje følgde opp tilsyn og tilhøyrande rapportering. Det går fram av intervju at dei tilsette går gjennom listene over gjennomførte tilsyn i tida før barnevernet sine egne rapporteringstidspunkt. Ein nyleg gjennomgang barneverntenesta gjorde av innleverte tilsynsrapportar, viste at mange fosterbarn ikkje har fått dei tilsynsbesøka dei skal ha etter loven. Barnevernet gjorde ei oppteljing for perioden 1. juli 2012 – 1. juli 2013, og denne viste at 16 av 28 barn i kommunen sine fosterheimar hadde fått eit tilstrekkeleg tal på tilsynsbesøk i denne perioden. Det blir presisert at nokre av barna berre mangla eitt besøk for å oppfylle kravet.

Spørjeundersøkinga gir informasjon om fire barn som får tilsyn i regi av barneverntenesta i Lindås kommune. Tre av fire svarar fosterforeldre at barneverntenesta *i stor grad* har funne ein eigna person til å vere tilsynsførar for deira fosterbarn, medan ein svarar at barneverntenesta *til ein viss grad* har funne ein eigna person. Tilsvarende svarar tre av fire at tilsynsføraren *i stor grad* følgjer opp barnet sin omsorgssituasjon på ein god måte, medan ein svarar *til ein viss grad*. Det går vidare fram at ingen av desse fire barna har skifta tilsynsførar i løpet av dei tre siste åra.

Barneverntenesta følgjer tilsynsførarane opp ved å arrangere eit felles møte for alle tilsynsførarane ein gang i året. Barneverntenesta også hatt kontakt med enkelte tilsynsførarar på telefon eller i brev ved behov. Blant dei som er intervjuet er det litt ulike synspunkt på om barneverntenesta følgjer opp tilsynsførarane på ein tilstrekkeleg måte, og frå eit hald blir det gitt uttrykk for at tilsynsførarane sjølv har etterlyst meir oppfølging. I samband med verifiseringa av rapporten får revisjonen opplyst at barneverntenesta frå 2014 legg opp til å ha minst ein individuell samtale i året med kvar enkelt tilsynsførar i tillegg til den årlege samlinga.

Bufetat har dei siste åra arrangert kurs for tilsynsførarar, som tilsynsførarar i Lindås kommune har fått høve til å delta på. Desse kursa har blitt veldig positivt mottatt av dei tilsynsførarane som har delteke. I samband med verifisering av rapporten opplyser kommunen om at ansvaret for desse kursa no er lagt til kommunane.

4.11 Brukarmedverknad

Barneverntenesta i Lindås kommune har ikkje noko system for gjennomføring av brukarundersøkingar, og tenesta har ikkje gjennomført nokon brukarundersøking sidan midten av 2000-talet. I følgjeskriv frå barneverntenesta til revisjonen blir barneverntenesta sin mangel på system for gjennomføring av brukarundersøkingar grunngitt med manglande kapasitet og økonomi. Dei fleste som er intervjuar viser til at barneverntenesta ser behovet for brukarundersøkingar, og at dette stadig blir drøfta, men tenesta har ikkje konkrete planar om å gjennomføre slike undersøkingar.

I intervju blir det peika på at brukarundersøkingar er svært ressurskrevjande, og at dette difor har vore nedprioritert. Det blir vist til at uavhengighet er viktig ved gjennomføring av brukarundersøkingar, men å hente inn personar utanfrå til å gjennomføre undersøkinga gjer at det blir ekstra dyrt. Barneverntenesta har tidlegare gjennomført brukarundersøkingar ved hjelp av studentar frå høgskulen eller andre utanforståande. Ein av dei som er intervjuar kommenterer at spørjeskjema ikkje nødvendigvis er den beste løysinga ved gjennomføring av brukarundersøkingar for barneverntenesta. Ved den førre brukarundersøkinga i barneverntenesta blei det gjennomført personlege intervju med dei foreldra som deltok.

Det går fram av dokument og intervju at sjølv om det ikkje blir gjennomført overordna brukarundersøkingar, har barneverntenesta nokre kanalar for tilbakemelding. Det er blitt gjennomført brukarundersøkingar retta mot dei foreldra og barnehagetilsette som har delteke på COS-kursa, i form av eit anonymisert spørjeskjema. Det går også fram av intervju at barneverntenesta gjennomfører evalueringar i samband med hjelpetiltak frå Familieveiledergruppa, men at dette arbeidet ikkje er systematisert. Det blir også vist til at tenesta innimellom får munnlege tilbakemeldingar frå barn og vaksne, til dømes ved avslutting av tiltak. Informasjon frå slike samtalar er ikkje systematisert, og praksis på journalføring av slike samtalar varierer.

Det blir vidare opplyst om at barneverntenesta har ei ordning for å ta imot tilbakemeldingar dersom brukarar er misnøgdde med sin sakshandsamar. Brukaren som er misnøgd får då leggje fram sine erfaringar, klagemål eller ønskjer til fagleiar, som tar stilling til om det til dømes skal setjast inn ein ny sakshandsamar. I nokre døme er slike saker også oppe til drøfting på møte i faggruppa. Det blir også vist til at barneverntenesta rettleiar personar som ønskjer å klage til fylkesmannen, slik tenesta er pålagt etter forvaltningslova.

Bufetat gjennomfører på intervjutidspunktet ei brukarundersøking retta mot fosterbarn i alderen 9-18 år, men Lindås kommune får ikkje tilsendt resultatata av undersøkinga i etterkant. Personen som er intervjuar reknar med at kommunen likevel kan finne dei aggregerte resultatata på Bufetat sine nettsider. Det blir presisert i intervju at undersøkinga enno ikkje er ferdighandsama.

5. Vurderingar

5.1 I kva grad nyttar barneverntenesta tilbakemeldingar frå brukarar i sitt systematiske utviklings- og forbetningsarbeid?

Undersøkinga viser at barneverntenesta i Lindås kommune i liten grad hentar inn tilbakemeldingar frå brukarar på ein systematisk måte til bruk i sitt utviklings- og forbetningsarbeid. Barneverntenesta har innhenta brukarevalueringar knytt til enkelte avgrensa tenester og områder, men slike evalueringar er ikkje systematisert og brukt i barneverntenesta sitt utviklings- og forbetningsarbeid. Etter revisjonen si vurdering bør barneverntenesta i større grad systematisere og registrere tilbakemeldingar frå brukarar, og nytte denne informasjonen til forbetring av barneverntenesta i samsvar med forskrift om internkontroll i barneverntenesta § 4e. Systematisering av tilbakemeldingar frå barn og foreldre kan bidra til at leiinga og dei tilsette i barneverntenesta får betre innsikt i korleis tenesta sine tiltak fungerer sett frå brukarane sin ståstad.

Overfor revisjonen grunngjev barneverntenesta manglande innhenting av brukarerfaringar med utfordringar knytt til kapasitet, økonomi, metodikk og kompetanse. Revisjonen vil her minne om at det finst andre måtar å hente inn erfaringar frå brukarar enn ved hjelp av tradisjonelle brukarundersøkingar. Rettleiar for internkontroll i barneverntenesta peiker på at barneverntenesta til dømes også kan registrere og systematisere informasjon og tilbakemeldingar som barn og foreldre har gitt i brev, formelle klager, i rapporter eller som munnlege tilbakemeldingar.

Sjølv om dei mest sentrale brukarane av barnevernet sine tenester er barn og familiar, vil også samarbeidspartnarar fungere som brukarar av barneverntenesta, jf. rettleiar for internkontroll i barneverntenesta. Revisjonen meiner difor at barneverntenesta også bør vurdere å systematisk hente inn brukarerfaringar frå samarbeidspartar som til dømes PPT, helsestasjon, skule og barnehage, slik rettleiaren anbefaler.

5.2 Har barneverntenesta i Lindås kommune tilfredsstillande samhandling med andre offentlege etatar og tenesteytarar?

5.2.1 Organisering som utgangspunkt for samhandling

Ingen av dei som er intervjua meiner organiseringa av barneverntenesta og den overordna organiseringa av kommunen skapar utfordringar for samarbeidet mellom barneverntenesta og andre kommunale tenester. Lindås kommune har oppretta møteplassar og samarbeidsforum som arbeider med å samordne tenestene til barn og unge, der barneverntenesta deltar. Arbeidet i desse samarbeidsforuma legg til rette for at barneverntenesta skal kunne oppretthalde og utvikle eit konstruktivt samarbeid med samarbeidspartar internt i kommunen.

Revisjonen merkar seg samstundes at det i stor grad er einingsleiarar ved dei ulike einingane som deltar i dei ulike samarbeidsforuma, medan styrar i barnehagar og rektorar på skular i liten grad trekk fram slike samarbeidsforum som relevante. Revisjonen meiner det er viktig at samarbeidsforuma hentar innspel frå skular, barnehagar mv. som yter tenester til barn og unge i Lindås kommune.

5.2.2 Samarbeid internt i kommunen

Undersøkinga viser at barneverntenesta sjølv meiner samarbeidet med andre tenester i kommunen fungerer godt. Representantar frå barnehagane og PPT meiner også i hovudsak dette, medan representantane frå skulane gir tilbakemelding om enkelte samarbeidsproblem.

Revisjonen opplever det som positivt at barneverntenesta tilbyr meldekurs for samarbeidande instansar. Slike kurs kan etter revisjonen si vurdering medverke til å auke samarbeidande instansar sin kunnskap om barnevernet sitt arbeid, og sikre at samarbeidspartar melder saker til barnevernet når dei skal. Undersøkinga viser samstundes at det ikkje er blitt arrangert slike kurs på skulane dei siste åra, og heller ikkje ved PPT. Revisjonen meiner barneverntenesta bør vurdere å arrangere meldekurs ved skular og andre samarbeidande instansar der det ikkje har vore arrangert melderkurs på ei stund. Alternativt kan informasjon frå barneverntenesta formidlast til tilsette i kommunen i andre fora, så som på rektormøte eller på kommunen sine årlege fagdagar.

Undersøkinga viser at barneverntenesta ikkje alltid gir tilbakemelding til meldar om at meldinga er mottatt, jf. barnevernlova § 6-7a, 1. ledd. Det går vidare fram av undersøkinga at når barneverntenesta sender tilbakemelding til offentlege meldarar, så inneheld ikkje alltid tilbakemeldinga informasjon om at det er sett i verk ei undersøking, jf. barnevernlova § 6-7a, 2. ledd. Undersøkinga viser også at barneverntenesta ikkje alltid sender tilbakemelding til meldar etter at ei undersøking er ferdigstilt, jf. barnevernlova § 6-7a, 3. ledd. Revisjonen meiner at barneverntenesta må ha ein konsekvent praksis på å sende tilbakemelding til meldar i samsvar med barnevernlova § 6-7a 1.-3. ledd. Slike tilbakemeldingar skal sendast innan tre veker etter at ei undersøking er gjennomført, og tilbakemeldinga skal innehalde opplysningar om saken er henlagt, eller om barneverntenesta følgjer opp saka vidare.

Undersøkinga viser også at samarbeidande instansar opplever at dei ikkje får tilstrekkeleg informasjon om innhaldet i dei tiltak barneverntenesta har sett i verk. Dei opplever også at barneverntenesta ikkje sjølv tar initiativ til å informere samarbeidande instansar. Vidare opplever dei fleste samarbeidande instansar at barneverntenesta ofte har ei streng praktisering av teieplikta, noko som medfører at samarbeidande instansar ikkje alltid får tilstrekkeleg informasjon til å kunne legge sitt tilbod til rette for barnet på ein tilstrekkeleg måte. Revisjonen meiner barneverntenesta må opprette rutinar som sikrar at den ved iverksetting av tiltak alltid vurderer om meldar bør få tilbakemelding om innhaldet i dei tiltak som skal setjast i verk, jf. barnevernlova § 6-7a, 4. ledd. Barneverntenesta bør etter revisjonen si vurdering sjølv ta initiativ til å formidle slik informasjon.

Undersøkinga viser at det kan vere ei utfordring at samarbeidspartar som ikkje har meldt saka til barnevernet, ikkje har fått naudsynt informasjon om tiltak barnevernet har sett i verk for born dei har ansvar for. Revisjonen meiner barneverntenesta bør utarbeide rutinar for å vurdere om andre samarbeidspartar enn meldar treng informasjon om iverksette tiltak for å kunne tilpasse sitt tilbod til barnet sin situasjon. Barneverntenesta bør også vurdere om det bør innførast andre ordningar som kan lette informasjonsflyten med samarbeidande instansar, som til dømes å ha faste kontaktpersonar for barnehagar og skular.

Ettersom alle dei intervjuja samarbeidspartane til barnevernet opplever at barnevernet sin praktisering av teieplikta kan skape utfordringar for samarbeidande instansar sitt arbeid med barna, meiner revisjonen at dette er eit tema som barneverntenesta og samarbeidande instansar med fordel kan diskutere i kommunen sine felles møtearenaer.

5.2.3 Samarbeid med Bufetat

Undersøkinga viser at Lindås kommune saman med 18 andre kommunar i Hordaland har inngått ein samarbeidsavtale med Bufetat, og at denne avtalen har hatt positive effektar for samarbeidet mellom kommunen og det statlege barnevernet.

Undersøkinga viser samstundes at det har vore ein del utfordringar i samarbeidet mellom Lindås kommune og Bufetat. Fleire at desse utfordringane har utgangspunkt i Lindås kommune som bestillar ovafor Bufetat. Revisjonen meiner det er viktig at kommunen og Bufetat har eit godt samarbeid og ein konstruktiv dialog om kva tiltak som er til barnet sitt beste. Utfordringar kring samarbeidet mellom Bufetat og kommunen bør ikkje diskuteras i møter der tenestemottakarar/ foreldre er til stades.

Revisjonen meiner det er uheldig at barn som treng fosterheimar må vente på dette fordi Bufetat har utfordringar med å rekruttere fosterheimar. Det er Bufetat som etter loven har ansvaret for rekruttering og formidling av fosterheimar, jf. bvl § 2-3.

5.2.4 Samarbeid med andre kommunar

Per i dag har barneverntenesta i Lindås kommune liten grad av formelt samarbeid med andre kommunar, sjølv om ein tidlegare har hatt dette i større grad. Utover lovpålagt samarbeid knytt til godkjenning og tilsyn i fosterheimar, består samarbeidet med barneverntenestene i andre kommunar i hovudsak i at representantar frå barneverntenesta deltar på felles kurs og samlingar saman med representantar frå andre kommunar.

Revisjonen merkar seg at barneverntenesta og kommuneleiinga i informerer om at barneverntenestene i regionen kunne ha tent på å hatt større grad av samarbeid, mellom anna for å sikre tilgang til spesialistkompetanse.

5.3 I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for meldingar, undersøkingar og hjelpetiltak?

5.3.1 Etterleving av tidsfrist for meldingar

Undersøkinga viser at barneverntenesta i Lindås har etablert eit godt system som sikrar at meldingar blir gjennomgått innan den lovpålagte fristen på ei veke. Tal rapportert til Fylkesmannen viser at Lindås kommune hadde svært få fristoversittingar i 2012 (2 av 182), og i dei ni stikkprøvene revisjonen har gjennomgått var alle meldingane handsama innanfor den lovpålagte vekesfristen.

Sjølv om det er svært få meldingar som ikkje blir handsama innan fristen, vil revisjonen understreke at det er eit lovkrav at alle meldingar skal handsamast innan fristen som går fram av barnevernlova § 4-2, og barneverntenesta difor må sikre fortsatt fokus på at alle innkomne meldingar skal handsamast innan lovpålagte frist.

5.3.2 Etterleving tidsfrist for undersøkingar

Undersøkinga viser at barneverntenesta i Lindås kommune i 2012 hadde 10,1 % overskridingar av den lovpålagte fristen på tre månader for undersøkingar, jf. barnevernlova § 6-9, 1. ledd. I alle stikkprøvene revisjonen gjekk igjennom var undersøkingane gjennomført innan fristen. Samstundes viste gjennomgangen at barneverntenesta hadde brukt over seks månader på tre undersøkingar som blei gjennomført i 2011 og 2012. Dette meiner revisjonen er uheldig, og ikkje i samsvar med barnevernlova § 6-9, 1. ledd.

Lindås kommune har ein lågare prosentdel fristoverskridingar for gjennomføring av undersøkingar enn det som er gjennomsnitt i fylket (16,95 %). Revisjonen vil likevel understreke at barneverntenesta i Lindås må ha eit system for gjennomføring av undersøkingar som sikrar at alle undersøkingane blir slutført innan dei lovpålagte fristane, jf. barnevernlova § 6-9, 1. ledd.

Etter revisjonen si vurdering bør barneverntenesta sjå på kva som er årsaka til fristbrota i dei aktuelle sakene, og vurdere om dette gir grunnlag for å gjere forbetringar av gjeldande rutinar og

praksis i undersøkingar. Det vil er til dømes viktig å sikre at tenesta har eit tydeleg og føreseielig system for korleis sakshandsamarane skal gå fram når det er fare for å overskride fristen for undersøkingar, jf. barnevernlova § 6-9, og korleis vurdering knytt til eventuell utviding av frist til seks månader skal gjerast.

Revisjonen har i intervju fått opplyst at barneverntenesta har ein fast praksis for at det alltid skal skrivast undersøkingsrapport etter slutført undersøking. Undersøkingsrapportane har ein viktig funksjon i kvalitetssikringa av barneverntenesta sin konklusjon, ved at fagleiar alltid lesar gjennom desse. Samstundes viser funn i stikkprøvegjennomgangen at barneverntenesta ikkje alltid skriv undersøkingsrapport etter slutført undersøking, og revisjonen meiner det er uheldig at tenesta ikkje følgjer eigne kvalitetssikringsrutinar. Vidare meiner revisjonen at sjølv dette ikkje er lovpålagt, vil ei skriftleggjing av barneverntenesta sin konklusjon frå slutførte undersøkingar som blir kommunisert til part, medverke til å sikre at parten har motteke informasjon om sine rettar. Skriftleg informasjon om avslutta undersøking kan også vere nyttig dokumentasjon for barneverntenesta, til dømes i saker der parten ikkje vil ta imot hjelpetiltak sjølv om barneverntenesta tilrår dette.

5.3.3 Hjelpetiltak

Etter revisjonen si vurdering kan barneverntenesta i Lindås kommune tilby eitt breitt og godt spekter av hjelpetiltak til barn og familiar som har behov for dette, jf. barnevernlova § 4-4, 2. ledd. Revisjonen finn ingen manglar når det gjeld kva hjelpetiltak barneverntenesta i Lindås kommune har moglegheit til å tilby barn og familiar som har særleg behov for dette.

Revisjonen meiner det er positivt at barneverntenesta i Lindås tilbyr lokale hjelpetiltak, og at tenesta difor er mindre ramma av Bufetat si nedbygging av heimebaserte tiltak enn barneverntenestene i andre kommunar.

Frå skulane blir det gitt uttrykk for at ein opplever at undersøkingar ofte blir henlagt i saker der skulane opplever at tiltak frå barnevernet hadde vore naudsynt. Revisjonen meiner difor det er viktig at barneverntenesta formidlar god informasjon til skulane om føresetnadar for å setje i verk tiltak etter barnevernlova, og prosessane kring dette.

Undersøkinga viser at det i vedtak om hjelpetiltak i ei av sakene ikkje var informert om klagegong. Dette er ikkje i samsvar med forvaltningslova § 27.

5.3.4 Tiltaksplanar og evaluering av tiltak

I stikkprøvegjennomgangen fann revisjonen at det i ei av ni hjelpetiltakssak ikkje var ferdigstilt tiltaksplan sjølv om det var sett i gang hjelpetiltak for dette barnet. Dette er ikkje i samsvar med barnevernlova § 4-5.

Tal frå KOSTRA viser at mange av dei barna som mottar hjelpetiltak frå barneverntenesta i Lindås, manglar tiltaksplan. Barneverntenesta opplyser at dei rapporterte tala i KOSTRA ikkje er korrekte, og det blir vist til fleire ulike feilkjelder. For å sikre korrekt rapportering på tiltaksplanar meiner revisjonen at barneverntenesta må utvikle gode interne rutinar for registrering av tiltaksplanar i systemet, i tillegg til å søkje etter løysingar i samarbeid med leverandøren av fagsystemet, slik at data gir grunnlag for korrekt rapportering til fylkesmannen og KOSTRA. Korrekt rapportering vil også vere viktig for å sikre tilfredsstillande internkontroll for tenesta sjølv.

Hjelpetiltak skal vere frivillige, og i størst mogleg grad gjennomførast i samarbeid med barn og foreldre (med mindre fylkesnemnda fattar vedtak om pålegg om hjelpetiltak, jf § 4-4, 4. ledd). Barneverntenesta opplyser i intervju at den alltid sikrar samtykke ved hjelpetiltak, men at samtykket ikkje alltid blir skriftleggjort. I revisjonen sin stikkprøvegjennomgang blei det funne ei sak der det samtykke frå foreldre ikkje var dokumentert skriftleg. Skriftleg samtykke til hjelpetiltak er ikkje eit lovkrav, men det er presisert i departementet si rutinehandbok at barneverntenesta

skal hente inn skriftleg samtykke frå alle som er part i saka⁴¹. Revisjonen vil difor anbefale at barneverntenesta alltid innhentar skriftleg samtykke til hjelpetiltak.

Revisjonen meiner det er positivt at tiltaksplanane som blir nytta av barneverntenesta i Lindås alltid er tidsavgrensa, og at det er oppført evalueringstidspunkt og kven som har ansvar for å gjennomføre evaluering. Revisjonen meiner det vil vere føremålstenleg om barneverntenesta innfører ein felles mal for utforming av tiltaksplanar, mellom anna for å lette attfinning av dokumentasjon. Revisjonen meiner også det er viktig at bestillingar av rettleiingstiltak frå Familieveiledargruppa er tilstrekkeleg målretta.

Revisjonen sin stikkprøvegjennomgang viser at barneverntenesta ikkje har ein konsekvent praksis når det gjeld gjennomføring og dokumentasjon knytt til evaluering av tiltaksplanar. I ei av dei gjennomgatte sakene var det ikkje dokumentert at evaluering var gjennomført, sjølv om det etter eit opphald i tid blei vidareført hjelpetiltak. Revisjonen meiner det ikkje er i samsvar med § 4-5 i barnevernlova at hjelpetiltak blei avslutta utan at det blei gjennomført evaluering, og utan at foreldra blei informert om årsaka til at hjelpetiltaket blei avslutta. Generelt meiner revisjonen også det er føremålstenleg at evaluering av hjelpetiltak blir dokumentert skriftleg. I ei anna sak revisjonen gjekk gjennom, var enkelte av tiltaka i tiltaksplanen evaluert, medan andre tiltak i planen ikkje var evaluert. Revisjonen vil presisere at § 4-5 i barnevernlova føreset at det er tiltaksplanen samla sett som skal evaluerast, og det er difor etter revisjonen si meining ikkje tilstrekkeleg å berre evaluere enkelttiltak.

5.4 I kva grad etterlever barneverntenesta sentrale rettsreglar som gjeld for oppfølging av og tilsyn med fosterheimar?

5.4.1 Plassering i fosterheim som frivillig hjelpetiltak

Undersøkinga viser at 15 av dei 28 fosterbarna som barneverntenesta totalt sett hadde ansvar for per 15. april 2013, var plassert i fosterheim med heimel i § 4-4, 5. ledd. Fosterheimsplasseringar etter § 4-4, 5. ledd er eit frivillig hjelpetiltak, der foreldra har gitt samtykke til plassering utanfor heimen, og der barneverntenesta ikkje har overtatt omsorga for barnet. Revisjonen har fått opplyst at enkelte fleire slike plasseringar har vart i fleire år, og at ei slik plassering i eit tilfelle har vart i over 4 år.

I barnevernlova er det i samband med plassering etter § 4-4, 5. ledd presisert at: «*Hvis det må forutsettes at foreldrene i lengre tid ikke vil kunne gi barnet forsvarlig omsorg, bør det likevel vurderes om det med en gang skal vedtas at barneverntjenesten skal overta omsorgen for barnet etter § 4-12 første ledd, framfor frivillig plassering etter denne paragraf.*» Revisjonen har ikkje grunnlag for å vurdere dei faglege vurderingane som er gjort i den enkelte sak. Vi meiner likevel at barneverntenesta bør vurdere dei sakene der barn har vore plassert i fosterheim som frivillig plassering over lengre tid, for å sikre at praksis er i samsvar med intensjonen i barnevernlova.

5.4.2 Rekruttering og godkjenning av fosterheimar

Revisjonen fann dokumentasjon på eller fekk opplyst at fosterheimane var godkjente i alle dei sakene der dette blei undersøkt. I ei av dei sakene revisjonen kontrollerte, var godkjenninga ikkje dokumentert, noko som etter revisjonen si vurdering ikkje er i samsvar med departementet sin rutinehandbok for kommunane sitt arbeid med fosterheimar.

I to av dei sakene revisjonen gjekk gjennom, var ikkje godkjenninga av fosterheimen formalisert før 2-4 veker etter at barnet hadde flytta inn. Hovudregelen i § 5 i forskrifta er at plassering i fosterheim ikkje skal gjennomførast før fosterheimen er godkjent. Det er likevel opning for å gjennomføre plassering før godkjenning i saker der godkjenning før plassering «*ikkje lar seg gjennomføre*».

⁴¹ Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, side 52.

5.4.3 Fosterheimsavtaler

Det går fram av stikkprøvegjennomgangen at det ikkje låg føre gyldig fosterheimsavtale i ei av dei gjennomgåtte sakene. Dette er ikkje i samsvar med forskrift om fosterheim, § 6. Det går vidare fram av spørjeundersøkinga at barneverntenesta ikkje har tilstrekkelege rutinar for å gjennomgå fosterheimsavtalen årleg, noko som heller ikkje er i samsvar med krava i § 6 i forskrifta.

Revisjonen meiner at jamlege gjennomgangar av fosterheimsavtalen i samsvar med forskrifta vil medverke til å sikre at fosterforeldre og barneverntenesta har ei gjensidig forståing av kva som ligg i fosterheimsoppdraget. At det i spørjeundersøkinga er seks av tretten fosterforeldre som meiner at det berre til ein viss grad går fram av fosterheimsavtalen kva rettar og pliktar dei har som fosterforeldre, indikerer at ein årleg gjennomgang av avtalen vil vere føremålstenleg. I tillegg vil barneverntenesta i samband med slike årlege gjennomgangar få høve til å kontrollere at alle fosterbarn har gyldige fosterheimsavtalar.

5.4.4 Barneverntenesta si oppfølging av fosterheimane

Undersøkinga viser at mange av fosterforeldra er godt nøgde med den rettleiinga dei får frå barneverntenesta i Lindås kommune, og at Bufetat opplever at Lindås kommune har eit godt rettleiingstilbod til fosterfamiliane. Samstundes viser undersøkinga at ikkje alle fosterfamiliar opplever at dei får eit like godt tilbod.

Medan barneverntenesta sjølv gir uttrykk for at alle fosterfamiliar får tilbod om rettleiing, er det to av dei spurte fosterfamiliane som gjennom spørjeundersøkinga svarar at dei ikkje har fått tilbod om rettleiing. Dersom det er riktig at fosterforeldre ikkje har fått tilbod om rettleiing, er dette ikkje i samsvar med § 7 i forskrift om fosterheim. Revisjonen meiner det er viktig at barneverntenesta sikrar at tilbod om rettleiing er formidla på ein god nok måte til alle fosterforeldre.

Halvparten av dei fosterforeldra som mottar rettleiing, meiner at rettleiinga dei får berre til ein viss grad er tilstrekkeleg. Dette er i all hovudsak dei fosterforeldra som får rettleiing sjeldnare enn ein gong annakvar månad, noko som også er sjeldnare enn det barneverntenesta oppgir som deira vanlege hyppigheit på rettleiinga. Revisjonen meiner barneverntenesta bør opprette eit felles system for å evaluere rettleiingstilbodet som blir gitt saman med fosterforeldra. Hyppigheita på rettleiinga bør inngå som ein del av evalueringa.

Tal rapportert til fylkesmannen viser at over halvparten av barna som Lindås kommune har plassert i fosterheim, ikkje hadde fått gjennomført det lovpålagte talet på fosterheimsbesøk frå barneverntenesta i 2012. To fosterfamiliar svarar i spørjeundersøkinga *nei* til at barneverntenesta har besøkt fosterheimen så ofte som det har vore naudsynt, medan ein fosterfamilie som svarar at barneverntenesta berre til ein viss grad har gjort dette. Ein fosterfamilie skriv at den berre har fått besøk frå barneverntenesta ein gong i året. Barneverntenesta opplyser også i intervju at dei i nokre høve ikkje gjennomfører det lovpålagte talet på fosterheimsbesøk. Revisjonen meiner barneverntenesta må sjå til at det lovpålagte kravet til besøk i fosterheimane blir oppfylt i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.

I revisjonen sin stikkprøvegjennomgang gjekk det fram at barneverntenesta i nokre saker gjennomfører møter med fosterforeldre og ungdommar andre stader enn i fosterheimen, og at dette blir rekna som fosterheimsbesøk. Revisjonen meiner at å telje møter som finn stad andre stader enn i fosterheimen som fosterheimsbesøk i samsvar med § 7 i fosterheimsforskrifta, ikkje er i samsvar med intensjonen i regelverket. I departementet si rutinehandbok blir det vist til at barneverntenesta skal følgje opp *fosterbarnet* ved å ha samtalar med dette minimum fire gongar i året, i tillegg til at tenesta skal følgje opp *fosterforeldra* ved å besøke fosterheimen minimum fire gongar i året.⁴² Revisjonen meiner særleg det er uheldig at barneverntenesta gjennomførte møte

⁴² Barne- og likestillingsdepartementet: *Rutinehandbok for kommunens arbeid med fosterhjem*, punkt 7.4.1 «Oppfølging av fosterbarn» og punkt 7.4.2 «Oppfølging av fosterforeldre».

utanfor fosterheimen i staden for å besøke sjølve fosterheimen i ei sak der barnet nyleg (same år) var plassert i ein ny fosterheim.

Revisjonen har både fått opplyst og observert gjennom stikkprøvegjennomgangen at barneverntenesta har redusert talet på årlege fosterheimsbesøk utan at det har blitt fatta enkeltvedtak om dette. Revisjonen meiner det er viktig at barneverntenesta sikrar at avgjerder om reduksjon i talet på fosterheimsbesøk er vedtaksfesta, slik at det blir tydeleg for fosterforeldra kva rettar dei har, og slik at fosterforeldra eventuelt har høve til å klage på vedtaket.

I rapporteringa til fylkesmannen går det fram at seks av dei 25 barna barneverntenesta hadde omsorga for hausten 2012, mangla omsorgsplan. Barneverntenesta opplyser at desse tala er feil. Revisjonen fann at barna hadde gyldige omsorgsplanar i alle dei fem sakene som blei undersøkt.

Revisjonen meiner det er uheldig at seks av femten fosterforeldre svarar i spørjeundersøkinga at dei ikkje veit om deira fosterbarn har omsorgsplan. Omsorgsplanen skal mellom anna formidle barneverntenesta sin plan for barnet sin framtid når det gjeld kor barnet skal bu og vakse opp, og her vil fosterfamilien spille ei svært sentral rolle. Kopi av gjeldande omsorgsplan skal også ligge som vedlegg til fosterheimsavtalen, og bør også av denne årsaka vere kjent for fosterforeldra. Revisjonen meiner at barneverntenesta bør sikre at fosterforeldre er informert om at fosterbarnet har ein omsorgsplan, og om kva som er innhaldet i denne.

Blant dei fosterforeldra som er kjent med at barnet har ein omsorgsplan, svarar sju av åtte at barneverntenesta hentar inn synspunkt frå fosterforeldra i samband med utarbeiding/ending av omsorgsplanen. Revisjonen meiner det er viktig at dette blir gjort. Dersom det er korrekt at barneverntenesta ved enkelte høve ikkje hentar inn innspel til omsorgsplanen frå fosterforeldra, meiner revisjonen at barneverntenesta sin praksis ikkje i samsvar med departement sin fosterheimsavtale, punkt 4.2. Barneverntenesta må sikre at det alltid blir henta inn synspunkt frå fosterforeldre i samband med utarbeiding/ending av omsorgsplan.

5.4.5 Tilsyn i fosterheimar

Barna i dei to fosterheimssakene der Lindås kommune hadde tilsynsansvar, hadde begge tilsynsførar. På revisjonstidspunktet var det to av 28 barn i kommunen som mangla tilsynsførar, noko som skuldast prosessen med å skifte tilsynsførar. Revisjonen har forståing for at barn vil kunne mangle tilsynsførar i kortare periodar i samband med skifte av tilsynsførar, men vil presisere viktigheita av at kommunen prioriterer å raskt få på plass ein ny tilsynsførar i slike saker.

Samstundes går det fram av undersøkinga at eit barn som barneverntenesta har tilsynsansvar for, ikkje har fått tilsyn det siste året, og ikkje har tilsynsførar. Dette skuldast at det har vore vanskeleg å rekruttere ein tilsynsfører som kunne reise dit barnet bur, og fordi barnet sjølv ikkje har ønska tilsyn. Revisjonen vil presisere at barneverntenesta har plikt til å rekruttere tilsynsførar til alle barn i samsvar med fosterheimsforskrifta § 8, uavhengig av kor i kommunen barnet bur. Det er ikkje heimel i lovverket for å gjere unntak frå tilsynsplikta, sjølv om talet på tilsyn kan redusertast frå fire til to besøk i året for barn over 15 år, jf. fosterheimsforskrifta § 9, 2. ledd. I situasjonar der barnet gir uttrykk for at det ikkje ønskjer tilsyn, meiner revisjonen barneverntenesta bør gå i dialog med barnet og fosterheimen for å undersøke kva som er årsaka til at barnet ikkje ønskjer tilsyn, og for å kartlegge om det er andre personar i barnet sitt nettverk som det kan ha tillit til som tilsynsførar.

I dei to fosterheimssakene revisjonen gjekk gjennom der Lindås kommune hadde tilsynsansvar, var det i begge høve gjennomført eit tilstrekkeleg tal tilsynsbesøk. Det går samstundes fram av barneverntenesta sin rapportering til fylkesmannen at barneverntenesta ikkje hadde sikra at barn dei hadde tilsynsansvar for, fekk tilstrekkeleg tal tilsynsbesøk, i over 26 % av sakene. Revisjonen meiner barneverntenesta må sikre at alle barn dei har tilsynsansvar for, får eit tilstrekkeleg tal tilsynsbesøk i samsvar med fosterheimsforskrifta § 9. Revisjonen meiner vidare at

barneverntenesta må prioritere å ha fortløpande oversyn over gjennomførte tilsyn og innleverte tilsynsrapportar.

Revisjonen meiner det er positivt at barneverntenesta følgjer opp tilsynsførarane ved å arrangere felles møte ein gong i året, og at tilsynsførarane har fått høve til å gå på kurs. Det er også positivt at barneverntenesta planlegger å innføre individuell oppfølgingsamtale med alle tilsynsførarar minst ein gong i året. Revisjonen meiner individuell oppfølging av tilsynsførarane gir ei god ramme for avklaring av forventningar mellom tilsynsførar og barneverntenesta, samstundes som barneverntenesta kan nytte slike møte til å gje tilbakemeldingar til tilsynsførarar som ikkje utfører oppdraget på ein tilfredsstillande måte.

5.4.6 Synspunkt frå fosterforeldre som brukargruppe

Revisjonen meiner at resultatata frå brukarundersøkinga til fosterforeldre samla sett gir eit relativt positivt bilete av korleis fosterforeldra opplever at dei blir følgt opp av barneverntenesta i Lindås kommune.

Revisjonen opplever det som særleg positivt at fosterforeldra opplever at dei får dei forsterkningstiltaka dei har behov for. Dei fleste fosterforeldra opplever at forsterkingstiltaka er relevante for å møte utfordringar hos barn og foreldre, og at tiltaka blir utført på ein god måte. Samstundes viser svarar at det også her er eit forbettringspotensiale.

Som det går fram tidlegare i denne vurderinga, meiner revisjonen det er forbettringspotensial i barneverntenesta si oppfølging av (enkelte) fosterforeldre når det gjeld rettleiing og besøk frå barneverntenesta (punkt 5.2.3 og 5.2.4), jamleg gjennomgang av fosterheimsavtalar (5.2.2) og informasjon om og samarbeid kring barnet sin omsorgsplan (punkt 5.2.5). Vidare viser resultatata frå spørjeundersøkinga at det er forbettringspotensial når det mellom anna gjeld tilrettelegging frå barneverntenesta i samband med fosterbarn sitt samvær med biologiske foreldre, samarbeidet med barneverntenesta og tilgjenge til saksbehandlar.

Det er få av fosterforeldra som ikkje er nøgd i det heile med dei ulike sidene ved barneverntenesta si oppfølging. Revisjonen meiner det er viktig at barneverntenesta sikrar at alle fosterforeldre får godt og tilrettelagt tilbod frå barneverntenesta.

Sjølv om det er Bufetat som har ansvar for at fosterheimane får opplæring og for å gjennomføre slik opplæring, meiner revisjonen at kommunen har ei rolle i å gje informasjon og tilbod til fosterheimane slik at dei kan delta på opplæring for fosterforeldre. Barneverntenesta bør etter revisjonen si vurdering sikre at alle fosterforeldre får naudsynt informasjon om opplæringstilbod.

Spørjeundersøkinga viser at dei fleste fosterforeldra meiner at tilsynsførar sin kontakt med og oppfølging av fosterbarnet fungerer svært godt, medan dette i ei sak ikkje fungerer fullt ut. Revisjonen meiner det er viktig at barneverntenesta har fokus på om tilsynsordninga fungerer på ein god måte for alle borna.

6. Tilrådingar

På bakgrunn av funna i rapporten tilrår revisjonen at barneverntenesta i Lindås kommune:

- 1) Utviklar eit system for å hente inn erfaringar frå barn og foreldre i samsvar med forskrift om internkontroll for barneverntenesta, § 4e.
- 2) Gir jamleg informasjon til skular, barnehagar og andre relevante samarbeidspartar om til dømes barneverntenesta si rolle, samarbeid med barneverntenesta og om å melde til barnevernet.
- 3) Sikrar at barneverntenesta etterlever eigne rutinar om å gje tilbakemelding til offentlege og private meldarar etter motteke melding, og til offentlege meldarar etter gjennomført undersøking, i samsvar med bvl § 6-7a.
- 4) Sikrar at barneverntenesta etterlever eigne rutinar knytt til å formidle naudsynt informasjon om iverksette tiltak til meldarar, jf. bvl § 6-7 a, 4. ledd.
- 5) Vurderer om barneverntenesta sin rutine for å vurderer om andre samarbeidspartar enn meldar bør få informasjon om iverksette tiltak, er tilstrekkeleg.
- 6) Sikrar at barneverntenesta sine undersøkingar blir gjennomført innan lovpålagt tidsfrist, jf. barnevernlova 6-9, 1. ledd.
- 7) Følgjer eigne rutinar om å skriftleggjere barneverntenesta sin konklusjon frå slutførte undersøkingar, og formidlar denne informasjonen til partane i saka.
- 8) Sikrar at alle barn som mottar hjelpetiltak, har tiltaksplan, jf. bvl § 4-5.
- 9) Sikrar at rapportering til fylkesmannen og KOSTRA om tiltaksplanar og omsorgsplanar er korrekt.
- 10) Vurderer å utarbeide ei rutine for å hente inn skriftleg samtykke frå partane i saka i samband med tildeling av hjelpetiltak, jf. tilråding i departementet sin rutinehandbok.
- 11) Sikrar at det alltid blir gjennomført evaluering av tiltaksplanar i samsvar med barnevernlova § 4-5.
- 12) Vurderer å innføre ein felles dokumentasjonspraksis for utforming og evaluering av tiltaksplanar.
- 13) Sikrar at godkjenning av fosterheimar blir dokumentert.
- 14) Sikrar at det blir inngått fosterhjemsavtale med alle fosterheimar, og at fosterhjemsavtalen blir gjennomgått årlig, i samsvar med forskrift om fosterhjem § 6.
- 15) Vurderer å innføre eit system for evaluering av rettleiingstilbodet til fosterforeldre.

- 16) Gjennomfører besøk i fosterheimane i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.
- 17) Sikrar at det blir fatta enkeltvedtak i samband med eventuell reduksjon i talet på fosterheimsbesøk, i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.
- 18) Sikrar at fosterforeldre har informasjon om at barnet har omsorgsplan og om innhaldet i denne, og at det blir henta inn synspunkt frå fosterforeldre i samband med utarbeiding/ending av omsorgsplan.
- 19) Sikrar at fosterbarn barneverntenesta har tilsynsansvar for, får tilsyn i samsvar med forskrift om fosterheim § 8.
- 20) Sikrar at alle fosterforeldre får naudsynt informasjon om opplæringstilbod.

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmann

Revisjonen fekk tilsendt følgjande høyringsuttale frå rådmannen i Lindås kommune på e-post 01.12.2013:

Høyringsuttale frå administrasjonen om forvaltningsrevisjonsrapporten, Barneverntenesta

Viser til høyringsutkastet tilsendt rådmannen november 2013.

Rådmannen og barneverntenesta meiner det har vore greitt å ha ein forvaltningsrevisjon av barneverntenesta for å få satt fokus på betringsområder. Barneverntenesta vil få fram at revisjonen har tatt mykje tid frå deira kjerneområder. Dei har og opplevd å ha for korte fristar på seg ved tilbakemeldingar til revisjonen.

Når det gjeld revisjonen sine tilrådingar er det lista opp 21 punkt. Mange av punkta har barnevernet hatt rutinar og tiltak på lenge, dette gjeld bl.a. punkt 3,4,5,6,7 som heng saman og som omfattar rutinar. Revisjonen har fått tilsendt alle rutinane. Punkt 8, 11, 12,16 og 19 heng og saman og handlar om planer og evaluering.

Barneverntenesta i Lindås har ein stabil bemanning, høg kompetanse og kjøper lite tenester av eksterne sakkynndige, då tenesta har personale med høg kompetanse sjølv og lang barnevernerfaring og har 2 psykologar tilsett.

Frå kommunen si side vil vi og peike på at slik ein kan lese kommentaren frå Bufetat, ser det ut som om Lindås kommune har prøvd å finne løysningar som respons på nedbygginga av Bufetat. Dersom ein ser på tidsaspektet i relasjon til Lindås kommune si satsing på å kompetanseheve sine spesialiserte tenester – herunder og barnevernet si oppretting av eigne tiltak. Eit eksempel på dette er igangsetting av Familierettleiingsgruppa. Her går det tydeleg fram at det har vore eit proaktivt val med oppstart 01.01.2008, lenge før endringane i Bufetat tok til og også endringa i barnevernet var annonsert. Lindås kommune har dei siste 6 åra hatt eit uttalt fokus på sentralt å styrkje kompetansen. Bufetat har dei seinare åra avvikla fleire tiltak som COS, individuell rettleiing til kommunale fosterheimar, kriseteam og akuttinstitusjonar for barn under 12 år.

Lindås kommune har gjennom mange år satsa på å byggje opp eigne hjelpetiltak til barn og familiar som treng hjelp frå barneverntenesta. Tenesta har tre rettleiarar, fire tilsette har Cos-utdanning, som handlar om kommunikasjon med barn i et tilknytingsperspektiv. Det blir arrangert kurs både for foreldre og for barnehagepersonell i kommunen og individuell rettleiing både heime og på kontoret. Tenesta tilbyr og avlastning, støttepersoner, økonomisk støtte osv. Barneverntenesta i Lindås kan sjølv tilby eit breitt spekter av gode og relevante hjelpetiltak og kjøper få tiltak frå eksterne.

Barneverntenesta si omsorgsgruppe har vore underbemanna over tid, grunna langtidssjukemeldingar og for lav bemanning. Dette har ført til at nokon få fosterheimar ikkje har

fått den oppfølginga som barnevernlova krev. Barneverntenesta fekk ei stilling av den statlige styrkinga av tenesta i 2013. Denne stillinga er plassert i omsorgsgruppa.

Rådmannen har ved sin gjennomgang av forvaltningsrevisjon av barnevernet sett at revisjonen har funne betringsområder og kome med tilrådingar. Tenesta har gått igjennom desse og kommenterer desse punktvis.

6. Tilrådingar

På bakgrunn av funna i rapporten tilrår revisjonen at barneverntenesta i Lindås kommune:

- 1) Utviklar eit system for å hente inn erfaringar frå barn og foreldre i samsvar med forskrift for internkontroll for barneverntenesta, § 4e.

Kommentar: Rådmannen er samd i dette, men det vil krevje ressursar. Barneverntenesta vurderer at dette bør utførast av eksterne og at ein prioriterer brukarundersøkingar som i første omgang må rettast mot foreldre som mottar hjelpetiltak etter barnevernloven § 4-4. Det må setjas av midlar til dette.

- 2) Gir jamleg informasjon til skolar, barnehagar og andre relevante samarbeidspartar om til dømes barnevernet si rolle, samarbeid med barneverntenesta og om å melde til barnevernet.

Kommentar: Barneverntenesta har gitt og gir tilbod om informasjon om sin rolle, samarbeid og om å melde til barnevernet. Barnevernet kan ikkje aleine ha ansvar for opplæring av personale i andre tenester.

- 3) Sikrar at barneverntenesta gir tilbakemelding til offentlege og private meldarar etter motteke melding, og til offentlege meldarar etter gjennomført undersøking, i samsvar med bvl. § 6-7a.

Kommentar: Barneverntenesta har heile tida hatt rutinar for dette. Barneverntenesta har skriftlege rutinar for tilbakemelding til meldar om at melding er mottatt og om det er sett i gang undersøking. Dersom det er satt i gang tiltak og det er nødvendig for melder å vite det for å ivareta barnet, blir melder orientert og får den informasjon som trengs. Foreldre må være samd i at informasjon vært gitt i dei fleste tilfelle.

- 4) Sikrar at barneverntenesta formidlar naudsynt informasjon om iverksette tiltak til meldarar, jf bvl § 6-7a 4.ledd.

Kommentar: Barneverntenesta har rutine på dette.

- 5) Utarbeider rutinar for å sikre at det ved igangsetting av tiltak frå barneverntenesta alltid blir vurdert om andre samarbeidspartar enn meldar bør ha informasjon om tiltaket for å kunne tilpasse sitt tilbod til barnet sin situasjon.

Kommentar: Dette har barnevernet heile tida hatt rutine for.

- 6) Sikrar at barneverntenesta sine undersøkingar blir gjennomført innan lovpålagt tidsfrist, jf. Barnevernloven § 6-9, 1. ledd.

Kommentar: Barneverntenesta har rutinar på dette og tiltaket er i gang. I forhold til kvartalsrapportering og halvårsrapportering har barneverntenesta lite overskridingar av fristar, men m.a. grunna langvarig sjukefråvær har det vært nokre få overskridingar. Barnevernet er og pålagt å gjera greie for kvart enkelt brot på fristar av undersøkingar til fylkesmannen i halvårsrapportene. Dette vert gjort.

- 7) Følgjer egne rutinar om å skriftleggjere barneverntenesta sin konklusjon frå slutførte undersøkingar, og formidlar informasjonen til partane i saka.

Kommentar: Vi har denne rutinen og følgjer den.

- 8) Sikrar at alle barn som mottar hjelpetiltak har tiltaksplan, jf. Barnevernloven § 4-5.

Kommentar: Dette er tiltak som er lovfesta, og alle har i dag tiltaksplan.

- 9) Sikrar at rapportering til fylkesmannen og KOSTRA om tiltaksplanar og omsorgsplanar er korrekt.

Kommentar: Dette vert det arbeidd med og ny versjon av sakshandsamingssystemet har gjort dette lettare.

- 10) Vurderer å utarbeide ei rutine for å hente inn skriftleg samtykke frå partane i saka i samband med tildeling av hjelpetiltak, jf. tilråding i departementet sin rutinehandbok.

Kommentar: Dette punktet er barneverntenesta ikkje samd i. I alle saker som omhandlar hjelpetiltak i familien blir det fatta vedtak (som kan påklagast) og det blir laga tiltaksplan. Barnevernet har ikkje myndighet til å påtvinge hjelpetiltak, da dette er frivillige tiltak som familien kan sei nei til.

- 11) Sikrar at det alltid blir gjennomført evaluering av tiltaksplanar i samsvar med barnevernlova § 4-5.

Kommentar: Dette er planlagt. I barnevernet sin kompetanseplan for 2014 er eit av fokusområda kvalitetssikring og kvalitetsmåling av tenesta.

- 12) Vurderer å innføre ein felles dokumentasjonspraksis for utforming og evaluering av tiltaksplanar.

Kommentar: Dette er planlagt og vil vere ein del av tenesta sin kompetanseplan.

- 13) Vurderer om barneverntjenesta har tilstrekkelege rutinar for å sikre at familie- og nettverksplassing alltid blir vurdert i samband med val av fosterheim.

Kommentar: Barneverntenesta vurderer alltid plassering i familie eller nettverk når barn skal plasserast i fosterheim. Dette er lovbestemt. Av 11 fosterheimsplasseringar i 2013 er 7 barn/ungdom plassert i familie eller nettverk.

- 14) Sikrar at godkjenning av fosterheimar blir dokumentert.

Kommentar: Barneverntenesta vil dokumentere godkjenning i det eine tilfellet der dokumentasjon manglar, samt foreta grundig gjennomgang av at alle krav vert følgt opp ved nye plasseringar. Alle fosterheimar, bortsett frå det revisjonen fant er dokumentert. Nokon gangar skjer det at barneverntenesta først må handle og så dokumentere handlinga (akutte saker). Viser her til forvaltningsloven.

- 15) Sikrar at det blir inngått fosterheimsavtale med alle fosterheimar, og at fosterheimsavtalen blir gjennomgått årleg, i samsvar med forskrift om fosterhjem §6.

Kommentar: Barneverntenesta inngår skriftlige fosterheimsavtaler med alle fosterheimane. Ein fosterheim manglar avtale og dette vil bli retta opp. Til no har ein ikkje klart å gå igjennom alle detaljane i alle avtalene med fosterheimane. Det vil bli laga ein plan for slik gjennomgang, slik at ein når over alle.

- 16) Vurdere å innføre eit felles system for evaluering av rettleiingstilbodet til fosterforeldre.

Kommentar: Barneverntenesta vil vurdere å innføre eit system for rettleiingstilbodet til fosterforeldre.(barneverntenesta er usikker på kva som meinast med denne tilrådinga)

- 17) Gjennomfører besøk i fosterheimane i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.

Kommentar: Barneverntenesta freistar å oppfylle krava om besøk i fosterheimane.

- 18) Sikrar at det blir fatta enkeltvedtak i samband med eventuell reduksjon av talet på fosterheimsbesøk, i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.

Kommentar: Det er laga ein vedtaksmal til dette bruk.

- 19) Sikrar at fosterforeldre har informasjon om at barnet har omsorgsplan og om innhaldet i denne, og at det blir henta inn synspunkt frå fosterforeldre i samband med utarbeiding/ending av omsorgsplan.

Kommentar: Fosterforeldra blir tatt med i drøftingar om innhaldet i omsorgsplanane. Det blir lagt opp til at ein gjennomgår desse årleg saman med fosterforeldra. Alle barn som er under omsorg av barneverntenesta i Lindås har omsorgsplan.

- 20) Sikrar at fosterbarn barneverntjenesta har tilsynsansvar for, får tilsyn i samsvar med forskrift for fosterheim § 8.

Kommentar: Ein vil følgje opp at tilsynsførarane vitjar og leverer rapporter etter avtale og purre dersom dette ikkje vert gjort. Barneverntenesta i Lindås ser det som ei utfordring å rekruttere nok tilsynsførarar til fosterbarn som bor i Lindås kommune. Det blir fortløpande arbeid med å rekruttere nok tilsynsførarar og følgje opp at barna får det tilsyn som dei etter barnevernloven skal ha. Barnevernet arbeider aktivt med rekruttering og forbetring av oppfølginga av barn som tenesta har oppfølgingsansvar for.

- 21) Sikre at alle nye fosterforeldre får naudsynt informasjon om opplæringstilbod.

Kommentar: Dersom ein her sikter til Pride-opplæringa, så er denne opplæringa retta inn mot fosterforeldre som vurderer å bli fosterforeldre. Det er Bufetat som har ansvar for opplæring av fosterforeldre og PRIDE-kurs er eit tilbod frå Bufetat til personar som vurderer å bli fosterforeldre.

Vedlegg 2: Revisjonen sitt svar på rådmannen sin høyringsuttale

I sin høyringsuttale av 01.12.2013, har rådmannen i Lindås kommune kommentert revisjonen sine tilrådingar. Revisjonen har kommentert nokre av svara under ([revisor sine kommentarar i blått](#)):

Frå høyringsuttalen:

- 1) Utviklar eit system for å hente inn erfaringar frå barn og foreldre i samsvar med forskrift for internkontroll for barneverntenesta, § 4e.

Kommentar: Rådmannen er samd i dette, men det vil krevje ressursar. Barneverntenesta vurderer at dette bør utførast av eksterne og at ein prioriterer brukarundersøkingar som i første omgang må rettast mot foreldre som mottar hjelpetiltak etter barnevernloven § 4-4. Det må setjas av midlar til dette.

- 2) Gir jamleg informasjon til skolar, barnehagar og andre relevante samarbeidspartar om til dømes barnevernet si rolle, samarbeid med barneverntenesta og om å melde til barnevernet.

Kommentar: Barneverntenesta har gitt og gir tilbod om informasjon om sin rolle, samarbeid og om å melde til barnevernet. Barnevernet kan ikkje aleine ha ansvar for opplæring av personale i andre tenester.

[Revisjonen sine kommentarar](#): Revisjonen sitt tiltak nr. 2) er basert på informasjon frå intervju med barneverntenesta og samarbeidande instansar, der det går fram at barneverntenesta har eit tilbod om meldekurs som samarbeidande instansar har vore nøgd med, men at enkelte samarbeidspartar ikkje har fått tilbod om eit slikt kurs på nokre år.

Samarbeidande instansar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at dei sender meldingar til barneverntenesta, og dette er nedfelt i mellom anna opplæringslova (§ 15-3) og barnehagelova (§ 22). Revisjonen meiner likevel at barneverntenesta bør drive eit jamleg informasjonsarbeid overfor samarbeidande instansar for å sikre at barneverntenesta følgjer opp plikta til å drive førebyggjande arbeid, jf. barnevernlova § 3-1.

- 3) Sikrar at barneverntenesta gir tilbakemelding til offentlege og private meldarar etter motteke melding, og til offentlege meldarar etter gjennomført undersøking, i samsvar med bvl. § 6-7a.

Kommentar: Barneverntenesta har heile tida hatt rutinar for dette. Barneverntenesta har skriftlege rutinar for tilbakemelding til meldar om at melding er mottatt og om det er sett i gang undersøking. Dersom det er satt i gang tiltak og det er nødvendig for melder å vite det

for å ivareta barnet, blir melder orientert og får den informasjon som trengs. Foreldre må være samd i at informasjon vært gitt i dei fleste tilfelle.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 3) er basert på informasjon frå intervju med barneverntenesta og samarbeidande instansar, der det går fram at det ikkje alltid blir sendt tilbakemelding til meldar. To samarbeidspartar gir også uttrykk for at den tilbakemeldinga dei har fått, ikkje har inneholdt informasjon om det er sett i verk ei undersøking, slik tilbakemeldinga skal etter barnevernlova § 6-7a. Revisjonen er innforstått med at barneverntenesta har ei rutine og ein mal for tilbakemelding til meldar, dette går også fram av rapporten sin datadel. Barneverntenesta må sikra at rutinane blir etterlevd, og at det om nødvendig blir innført kontrollar for å avdekke avvik frå rutinen.

Revisjonen har presisert dette tiltaket i lista over tilrådde tiltak i den endelege rapporten.

- 4) Sikrar at barneverntenesta formidlar naudsynt informasjon om iverksette tiltak til meldarar, jf. bvl § 6-7a 4.ledd.

Kommentar: Barneverntenesta har rutine på dette.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 4) er basert på informasjon frå intervju med barneverntenesta og samarbeidande instansar, der det går fram at det ikkje alltid blir sendt tilbakemelding til meldar etter ferdigstilt undersøking. Revisjonen har fått opplyst i intervju at barneverntenesta har ein rutine og mal for tilbakemelding til meldar etter ferdigstilt undersøking. Dette går også fram av rapporten sin datadel. Barneverntenesta må sikra at rutinane blir etterlevd, og at det om nødvendig blir innført kontrollar for å avdekke avvik frå rutinen.

Revisjonen har presisert dette tiltaket i lista over tilrådde tiltak i den endelege rapporten.

- 5) Utarbeider rutinar for å sikre at det ved igangsetting av tiltak frå barneverntenesta alltid blir vurdert om andre samarbeidspartar enn meldar bør ha informasjon om tiltaket for å kunne tilpasse sitt tilbod til barnet sin situasjon.

Kommentar: Dette har barnevernet heile tida hatt rutine for.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 5) er basert på informasjon i intervju frå samarbeidande instansar. Samarbeidande instansar gir uttrykk for at dei opplever å ikkje få tilstrekkeleg informasjon om dei tiltak barneverntenesta har sett i verk, slik at dei kan legge til rette for barnet på ein god måte. I kva grad andre instansar skal få informasjon om tiltak frå barneverntenesta, er det barneverntenesta som må vurdere med utgangspunkt i sitt faglege skjønn. Barneverntenesta har høve til å innhente samtykke frå foreldre til å formidle informasjon til samarbeidande instansar. I tilfelle der foreldra ikkje ønskjer dette, er det likevel alltid barnet sitt beste som skal vere det viktigaste kriteriet i vurderingar kring teieplikta og utveksling av opplysningar. Med bakgrunn i dette meiner revisjonen at barneverntenesta bør vurdere om rutinen for å gje samarbeidspartar (andre enn meldar) informasjon om iverksette tiltak, er tilstrekkeleg.

Revisjonen har presisert dette tiltaket i lista over tilrådde tiltak i den endelege rapporten.

- 6) Sikrar at barneverntenesta sine undersøkingar blir gjennomført innan lovpålagt tidsfrist, jf. Barnevernloven § 6-9, 1. ledd.

Kommentar: Barneverntenesta har rutinar på dette og tiltaket er i gang. I forhold til kvartalsrapportering og halvårsrapportering har barneverntenesta lite overskridingar av fristar, men m.a. grunna langvarig sjukefråvær har det vært nokre få overskridingar. Barnevernet er og pålagt å gjera greie for kvart enkelt brot på fristar av undersøkingar til fylkesmannen i halvårsrapportene. Dette vert gjort.

- 7) Følgjer eigne rutinar om å skriftleggjere barneverntensta sin konklusjon frå slutførte undersøkingar, og formidlar informasjonen til partane i saka.

Kommentar: Vi har denne rutinen og følgjer den.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 7) er basert på gjennomgåtte stikkprøvar, der det går fram at barneverntenesta i to av fem undersøkingar ikkje har etterlevd eigne rutinar om å skrive undersøkingsrapport ved slutført undersøking. Barneverntenesta må sikra at eigen rutine blir etterlevd, og at det om nødvendig blir innført kontrollar for å avdekke avvik frå rutinen.

- 8) Sikrar at alle barn som mottar hjelpetiltak har tiltaksplan, jf. barnevernlova § 4-5.

Kommentar: Dette er tiltak som er lovfesta, og alle har i dag tiltaksplan.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 8) er basert på gjennomgåtte stikkprøvar og opplysningar frå barneverntenesta. Stikkprøvegjennomgangen viste at det i ei av ni gjennomgåtte hjelpetiltakssaker ikkje låg føre gyldig tiltaksplan, sjølv om hjelpetiltaket var i drift. Barneverntenesta må sikra at eigen rutine blir etterlevd, og at det om nødvendig blir innført kontrollar for å avdekke avvik frå rutinen.

- 9) Sikrar at rapportering til fylkesmannen og KOSTRA om tiltaksplanar og omsorgsplanar er korrekt.

Kommentar: Dette vert det arbeidd med og ny versjon av sakshandsamingssystemet har gjort dette lettare.

- 10) Vurderer å utarbeide ein rutine for å hente inn skriftleg samtykke frå partane i saka i samband med tildeling av hjelpetiltak, jf. tilråding i departementet sin rutinehandbok.

Kommentar: Dette punktet er barneverntenesta ikkje samd i. I alle saker som omhandlar hjelpetiltak i familien blir det fatta vedtak (som kan påklagast) og det blir laga tiltaksplan. Barnevernet har ikkje myndighet til å påtvinge hjelpetiltak, da dette er frivillige tiltak som familien kan sei nei til.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 10) er basert opplysningar frå barneverntenesta, der det går fram at tenesta ikkje alltid hentar inn skriftleg samtykke til iverksetting av hjelpetiltak. I departementet si «Rutinehandbok for barneverntjenesten i kommunene» står det at: «Det skal innhentes skriftlig samtykke fra alle som er part i saken.» Skriftleg samtykke til hjelpetiltak er likevel ikkje eit lovkrav.

- 11) Sikrar at det alltid blir gjennomført evaluering av tiltaksplanar i samsvar med barnevernlova § 4-5.

Kommentar: Dette er planlagt. I barnevernet sin kompetanseplan for 2014 er eit av fokusområda kvalitetssikring og kvalitetsmåling av tenesta.

- 12) Vurderer å innføre ein felles dokumentasjonspraksis for utforming og evaluering av tiltaksplanar.

Kommentar: Dette er planlagt og vil vere ein del av tenesta sin kompetanseplan.

- 13) Vurderer om barneverntenesta har tilstrekkelege rutinar for å sikre at familie- og nettverksplassing alltid blir vurdert i samband med val av fosterheim.

Kommentar: Barneverntenesta vurderer alltid plassering i familie eller nettverk når barn skal plasserast i fosterheim. Dette er lovbestemt. Av 11 fosterheimsplasseringar i 2013 er 7 barn/ungdom plassert i familie eller nettverk.

[Revisjonen sine kommentarar: På bakgrunn av barneverntenesta sine opplysningar i høyringsuttalen om at ein har ein rutine for at dette alltid blir vurdert, har revisjonen tatt ut dette tiltaket frå lista over tilrådde tiltak i den endelege rapporten.](#)

- 14) Sikrar at godkjenning av fosterheimar blir dokumentert.

Kommentar: Barneverntenesta vil dokumentere godkjenning i det eine tilfellet der dokumentasjon manglar, samt foreta grundig gjennomgang av at alle krav vert følgt opp ved nye plasseringar. Alle fosterheimar, bortsett frå det revisjonen fant er dokumentert. Nokon gongar skjer det at barneverntenesta først må handle og så dokumentere handlinga (akutte saker). Viser her til forvaltningsloven.

- 15) Sikrar at det blir inngått fosterheimsavtale med alle fosterheimar, og at fosterheimsavtalen blir gjennomgått årleg, i samsvar med forskrift om fosterhjem § 6.

Kommentar: Barneverntenesta inngår skriftlege fosterheimsavtaler med alle fosterheimane. Ein fosterheim manglar avtale og dette vil bli retta opp. Til no har ein ikkje klart å gå igjennom alle detaljane i alle avtalene med fosterheimane. Det vil bli laga ein plan for slik gjennomgang, slik at ein når over alle.

- 16) Vurdere å innføre eit felles system for evaluering av rettleiingstilbodet til fosterforeldre.

Kommentar: Barneverntenesta vil vurdere å innføre eit system for rettleiingstilbodet til fosterforeldre.(barneverntenesta er usikker på kva som meinast med denne tilrådinga)

- 17) Gjennomfører besøk i fosterheimane i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.

Kommentar: Barneverntenesta freistar å oppfylle krava om besøk i fosterheimane.

- 18) Sikrar at det blir fatta enkeltvedtak i samband med eventuell reduksjon av talet på fosterheimsbesøk, i samsvar med forskrift om fosterheim § 7.

Kommentar: Det er laga ein vedtaksmal til dette bruk.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 18) er basert på gjennomgånne stikkprøvar, der revisjonen fann at det ikkje var fatta enkeltvedtak om reduksjon i talet på fosterheimsbesøk i to saker der revisjonen har fått opplyst at det var avgjort at talet på fosterheimsbesøk var redusert. Barneverntenesta må sikra at eigen rutine blir etterlevd, og at det om nødvendig blir innført kontrollar for å avdekke avvik frå rutinen.

- 19) Sikrar at fosterforeldre har informasjon om at barnet har omsorgsplan og om innhaldet i denne, og at det blir henta inn synspunkt frå fosterforeldre i samband med utarbeiding/ending av omsorgsplan.

Kommentar: Fosterforeldra blir tatt med i drøftingar om innhaldet i omsorgsplanane. Det blir lagt opp til at ein gjennomgår desse årleg saman med fosterforeldra. Alle barn som er under omsorg av barneverntenesta i Lindås har omsorgsplan.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 19) er basert på svar frå spørjeundersøkinga til fosterforeldre, der seks av femten fosterforeldre svarar at dei ikkje veit om barnet har omsorgsplan. Av dei fosterforeldra som kjenner at barnet har ein omsorgsplan, svarar ein av åtte *nei* til at barneverntenesta har innhenta synspunkt frå dei som fosterforeldre ved utarbeiding/ending av omsorgsplan.

- 20) Sikrar at fosterbarn barneverntjenesta har tilsynsansvar for, får tilsyn i samsvar med forskrift for fosterheim § 8.

Kommentar: Ein vil følgje opp at tilsynsførarane vitjar og leverer rapporter etter avtale og purre dersom dette ikkje vert gjort. Barneverntenesta i Lindås ser det som ei utfordring å rekruttere nok tilsynsførarar til fosterbarn som bor i Lindås kommune. Det blir fortløpande arbeid med å rekruttere nok tilsynsførarar og følgje opp at barna får det tilsyn som dei etter barnevernloven skal ha. Barnevernet arbeider aktivt med rekruttering og forbetring av oppfølginga av barn som tenesta har oppfølgingsansvar for.

- 21) Sikre at alle nye fosterforeldre får naudsynt informasjon om opplæringstilbod.

Kommentar: Dersom ein her sikter til Pride-opplæringa, så er denne opplæringa retta inn mot fosterforeldre som vurderer å bli fosterforeldre. Det er Bufetat som har ansvar for opplæring av fosterforeldre og PRIDE-kurs er eit tilbod frå Bufetat til personar som vurderer å bli fosterforeldre.

Revisjonen sine kommentarar: Revisjonen sitt tiltak nr. 21) er basert på svar frå spørjeundersøkinga til fosterforeldre. Her går det fram at ikkje alle fosterforeldre har delteke på opplæring, og at ikkje alle har fått tilbod om PRIDE-kurs. Revisjonen vil her kommentere at Bufetat tilbyr fleire typar PRIDE-kurs, under dette både grunnkurs, kurs for slekt og nettverk og vidaregåande kurs. Sjølv om det er Bufetat som har ansvar for at fosterheimane får opplæring og for å gjennomføre slik opplæring, meiner revisjonen at

kommunen har ei rolle i å gje informasjon til fosterheimane, slik at dei kan delta på opplæring for fosterforeldre.

Vedlegg 3: Oversikt over sentrale dokument og litteratur

Lover og forskrifter

Lov om barneverntjenester (barnevernloven). LOV-1992-07-17-100.

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven). LOV-1967-02-10.

Forskrift om internkontroll for kommunens oppgaver etter lov om barneverntjenester. FOR-2005-12-14-1584.

Forskrift om fosterhjem. FOR-2003-12-18-1659.

Lovkommentarer, rettleiarar, standardar og sentrale føringar

Barne- og likestillingsdepartementet: *Internkontroll i barneverntjenesten i kommunene – en veileder*, 2006.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. 5.september 2012. Høringsnotat – forslag til endringer i lov 17.juli 1992 nr.100 om barneverntjenester (barnevernloven) med tilhørende forskrifter.

Barne- og likestillingsdepartementet: Rundskriv Q-24/2005: Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten.

Barne- og likestillingsdepartementet: *Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barneverntjenesten – en veileder*, 2006.

Barne- og likestillingsdepartementet: *Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene*, 2006.

Barne- og likestillingsdepartementet: *Rutinehåndbok for kommunenes arbeid med fosterhjem*, 2006.

NOU 2009:8: *Kompetanseutvikling i barnevernet*.

Norges kommunerevisorforbund: *RSK 001 - Standard for forvaltningsrevisjon*.

Statistikk

KOSTRA (Kommune Stat Rapportering). <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>

Rapportering til fylkesmannen frå barneverntenesta i Lindås kommune. 2011-2012

Dokument frå Lindås kommune

Brev frå barneverntenesta i Lindås til Fylkesmannen. Forklaring på kvifor barneverntenesta har brukt meir enn seks månader på undersøkingar i 2011 og 2012.

Lindås kommune, barneverntenesta: Mal for vedtak om redusering av fosterheimsbesøk.

Lindås kommune, barneverntenesta: Oppgave og ansvarsfordeling.

Lindås kommune, barneverntenesta: Rutine for Veiledningsgruppen - Nærmiljøtiltaket.

Lindås kommune, barneverntenesta: Mal for tilbakemelding til melder.

Lindås kommune, barneverntenesta: Brev til revisjonen med omtale av organisering, hjelpetiltak, brukarundersøkingar, meldingar, samarbeid med andre kommunar, fosteheimsarbeid mv.

Lindås kommune, barneverntenesta: Mal for melding i barnevernsak.

Lindås kommune, barneverntenesta: Meldestatistikk. Prosentvis fordeling av innkomne meldingar frå ulike melderinstansar.

Lindås kommune, barneverntenesta: Rutine for fagleg samhandling for barn og unge i Lindås kommune. "Samordningsgruppa for barn og unge". 21.juni 2010.

Lindås kommune, barneverntenesta: Rutinehandbok

Lindås kommune, barneverntenesta: Skjema for evaluering av COS.

Møteprotokoll frå møte i kommunestyret i Lindås kommune, 17.10.2013

Rapportering frå barneverntenesta i Lindås kommune til Fylkesmannen i Hordaland, 2011 og 2012.